- b. vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene*
- c. virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne*
- d. tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard*
- e. den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling*
- f. hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.*

Årsberetningene skal avgis senest 31. mars"

Vidare fylgjer det av kommunelova § 14-3, 2., ledd at årsmeldinga og årsrekneskapen skal handsamast politisk seinast 30. juni påfølgande år.

Av kommunelova § 25-2 fylgjer det at:

"Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året."

I Solund kommune vert dette også nærare omtala som eit eige kapittel i årsmeldinga. Omtalen av statlege tilsyn har ikkje kome med i år og vart påpeika under handsaminga i kontrollutvalet.


Det har vore 2 statlege tilsyn i 2024:

- Tilsyn etter folkehelselova – Statsforvaltaren
- Tilsyn med Hardbakke vassverk – Mattilsynet

Tilsynet med folkehelselova var felles for alle kommunane, og der kom det ingen merknad. På tilsynet med Hardbakke vassverk fekk kommunen merknad knytt til farekartlegging og farehandtering. Mattilsynet valde lågaste sanksjon som er skriftleg rettleiing.

Vurdering:

Kommunedirektøren vurderer at årsmeldinga utfyller årsrekneskapen godt og at dei saman gjev eit godt oversyn over driften av Solund kommune i 2024.



Solund kommune

Årsmelding 2024

VEDTEKE I SOLUND KOMMUNESTYRE XXX 2025 | K-SAK XXX/XX

Innhold

Innleiing	4
Folketal og demografiutvikling	6
Politisk organisering og aktivitet	9
Administrativ organisering	12
Ikkje økonomiske mål og måloppnåing	12
Overordna økonomiske kommentarar	13
Økonomiske måltal og overordna resultat	13
Driftsinntekter	14
Driftsutgifter	15
Rapporter frå den daglege drifta	17
Stab	18
Politikk – administrasjon – felles – m.m	18
Bustadforvaltning m.m	19
Flyktingarbeid	19
Oppvekst og kultur	20
Solund barnehage	20
Solund barne- og ungdomsskule	22
Felles oppvekst og kultur – ansvar 220	26
Kultur	28
Biblioteket	28
Solund kulturskule	29
Ungdomsråd og ungdomssatsing	31
Barnevern	31
Helse- og omsorg	32
Lækjarteneste	33
Helsestasjon/skulehelsetenesta	34
Kommunepsykologtenesta	35
Rus/psykiatri og friskliv	36
Fysioterapitenesta	38
Sjukeheim/heimetenesta/miljøteneste (PU)	38
Ergoterapitenesta/dagsenter	39
Kjøkken, vaskeri og reinhald	41
Samfunns- og næringsutvikling	42
Samfunns- og næringsutvikling	42
Frivilligsentralen og Gjenbruket	42

Folkehelsearbeid	42
NAV.....	43
Plan og tekniske tenester	44
Overordna/kommunedirektør	47
Investeringar.....	49
Sjuefråvær, internkontroll, likestilling og etisk standard	54
Sjuefråvær	54
Internkontroll	54
Likestilling	55
Etisk standard	55

Innleiing

2024 er eit år der det skjer mykje positivt i Solund. 2024 har gitt oss gode havbruksinntekter. Vi har mange viktige prosjekter i arbeid. Sektor for oppvekst og kultur arbeider godt med «BTI» betre tverrfagleg innsats blant barn og unge. Helse og omsorg har framleis utfordringar med rekruttering. Vi er no i gang med den naudsynte oppussinga på Solund Helsetun. Samfunn og næringsutvikling arbeider godt med det pågåande folkehelseprosjektet og forbereda seg til arbeid i Bygdevekstprosjektet. Avtalen med KDD (Kommunal- og distriktsdepartementet) om at Fedje og Solund vert ein av dei nye pilotane i Bygdevekstprogrammet blei annonsert av Erling Sande den 9. januar.

Krigen i Ukraina og i Midtausten fortset og påverkar alle over heile Europa. Konsekvensane av krigen påverkar oss alle, den kommunale drifta, innbyggjarane og næringslivet på mange ulike plan. I 2024 tok vi i mot 4 flyktningar frå Ukraina.

Levering av gode tenester til våre innbyggjarar står som alltid som vår hovudprioritet. Kommunen har også i år stort fokus på å utvikle næring, samferdsle og utdanning. Folketalet endrar seg litt frå år til år og ved utgangen av 2024 var vi 740 innbyggjarar i Solund. SSB sine framskrivingar synar at folketalet vil stabiliserer seg omtrent på dagens nivå, men at innbyggjarane i Solund blir eldre. Utfordringa i kommande år blir å få til ei drift som kan møte denne nye demografien.

Byggjekranane på den nye brua over Ytre Steinsund reiser seg og vi ser framdrift i prosjektet frå månad til månad. Senkekassane er på plass og brusøylene veks for kvar veke. Seglingshøgda skal vere 42 meter og lengda på brua vert 811 meter når brua står ferdig i 2026.

I 2024 er det framleis utfordringar med rekruttering. Det er spesielt innan Helse og omsorg, reinhald og økonomi at vi har vanskar med bemanning. I 2025 vil vi i Solund kommune, saman med NAV og dei tillitsvalde jobbe saman for å finne ut korleis vi kan legge til rette for ein reduksjon i sjukefråværet.

Arbeidet med den nye skulen går framover etter planen og entreprenør planlegg overlevering til oss av ferdig skule rundt 1. juli 2025. Vi gler oss allereie til opningsfesten. Modulskulen vil bli demontert og frakta vekk like etter skuleslutt i juni 2025. Ny skule vil gje både elevar og tilsette mykje betre og tidsriktige arbeidsvilkår.

Det er i mange høve utfordrande å samordne lokale planar og lokal utvikling opp mot stadig strengare nasjonale krav og føringar.

- Sektor for Samfunns- og næringsutvikling har framleis stor aktivitet i 2024. Det gode arbeidet med å skapa møteplassar for alle grupper i Solund held fram. Gjenbruket er det pulserande hjarta i kommunen vår og skaper denne viktige møteplassen for heile Solund samfunnet. Arbeid med tilrettelegging av Ekspressbåt anløp på Hardbakke er på slutten av året kome i gong igjen og eit godt samarbeidsklima med Statsforvaltar og fylkeskommune er etablert. I tillegg er arbeidet med ein mogelegheitsstudie for framtidig fiskerihamn i avslutningsfasen. Arbeidet med besøksstrategi og ein skiltplan for heile Solund fortset inn i 2025 og planen er at skiltplan skal være ferdig i byrjinga av 2025 og besøksstrategi ferdig tidleg haust 2025. Sektoren forbereda seg for det spennande bygdevekstprosjektet, som i avtalen med KDD vil halde fram ut 2028.
- Sektor for Oppvekst og kultur brukar mykje ressursar på arbeidet med ny skule. I tillegg vert det arbeida målretta med rekruttering. Kulturskulen sitt e-sport tilbod er tatt godt imot. Barnehagen vil få ein etterlengta oppgradering av uteområdet og ny støyskjerm mot fylkesvegen. Eit anna særst viktig arbeid som er satt i gong i 2024 er «betre tverrfagleg innsats, BTI, der sektoren samla neste 50 kollegaer frå alle sektorar til ein fagdag om korleis vi kan få betre kunnskap om å avdekke vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep mot barn:
 - Kunnskap om tema vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og omsorgssvikt
 - Korleis identifisere teikn og symptom hos barn og unge
 - Korleis samtale med barn og unge om alvorlege forhold
- Sektor for Plan og tekniske tenester har som alltid stor fokus på sine oppgåver mot forvaltning og drift. Sektoren bidreg også sterkt i oppfølging av arbeidet med ny skule. Arbeidet med vedlikehaldsarbeid og oppgradering ved Solund Helsetun har gått for seg i 2024 og fortset inn i 2025. Fasaden mot sør vil bli etterisolert og få ny kledning. Byggjefeltet på Hersvik er ferdig og kommunen har kjøpt molo på Hersvik frå Kystverket, slik at vi sikrar tilgang til kai og molo for alle innbyggjarane i Solund. Sektoren arbeider tett med Samfunns- og næringsutvikling om mogelegheitsstudie for fiskerihamn og nytt kommunehus. Kommunen slutfører forhandlingar med grunneigarar om å overta anleggsområdet i Søre Mortevisa. Vi planlegg signering av avtale i byrjinga av 2025. Vi er i slutfasen i samarbeidet med fylkeskommunen om å få utbeta vegen opp frå Gyltasvingen. Vi vonar oppstart første kvartal 2025.

31. mars 2025


Jens-Eivind Kobbeltvedt

Kommunedirektør

Folketal og demografiutvikling

31. desember 2024 var det 740 innbyggjarar i Solund¹, ned frå 750 året før. Nedgangen skuldast eit fødselsunderskot på 8 personar og ein nettoutflytting på 2 personar. Folketalsnedgangen er ein del av ein trend der Solund kommune har hatt negativ folketaletsutvikling over tid.

Dei siste 20 åra er det berre i perioden 2016-2018 at Solund kommune hatt positiv folketaletsutvikling. I denne perioden busette Solund kommune flyktningar, og ser ein på bakgrunnstala er det innvandring som driver folketaletsoppgangen i denne perioden. Berre eit av dei tre åra har ein fødselsoverskot (+1 i 2017) og berre eit av dei tre åra har ein positiv innanlands nettoinnflytting (+1 i 2018). Også dei siste åra har Solund kommune busett flyktningar, og sjølv om det har hatt ein positiv effekt på folketalet har det ikkje vært nok til å oppretthalde folketalet samla sett.



Ser ein framover synar befolkningsframskrivingane til SSB (MMMM) at nedgangen vil ta av, og at folketalet vil stabilisere seg omtrent på same nivå som i dag.

 **Befolkning i 2030**
2030
746 innbyggere

 **Befolkning i 2050**
2050
778 innbyggere

¹ Alle tal i kapittelet er henta frå SSB. Tabell 01222 (<https://www.ssb.no/statbank/table/01222/>), tabell 14288 (<https://www.ssb.no/statbank/table/14288/>) og tabell 12981 (<https://www.ssb.no/statbank/table/12981/>)

Det er verdt å merke seg at det er stor usikkerheit knytt til befolkningsframskrivingar, og at små endringar i modellane kan gje store utslag. Statistikk er ein ømfintleg øving i Solund. Når ein har 740 i nemnaren vil små endringar i teljaren kunne gje store utslag. Til dømes forventta SSB i fjor at Solund kommune kom til å bli 779 innbyggjarar i 2030 og 786 i 2050.

Vel så viktig som folketalet er samansetnaden av innbyggjarar. Eldre pleietrengande og born i skulepliktig alder treng fleire kommunale tenester enn folk i yrkesaktiv alder. Dette er basisen for inntektssystemet og den statlege finansieringa av kommunen. I tillegg er det også at dei i yrkesaktiv alder skal utføre jobbane. Både i kommunal sektor og i privat næringsliv.

Ser ein nærare på aldersfordelinga bak befolkningsframskrivinga til SSB ser ein stor vekst blant dei gruppene som treng flest kommunale tenester i 2050. Og ein liten nedgang i blant dei i yrkesaktiv alder:

Alder	Endring i %
0-17 år	18 %
18-49 år	- 3,6 %
50-66 år	0 %
67-79 år	- 17,8 %
80-89 år	66,7 %
90 + år	83,3 %

Samanhengen mellom personar i yrkesaktiv alder og gruppene som vanlegvis treng fleire kommunale tenester kallar SSB for forsørgjarbrøk for eldre og forsørgjarbyrde for born.

	Forsørgjarbrøk for eldre			Forsørgjarbyrde for born		
	2025	2035	2050	2025	2035	2050
Solund	0,58	0,70	0,75	0,33	0,38	0,38
Vestland	0,34	0,41	0,51	0,39	0,37	0,39
Heile landet	0,33	0,41	0,51	0,38	0,36	0,38

Som ein ser ligg Solund kommune allereie vesentleg over landet og fylket når det gjeld forsørgjarbrøk for eldre. Solund kommune 28. høgast forsørgjarbrøk i landet, og 4. høgast i fylket (bak Fedje, Vik, Askvoll og Tysnes). For å nå fylkesgjennomsnittet må Solund ha ein svinging på 93 personar mellom dei eldre og dei i yrkesaktiv alder. Fram mot 2050 skal Solund ha omtrent lik vekst som resten av landet og fylket, men veksten kjem tidlegare i perioden for Solund sin del. Framskrivingsstala for eldre er truleg også dei tala med minst usikkerheit då eldre i mindre grad flytter mellom kommunar. Tala for dei yngre er i stor grad påverka av meir usikre variablar som flytting og fødselar, medan framskrivingsstala av eldre fyst og fremst blir styrt av aldringa av innbyggjarane ein har i dag og forventna levealder.

Når det gjeld forsørgjarbyrde for born ligg Solund litt under lands- og fylkesgjennomsnittet. Framskrivningane tilseier at Solund frem mot 2050 kjem til å auke forsørgjarbyrda omtrent til nivået i landet og fylket elles.

Men brøkene seier ikkje alt. Tala seier mellom anna ingenting om kor stor del av dei i yrkesaktiv alder som faktisk arbeider, og ein er i brøken rekna som eldre allereie ved fylte 65 år. For mange vil det då framleis være mogleg å stå i arbeid. I perspektivmeldinga² peiker regjeringa på korleis endringar knytt til sysselsettinga i yrkesaktiv alder kan frigje sårt tiltrengt arbeidskraft. Til dømes gjennom at eldre står lenger i arbeid, at yngre fullfører utdanning kjappare og at ulike typar for utanforskap reduserast. Og igjen vil små endringar i teljaren kunne gje store utslag for Solund.

Samla sett teiknar folketal og demografiutvikling eit bilete som forsterkar dei utfordringane Solund kommune allereie har i dag. Særleg med tanke på rekruttering der det utfordrande å få tak i nok arbeidskraft og arbeidskraft med redd kompetanse. Utfordringane vi har i dag, og endringane som kjem med demografiutviklinga, rårer Helse- og omsorgssektoren hardast. Det er her mangel på arbeidskraft er størst i dag og veksten av innbyggjarar som treng tenester kjem. Mange av yrka innanfor sektoren er også blant dei der forslaga frå perspektivmeldinga om at eldre skal stå lenger i arbeid og yngre skal fullføre utdanning kjappare nok er vanskelegast å gjennomføre.


Skal Solund kommune levere tenestene likt som i dag må ein klare det med færre arbeidstakarar og til fleire tenestemottakarar. Ein må sjå på forutsetninga om at ein skal levere tenester likt, både nasjonalt og i Solund. Ikkje berre med tanke på korleis tenestene leverast, men også med tanke på kva tenestenivå kommunale tenester skal ha. KS omtala problemstillinga som forventingsgapet i debatthefte 2025³, og det er freistande å finne frem dåverande sentralbanksjef Erik Brofoss oppmoding om at «Hva som først og fremst trengs, er en sanering av oppskrudde forventninger.» Prioriteringane er allereie lagt i planprogrammet for revisjon av samfunnsdelen der arbeidsmåtar i ein ny tid er ein av prioriteringane og i Bygdevekst der eit av delmåla er å styrke næringsutvikling og jobbmarknaden i avtalekommunane.

² [Meld St. 31](#)

³ [Debattheft 2025 «Fra forventning til virkelighet»](#)

Politisk organisering og aktivitet

Den politiske strukturen i Solund kommune har vore som følger i 2024:



Kommunestyret

Kommunestyre har vore slikt samansett i driftsåret:

Gunn Åmdal Mongstad (ordfører)	SP
John Sigfred Hugøy (varaordfører)	SP
Sara Tunestveit	SP
Anne Marie Gåsvær	SP
Øyvind Losnegard	SP
Erlend Lambrechts Trovåg	SP
Werner Lending	SP
Nils Christian Bjørge	SP
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Sigve Lerpold	AP
Endre Johan Bukkøy Natvik	SV
Signe Bjørøy – permisjon frå 1. juli	H
Julian Høgberg Lambrechts – flytta 24. januar	H
Bjarne Leiv Ravnøy	H
Øystein Olai Espeland	H
Kenneth Sæbø – frå 24. januar	H
Anita Lien Einen – for Signe Bjørøy frå 1. juli	H

Solund kommunestyre hadde 6 møter i 2024. Det vart gjennomført temadag for planstrategien 25. januar og folkevaldopplæring 18. og 19. mars. Møtet 13. juni vil nok også særleg bli hugsa då det halde på Losna.

Kommunestyret handsama 86 saker (mot 58 året før). Mange av desse sakene er faste årvisse saker som budsjett- og økonomiplan, tertialrapportar, årsrekneskap, årsmelding m.m. Kommunestyret har også handsama fleire samarbeidsavtalar frå ulike interkommunale samarbeid, valt medlemmer til ymse råd og utval, handsama ulike temaplanar, handsama dei faste skjenkeløyvene i kommune og ein forvaltningsrevisjon tinga av kontrollutvalet.

Formannskapet

Formannskapet har vore slik samansett i driftsåret:

Gunn Åmdal Mongstad (ordfører)	SP
John Sigfred Hugøy (varaordfører)	SP
Sara Tunestveit	SP
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Signe Bjorøy – permisjon frå 1. juli	H
Øystein Olai Espeland – frå 1. juli	H

Solund formannskap hadde 11 møter i 2024 og handsama 92 saker (mot 76 året før).

I tillegg har formannskapet hatt 2 møter som valstyre og handsama 10 saker.

Saman med 2 representantar frå dei tilsette utgjær formannskapet også Solund administrasjonsutval, og det gjennomførte 2 møter og handsama 6 saker (mot 7 året før).

Formannskapet har gjeve innstilling i dei aller fleste saker som kommunestyre har handsama, men har også handsama ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har vore slik samansett i driftsåret:

Bjarne Leiv Ravnøy (leiar)	H
Anita Lien Einen (nestleiar)	H
Ingvill Storøy	SV
Manuela Gjata	SP
Hans Gåsvær	AP

Solund kontrollutval har hatt 5 møter i 2024 og handsama 41 saker (mot 40 året før). Sjå kontrollutvalet si eiga årsmelding for meir utfyllande informasjon.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

Johannah Trovåg (leiar)
Truls Einen Osland (nestleiar)
Pola Anna Lamert
Isak Høyesen
Linus Sundal

Solund Ungdomsråd hadde 5 møter i 2024 og handsama 24 saker.

Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne har vore slik samansett i driftsåret:

Synnøve Solhaugen Engen (leiar)
Hilmar Blomkvist (nestleiar)
Sigurd Johan Eide
Sølvi Songstad Waage
Anne Marie Gåsvær

Fellesråd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne hadde 5 møter i 2024 og handsama 21 saker (mot 22 året før).


Andre råd og utval

Solund kommune har også fleire råd og utval med ulike avgrensa ansvarsområde som klagenemnd for eigedomsskattesaker, sakkunnig takstnemnd og trafikktryggleiksutvalet. Her har møteaktiviteten vore lav med 0 – 2 møter i dei ulike organa.

I tillegg er Solund kommune representert i ulike eksterne råd og utval, som til dømes ulike representantskap og styrer. Desse vert ikkje omtale nærare her og det vert vist til årsmeldingane til dei ulike organisasjonen der dei eksterne råda og utvala høyrer heime.

Administrativ organisering

Det har ikkje vore endringar i den administrative organiseringa i meldingsåret og organisasjonskartet er som fylgjer:



Ikkje økonomiske mål og måloppnåing

Gjeldande samfunnsdel trekk fram 3 konkrete satsingar i ny bru over Ytre Steinsund, ny skule med nytt bibliotek og områderegulering av sentrum på Hardbakke. Det har også vore arbeida aktivt med resten av handlingsprogrammet og der det er aktuelt er det omtale i rapportane frå drifta.

Arbeidet med ny bru over Ytre Steinsund er godt i gang. Brua vert 811 meter lang og står ferdig i slutten av 2026. Solund kommune har gjennom året vore i dialog med grunneigarane på riggområdet til Skanska i Søre Morteвика, og tidleg i 2025 kjøpt Solund kommune riggområdet. Når brua vert ferdig har kommunen også eit ferdig opparbeida næringsområde med djupvasskai plassert like ved skipsleia.

I løpet av 2024 har også den gamle ungdomskulen blitt revet og nytt skulebygg med bibliotek har blitt ført opp. Interesserte har kunne følgt bygginga i kvardagen og via byggekamera på nett. Skulen skal stå ferdig så elevar og tilsette kan begynne skuleåret 2025/2026 i nye tidsriktige lokalar.

Når det gjeld områdereguleringa av Hardbakke hamn er det særleg spørsmålet om framtidig ekspressbåt som sett premissane. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med Vestland fylkeskommune og er satt litt på vent, då fylkeskommunen først må avklare den finansielle sida ved bygging av utsleppsfrie fartøy med staten. Det har også fått ein sentral plass som eit av fire delmål i Bygdeveksttalen.

Overordna økonomiske kommentarar

Økonomiske måltal og overordna resultat

Økonomisk sett har 2024 vore eit særst godt år for Solund kommune. Tabellen under synar resultat mot vedteke mål:

	Resultat	Vedteke mål
Netto driftsresultat	19,25 %	10,97 %
Netto lånegjeld	131 %	147 %
Disposisjonsfond per 31.12	39 %	23 %

Når kommunestyret vedtok tilsvarende måltal i budsjettsaka 2025 vedtok ein måltal justert for auksjonsinntektene og tabellen over syner kvifor det var eit godt grep. Tal justert for auksjonsinntektene er ikkje vedteke for 2024 og tabellen over synar eigentleg «berre» at utbetalingane frå Havbruksfondet vart høgare enn forventa. Det skuldast særleg at 3 av dei 4 lokalitetane som vart lagt inn i arealdelen i 2022 har kome så langt i endeleg godkjenningssprosess at dei tel med i grunnlaget for utbetalingar frå Havbruksfondet.

Samstundes er utbetalingane frå Havbruksfondet ein god oppsummering av den økonomiske situasjonen i til kommunen og særleg det økonomiske året 2024. Solund kommune fekk i 2024 utbetalt 44.412.864,62,- frå Havbruksfondet. Det var 59.936,39,- per innbyggjar. Per innbyggjar er det høgast i landet, 10 % høgare enn Leka på 2. plass. 1,2 % av all oppdrettslaks i Norge kjem frå Solund, 0,013 % av alle folk i Norge bur her⁴. I økonomiplanperioden 2025-2028 er inntekter frå Havbruksfondet forventa å utgjere 23 % av Solund kommune sine overordna inntekter.

Den økonomiske situasjonen i kommune-Norge er dystert. På makronivå gjekk kommunane og fylkeskommunane nesten 4.000.000.000,- i minus i 2024⁵ og dei underliggende utfordringane treff også Solund. Sjølv om utbetalingane frå Havbruksfondet gjer at dei negative tala forsvinn bak dei positive når ein ser på det samla resultatet. Det speglar også av ein realitet at mellom anna utbetalingane frå Havbruksfondet gjer at Solund kommune økonomisk sett var betre rusta til å møte desse utfordringane i 2024 enn mange andre kommunar, og økonomisk sett truleg også kjem til å være det framover. Men bakom dei overordna tala er det ein del tal som gir grunn til bekymring.

Dei to største einingane i sjukeheimen/heimetenesta (ansvar 370) og skulen (ansvar 210) endar begge med budsjettoverskridingar. Dette til for at dei er tilført vesentlege midlar gjennom året. Med tanke på avlagt rekneskap får dei også god støtte av tilstøytane einingar med underforbruk i 2024. Mykje av overforbruket er knytt til personalkostnader og for sjukeheimen og heimetenesta sin del særleg bruk av vikarbyrå. Desse utfordringane forsvann ikkje 31. desember 2024 og illustrerer godt at rekruttering er eit større problem enn økonomi for Solund kommune. Det har nærast blitt ein floskel at Noreg kjem til å gå tom for hendar før ein går tom for pengar, men for Solund kommune sin del

⁴ Tal bearbeida frå

https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Tema/Havbruksfondet/_attachment/inline/aa97dde4-4b71-4e37-9340-607f51b97ad4:b13e7bd79baf4784f09dd76a74443e83bda359da/havbruksfondet-beregning-utbetaling-2024-til-publisering.xlsx og SSB kjeldetabell 01222


⁵ <https://www.ks.no/pressemeldinger/kommunene-gikk-nar-4-milliarder-i-minus-i-2024/>

manglar hendene allereie. Og som demografiomtalen i kapittel 2 viste ser ikkje situasjonen ut til å bli betre.

Også ein del av ansvara med mykje «fellesutgifter» som staben (ansvar 100), bygg og anlegg (ansvar 620) og pensjon (ansvar 799) enda opp med budsjettoverskridingar. Her har det i mindre grad blitt tilført pengar gjennom året, og særleg for pensjonen sin del er det ikkje grunn til å tru at ein vil ha tilsvarande utfordringar i 2025.

Driftsinntekter

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2023
Rammetilskot	55 011 788,-	55 310 000,-	57 598 000,-	52 030 377,-
Inntekts- og formuesskatt	31 723 163,-	31 627 000,-	27 297 000,-	28 694 758,-
Eigedomsskatt	1 596 817,-	1 800 000,-	1 800 000,-	1 533 592,-
Andre skatteinntekter	0,-	0,-	0,-	0,-
Andre overføringar og tilskot frå staten	49 540 017,-	48 645 000,-	30 745 000,-	16 084 293,-
Overføringar og tilskot frå andre	35 907 793,-	13 646 387,-	16 901 200,-	42 285 941,-
Brukarbetalingar	4 181 672,-	3 730 000,-	3 730 000,-	4 080 456,-
Sals- og leieinntekter	11 102 007,-	7 331 000,-	7 436 000,-	17 934 795,-
Sum driftsinntekter	189 063 258,-	162 089 387,-	145 507 200,-	162 644 212,-



Tabellen og grafen synar driftsinntektene til Solund kommune, inkludert Fjordane Friluftsråd. Rammetilskot og inntekts- og formuesskatt må sjåast i samanheng grunn inntektsutjamninga. Kommunar med betre skatteinngang enn landsgjennomsnittet betalar deler av overskotet tilbake for å kompensere skattesvake kommunar. I 2024 måtte Solund kommune, kanskje for fyste gong, betale tilbake midlar gjennom inntektsutjamningsordninga. Samla sett hamna rammetilskot og skatt ca. 100.000,- under revidert budsjett, men det er verdt å merke seg at ein er 1.800.000,- over opphavleg

budsjett og at det er 10,6 % vekst i skatteinngangen frå 2023 til 2024 mot 1,1 % på landsbasis⁶. Skatteinntektene har som omtale i budsjett- og økonomisaka gitt enkelte utfordringar i budsjetteringsarbeidet. Men det er ein liten pris å betale for noko som elles er særst positivt.

Eigedomsskatt og andre skatteinntekter (den grå boksen i grafen over) er lite å sei om. Ein har her fyst og fremst bomma i budsjetteringa då talet på 1.800.000,- heng att frå før skattegrunnlaget var høgare enn 70 % av bustaden sin verdi.

Under andre overføringar og tilskot frå staten ligg inntektene frå Havbruksfondet, integreringstilskotet og diverse rentekompensasjonsordningar. Auksjonsinntektene frå Havbruksfondet forklarar svingingane frå 2023, men også rentekompensasjonsordningane og integreringstilskotet kjem betre ut enn budsjettert. For integreringstilskotet sin del vil kommunedirektøren tilrå å sette av dei overskytande midlane på fond som tidlegare år. Deler av midlane er knytt til personar som er flytta frå kommunen og dette vil bli justert i 2025 sånn at tilskotet då fort kan bli lågare enn forventa.

Under overføring og tilskot frå andre ligg andre inntekter som stort sett kjem frå det offentlege utanfor inntektssystemet. Det kan for eksempel være momskompensasjon, refusjon av sjukelønn og tilskot frå fylkeskommunen. Ein del av desse er utfordrande å budsjettere med, særleg på små einingar der ein langtidssjukemelding vil gjere veldig stort utslag. Ein del større tilskot til fleirårige prosjekt gjer det også vanskeleg å samanlikna tala over tid. Dette er særleg knytt til Fjordane Friluftsråd der tilskot til 7 eigarkommunar vises i rekneskapen til Solund. Det farger også tala under sals- og leigeinntekter. Fjordane Friluftsråd har blitt eit kommunalt oppgåvefelleskap og ein arbeidar med å skile ut rekneskapen deira frå Solund kommune sin. Også for 2024. Men i skrivande stund er arbeidet ikkje fullført, og desse overordna postane er difor misvisande. For framtidige år vil det være inntekter som kan bli interessant å følgje med på mellom åra.

Driftsutgifter

Lønn og sosiale utgifter er den største forbruksposten til Solund kommune. Samla sett utgjer lønn og sosiale utgifter 59,9 % av driftsutgiftene til Solund kommune. Det har vore en nedgang i dei samla lønnsutgifter frå 2023 til 2024 til trass for lønsvekst. Her slår ein del vakansar inn, og til dømes ligg ein 1.200.000,- lågare enn opphavleg lønsbudsjett på sjukeheimen og i heimetenesta, eit lønsbudsjett som i utgangspunktet budsjetterte med vakansar. Desse stillingane kjem i staden opp som kjøp av varer og tenester der ein på sjukeheimen og i heimetenesta åleine nytta 5.000.000,- i 2024. Også andre plassar kjøpar ein tenester i staden for å løye oppgåver gjennom løn, som til dømes brannsjef og byggesakshandsaming. I tillegg kjem variasjon mellom åra knytt til prosjektstillingar, særleg i Fjordane Friluftsråd, og andre vakansar.


Dei høvesvise små endringane frå år til år har ikkje all verdas å si, men forholdet mellom lønnsutgifter og kjøp av tenester over tid seier mykje om kva Solund kommune kan levere på eige hand, og kva ein

⁶ <https://www.ks.no/fagomrader/okonomi/skatteinntekter/skatteinntekter-2024/>

må kjøpe seg ut av. Når ein kjøper tenester går midlane oftare ut av kommunen enn ved løn, og ein går potensielt glipp av folketalsvekst med påfølgande finansiering. Samstundes kan ein då få tenesta levert frå eit større fagmiljø og ofte med ein meir avgrensa ressurs. Vurderingane av å løyse oppgåver med kjøp av tenester eller med tilsetjing i kvar einskilt sak er ei pågåande og utfordrande i kvardagen. Også for driftsutgiftene ser kommunedirektøren fram til å få tal over tid som er ikkje er påverka av Fjordane Friluftsråd sine svingingar.


Tabellen under synar driftsutgiftene til Solund kommune, inkludert Fjordane Friluftsråd. For 2024 kom det i tillegg investeringsutgifter på 82.806.462,- kor 53.501.561,85,- av dei er knytt til ny skule med bibliotek.

	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Opphavleg budsjett	Rekneskap 2023
Lønsutgifter	78 103 286,-	71 465 036,-	74 452 571,-	79 972 007,-
Sosiale utgifter	19 550 002,-	16 861 729,-	17 031 729,-	17 109 126,-
Kjøp av varer og tenester	45 461 505,-	31 082 735,-	26 806 700,-	44 240 600,-
Overføringar og tilskot til andre	10 850 733,-	7 047 387,-	7 333 220,-	12 090 680,-
Avskrivningar	9 070 622,-	7 000 000,-	7 000 000,-	7 724 970,-
Sum driftsutgifter	163 036 148,-	133 456 887,-	132 624 200,-	161 137 384,-



Auken i avskrivningar skuldast først og fremst at ein har rydda for fleire år. Avskrivningane skal vise verditapet på Solund kommune sine varige driftsmiddel. Dette skal gjerast kvart år, men arbeidet har dei siste åra litt under generasjonsskifte og vakanse ved økonomikontoret. Det vart difor gjort eit større stykke arbeid i samband med rekneskapen 2024, og det gjer seg stort utslag i rekneskapen frå 2023 til 2024.

Rapporter frå den daglege drifta



I organisasjonskartet kan alle sektorane sjå jamstore ut, men rekneskapstala syner at Helse- og omsorg og Oppvekst og kultur nyttar 63,8 % av kronene i drifta til Solund kommune. I all hovudsak fordi det er her ein har desidert flest tilsette. Som alltid synar ikkje rekneskapstala heile sannheita. Staben og Plan og tekniske tenester ser større ut enn dei er fordi dei betalar for mange felleskostnadar, og Samfunns- og næringsutvikling har fleire prosjekt som i stor grad er eksternt finansiert og som difor verker små i rekneskapen. Det ligg også vesentlege investeringskostnadar i investeringsrekneskapen som ikkje går fram av grafen over. Og om investeringane til skulen høyrer heime i Oppvekst- og kultur eller Plan og tekniske tenester er eit definisjonsspørsmål og svingingane mellom åra blir ekstreme når ein tek med dei ulike investeringsprosjekta.

I rapportane frå den daglege drifta vert det difor skrevet ein del om alt det positive og utfordrande som har skjedd i 2024, uavhengig av økonomien som ligg . Og dei største einingane vert via størst plass. Samstundes har årsmeldinga eit blikk på økonomien og økonomiske avvik bli særskilt omtala. Tabellen under syner driftsrekneskapen 2024 fordelt på sektorane med avvik mot revidert budsjett. Det har også skjedd til dels store budsjettendringar gjennom året og bakom dei ulike sektortala skjuler det seg også store variasjonar som vil bli nærare utforska i rapportane frå drifta

Sektor	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik	Avvik %
Stab	16 956 434 kr	16 098 000 kr	-858 434 kr	- 5,3 %
Oppvekst og kultur	29 527 685 kr	29 660 000 kr	132 315 kr	0,4 %
Helse- og omsorg	35 029 310 kr	35 015 000 kr	-14 310 kr	0,0 %
Samfunns- og næringsutvikling	5 733 163 kr	5 592 000 kr	-141 163 kr	- 2,5 %
Plan og tekniske tenester	10 529 195 kr	9 967 000 kr	-562 195 kr	- 5,6 %

Stab

Ansvar	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik
Politikk-adm-felles- mm	13 378 380,-	12 778 000,-	-600 380,-
Fjordane Friluftsråd	150 000,-	150 000,-	0,-
Bustadforvaltning m.m.	-466 023,-	-713 000,-	-246 977,-
Flyktningarbeid	1 202 163,-	1 300 000,-	97 837,-
Overordna driftsutgifter og inntekter	28 914,-	-50 000,-	-78 914,-
Solund Sokneråd	2 663 000,-	2 633 000,-	-30 000,-

Politikk – administrasjon – felles – m.m

Staben er ein breitt samansett sektor med ansvar for administrasjonen, politisk nivå, fellesutgifter og andre overordna driftsinntekter- og utgifter, eigedomsforvaltning, samferdsle og flyktingadministrasjon. Her ligg tenester som mellom anna arkiv, personal, IT og økonomi.

2024 har vore prega av ein vakanse på økonomikontoret. Trass gjentatte forsøk på å rekruttere økonomirådgjevar har ein gjennom heile 2024 vore eit fullt årsverk i manko. Dette har påverka kapasiteten i Staben og det er restansar på fleire områder. Årsrekneskapen vart levert i mai, og ikkje i slutten av februar slik lova krev. Og arbeidet med budsjett- og økonomiplan bar også preg av manglande ressursar. Fjordane Friluftsråd har blitt eit kommunalt oppgåvefelleskap. Solund kommune skal levere løns- og rekneskapstenester til Friluftsrådet, men arbeidet med å skilje dei ut som eige juridisk eining med eige rekneskap har dratt ut.

Fleire oppgåver andre plassar i Staben har også lidd, og mellom anna er arbeidet med overordna ROS og beredskapsplan er forseinka og fleire reglement for folkevalde med meir er ikkje rullert som planlagt. Samtidig har det vore gjort mykje bra arbeid i året, særleg knytt til innføringar av nytt kvalitets- og avvikssystem.

Samla sett går ansvaret med eit meirforbruk på 600.000,-.Særleg lisensar er atter ein gong drivar for overforbruket, og over halve meirforbruket er knytt til lisensar. Det er gjennomgåande at nye datasystem har ein lågare investeringskostnad men ein høgare lisenskostnad enn tidlegare, mellom anna fordi mange leverandørar i dag berre leverer tenestene sine som skytenester. Dette har over tid ført til en auke i lisenskostnader langt utover prisveksten. Ansvar 100 er også eit «lisenstungt» ansvar med dei fleste fellelisensane i kommunen og om lag 40 % av dei samla lisenskostnadane. Kommunedirektøren ser med bekymring på utviklinga då det verker som om leverandørane gjennomgåande legg seg på ein slik finansieringsmodell. Saman med SyS-IKT ser ein aktivt på kva lisensar som kan seiast opp og erstattast med noko billigare. Kommunedirektøren håpar også at fleire fellesanbod med SyS-IKT, Nordhordland IKT og Nordfjordnett kan gje lågare lisenskostnadar på sikt. Utfordringa er ikkje unik for Solund kommune og KS har oppretta eit eiga dotterselskap, KS digital, som skal utvikle nye fellestenester til kommunal sektor. Ein håpar også dette vil ha positiv innverknad på lisenskostnadane på sikt.

Bustadforvaltning m.m

Det har vore god utleigegrad på dei kommunale bustadane gjennom 2024. Dyrare straum og auka utgifter til inventar og utstyr var med å bidra til at ansvar 130 gjekk med overforbruk. Men for fyste gong på lang tid har det berre vore mindre utfordringar med ventelister på kommunale bustader. Sjølv om det tidvis har vore mismatch mellom den bygningsmassen kommunen har å tilby og det behovet som meldar seg. Tomannsbustaden i Klubben vart også fullført og tatt i bruk i 2024.

Til ansvar 130 ligg også den kommunale eigenandel på lokale båtruter. Den auka med nesten 12 % frå 2023 til 2024. Solund kommune har sendt ein førespurnad til Vestland fylkeskommune for å kartlegge kva som har skjedd. Varsla vekst var på 2,37 % og Solund kommune mistenker at det er ein feil i faktureringa. Men all den tid saka ikkje er landet synar rekneskapen i 2024 eit overforbruk på nærare 60.000,- knytt til den kommunale eigenandel på lokale båtruter. Samla sett har ansvar 130 eit overforbruk på 250.000,-.

Flyktningarbeid

Solund kommune tok imot 4 flyktningar i 2024, alle frå Ukraina og alle seint på året. I tillegg til eit underforbruk på 100.000,- på ansvaret har Solund kommune mottek nesten 300.000,- meir enn budsjettert i integreringstilskot. Kommunedirektøren la ikkje fram sak om å disponere desse midlane før 31. desember 2024, og dei vert difor satt av på disposisjonsfond etter reglane i kommunelova. Kommunedirektøren kjem tilbake med sak om å overføre øymerke desse midlane til integreringsarbeid. I år vil det bli særleg viktig då det var ein del til og fråflytting av busette flyktningar som gjer at ein kan ha fått for mykje utbetalt i integreringstilskot i 2024.

Oppvekst og kultur

Ansvar	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik
Solund barnehage	6 590 861,-	6 820 000,-	229 139,-
Skulen i Solund	16 990 253,-	16 635 000,-	-355 253,-
Felles oppvekst og kultur	2 820 735,-	3 049 000,-	228 265,-
Kultur	327 972,-	239 000,-	-88 972,-
Bibliotek	602 928,-	624 000,-	21 072,-
Solund kulturskule	1 282 558,-	1 218 000,-	-64 558,-
Ungdomsråd og ungdomssatsing	134 460,-	150 000,-	15 540,-
Barneverntenesta	777 919,-	925 000,-	147 081,-

Til oppvekst- og kultursektoren ligg følgjande ansvarsområde: barnehage, skule, felles oppvekst og kultur, kultur, bibliotek, kulturskule, ungdomsråd og ungdomssatsing, og barnevernstenesta.

Akkurat som åra tidlegare har bemanningssituasjonen vore eir stor utfordring også i 2024. For barnehagen vart situasjonen mykje betre frå oppstarten i august, då ein lukkast i å tilsetje både ein pedagogisk leiar og ein assistent. Skulen og kulturskulen har framleis utfordringar med å få tilsett personale med pedagogisk kompetanse. Når det er sagt, har ein jobba godt gjennom året, og ein har sett i verk fleire satsingar som ein håpar å sjå fruktene av i åra som kjem. Dette gjeld både innføring av nytt sakshandsamingssystem for barnehagen og skulen, nytt kvalitetssystem for heile kommunen og ikkje minst arbeidet med BTI (betre tverrfagleg innsats), som er eit felles satsingsområde for alle kommunale tenester som arbeider med barn, unge og familiar. Her er ein i ferd med å få på plass gode tverrfaglege møtestrukturar og ein er i gang med kompetanseheving. 1. november 2024 var om lag 50 tilsette i Solund kommune samla i Solund Grendahus for å lære meir om vald, overgrep og omsorgssvikt. Eit alvorleg tema, men eit svært viktig område å få meir kompetanse på. Arbeidet med BTI heldt fram i 2025.

Også i 2024 har ny skule og bibliotek vore ei stor sak, og ein ser fram til å kunne flytte inn i det nye bygget til skulestart.

Den aller største utfordringa, ikkje berre for denne sektoren, men for heile kommunen, er det fallande barnetalet. Vi har svært låge fødselstal i kommunen, og låg tilflytting. Det gjer at barnetalet i barnehagen ser ut til å gå mykje ned dei næraste åra. Litt lenger fram vil dette også gjere seg gjeldande i skulen.

Sektoren som heilskap har eit mindreforbruk kr 132.000,-. Skulen, kulturskulen og kultur har eit overforbruk, medan dei andre ansvarsområda har eit mindreforbruk.

Solund barnehage

Solund barnehage arbeider aktivt i kvardagen for å sikre gode oppveksttilhøve for barna. Fellesskap og ei kjensle av å høyre til er viktige for oss - alle skal føle at dei høyrer til i barnehagen vår!

Vi er opptekne av barndomens eigenverdi og vil ut frå det bidra til at alle barn får ein barndom som er prega av trivsel, venskap og leik. Tilsette i Solund barnehage skal møte barna med respekt og anerkjenning. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad. Ein stad der barn kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap fritt for krenkingar i eit trygt miljø prega av gode relasjonar.

Rammeplan for barnehage: Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen. Barnehagen skal fremje demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse.

Organisering:

2024 starta med 27 barn og avslutta med 24. 7 barn starta på skulen hausten 2024. Det har vore drifta med tre avdelingar heile året. Solund kommune har full barnehagedekning og oppfyller rett til barnehageplass.

Solund barnehage har gode lokalar inne. Det er behov for rehabilitering av kontordel, ein voner å kunne utføre noko arbeid i 2025. Hausten 2024 starta eit omfattande arbeid med uteområdet. Ny levegg/støyskjerm mot fylkesveg, soneinndeling, drenering, ny utebod/sykelbod mellom anna. Det vert eit stort løft for barnehagen når dette arbeidet er ferdig.

Oppvekst sin ressurspedagog deltek i pedagogisk arbeid knytt til førskulegruppa/overgang mellom barnehage og skule. Samstundes vert det drifta eit utviklingsprosjekt for tilsette – «Leikeprosjekt». Målet er at tilsette i barnehagen skal auke leikekompetansen sin ytterlegare og verte det ein på fagspråket kallar «Leikekloke vaksne».

Hausten 2024 vart det tilsett spesialpedagog i oppvekst. Denne ressursen nyttar barnehagen til kartlegging/observasjon av barn/grupper, kompetanseheving for tilsette, rettleiing av tilsette og føresette. Det er i tillegg oppretta eit «Spes ped team». Eit fast møtepunkt der tilsette kan bestille tid og drøfte spesialpedagogiske utfordringar knytt til enkeltbarn/gruppe. Dette som eit lågterskeltilbod.

Personal:

Personalsituasjonen i eininga har vore utfordrande også i 2024. Året starta med fleire langtidssjukemeldingar, og elles eit høgt korttidsfråvær. Det vart tilsett assistentar i mellombelse stillingar for å løyse situasjonen, samt at styrar og ressurspedagog var inne i drifta.

Det vart lyst ut etter ein pedagogisk leiar og ein fagarbeidar. Gladmeldinga er at det lukkast eininga å tilsetje. Pedagog starta i august 2024 og ein assistent er tilsett i fagarbeidarstillinga. Året vart avslutta med 10,6 årsverk. Ved avslutning av 2024 stetta ein både pedagog -og bemanningsnorm.

- To tilsette gjekk av med pensjon i 2024
- To tilsette fekk fast tilsetjing etter å ha gått i mellombelse stillingar over tid
- Ein tilsett tek utdanning som barnehagelærer
- Ein tilsett skal starte fagarbeidarutdanning

Tilsette ved Solund barnehage har stått i ein krevjande situasjon i fleire år. Når ein no har ein ekstra tilsett ser ein allereie etter kort tid at det gjer noko med arbeidssituasjonen, og med arbeidsmiljøet ikkje minst. Det har opna seg mang moglegheiter og det vert interessant å sjå den totale verknaden på dette tiltaket etter ein lengre periode.

Kommentar til økonomi:

Eininga avslutta 2024 med eit mindreforbruk dette skuldast særleg at vikarutgiftene har vore lågare enn sjukerefusjonane. Vikaranes som har vore inne har vore billigare enn dei faste tilsette som dei har vikariert for. Det vart også tilført friske midlar gjennom eige sak i mars, og bortfallet av brukarbetalingar som fylgje av ny makspris har vore fullfinansiert frå staten. Ny makspris er på 1.500,- for kommunar med sentralitetsklasse 6, som Solund.

Solund barne- og ungdomsskule

Økonomisk avvik

Underskot av økonomisk ramme skuldast utgifter som er knytt til løn

- overtidsbetaling grunna mangel på vikarar og dermed må tilsette med allereie 100 % stilling gå inn som vikar.
- styrke personalgruppa grunna behov knytt til Opplæringslova kap. 12, Skulemiljø til elevane.
- skyss ved bruk av tenester frå Austrheim vidaregåande skule

Kompetansebehov og - heving

Tilsette	<u>GSI pr 01.10.2024</u> 14 lærarar med godkjent utdanning 7 lærarar utan godkjent utdanning 9 fagarbeidarar eller assistent 8 har kombinasjonsstilling med lærar utan godkjent utdanning 5 er i kombinasjonsstilling mellom skule og SFO 1 spesialpedagog 1 i skuleleiinga i perioden 01.08. – 31.12 2 i skuleleiinga frå 01.01 – 31.07, kombinasjonsstilling med andre oppgåver
----------	---

Skulen sin mangel på kompetanse er uforandra. Det trengs kompetanseheving innan einskilde fag og då fortrinnsvis på barnetrinnet. Dette er ei nasjonal utfordring som særleg gjer seg gjeldande i utkantskulane.

Til skulestart august 2024 vart det tilsett

- ein lærar med formell undervisningskompetanse
- fleire ufaglærte i undervisningsstilling

Også dette skuleåret har Solund barne- og ungdomskule kjøpt undervisningskompetanse frå Austrheim vidaregåande skule i framandspråk (tysk) og arbeidslivsfag. Det er sett opp eiga skyssordning med båt Hardbakke – Austrheim og elevane føl skyssordninga til vidaregåande elevane på returen. Det er sett opp drosje for at elevar skal kome seg heim etter kl 16.00 der det ikkje allereie er buss.

Formell kompetanseheving med studiepoeng

Ved skulen er det 3 tilsette som tek vidareutdanning gjennom UDIR

- Ein tilsett tok eksamen i spesialpedagogikk innan åtferd juni 2024.
- Ein tilsett tok rektorstudieeksamen i november 2024.
- Ein tilsett starta masterutdanning innan *Skoleutvikling og utdanningsledelse* august 2024.

Kompetanseheving utan studiepoeng

- Erfaringsdeling sett i system vart teke i bruk frå august 2024.
- Fleire tilsette har delteke på webinar med fagleg innhald.
- I arbeidet med å utvikle eit inkluderande og positivt læringsmiljø har del av personalgruppa hatt opplæring av Pedagogisk Psykologisk Teneste i *Kontekstmodellen*, som er eit systematisk arbeid innan åtferdskartlegging, målarbeid og utarbeiding av tiltak. Denne kompetansen vert delt i personalgruppa gjennom faktisk arbeid opp mot konkrete elevgruppa.

Nye fagsystem og utvikling av eleven sitt læringsutbytte

Våren 2024

- gjennomførte skulen evaluering av læringsutbytte med digitale læreverk vs fysiske lærebøker. Resultatet etter evalueringa vart at det i fleire av faga vart kjøpt inn fysiske lærebøker frå august 2024.
- gjennomførte skulen eit enkelt prosjekt med fokus på utemiljø og friminutta. Resultatet av prosjektet er at det er tilbod om vaksenstyrt aktivitet i idrettsbygget tre matfriminutt kva veke. Målet er å
 - o skape inkluderande aktivitetar på tvers av alder
 - o prøve å kompensere for redusert tilgjengeleg uteområde
- deltok skulen i prosjektet med å legge inn rutinar i nytt internt kvalitetssystem

Hausten 2024

- Tok oppvekst i bruk modulen Visma Sikker Sak i Visma Flyt Skole.
- Skulen tek del i prosjektet Betre Tidleg Innsats.

- Utvikle samarbeidet heim – skule. Arbeidet starta seinhaustes 2024 og dei første tiltaka er planlagt å tre i kraft våren 2025.
- Nasjonale prøver. I arbeidet med å evaluere og følgje opp resultatata av nasjonale prøvar hausten 2024 er det starta eit utviklingsarbeid med å utvikle *Plan for å utvikle lesing som grunnleggande ferdigheit*. Dette vil ha sitt hovudarbeid våren 2025.
- Utvikle system for læringsutbyttet for den einskilde elev/det spesialpedagogisk arbeidet
 - o Det er faste møte mellom kontaktlærar og rektor der oppfølging av einskildelevar er fast tema
 - o Skulen har ei intern spesialpedagogisk personalgruppe som har faste møte sett i system. Det er rutine på å melde opp saker til denne gruppa.
 - o Rettleiingsteamet er tverrfagleg samansett og har faste møte der elevsaker etter foreldresamtykke vert drøfta.

Alle nye system og ny praksis krev opplæring for alle som skal ta det nye i bruk, noko som krev tid og ressursar.

Nytt skulebygg og bibliotek

Vi ser fram til å flytte inn i nye lokale i 2025. I byggeperioden har modulbygget fungert.

Erfaringane i 2024 er prega av tronge og upraktiske arbeidsforhold. Undervisning som vanlegvis skal vere i spesialrom, som kunst og handverk, musikk og naturfag, skjer i klasserommet og undervisningsmaterialet må berast til og frå. Det er mangel på grupperom til undervisning, dei tilsette har ulik tilgang på eigna kontor og lagerkapasiteten er rotete og uoversiktleg.

Undervisningslokalitetar har vore leigd i Kyrkjjetunet, frå Soknerådet, og frå NKKA for å gje elevane undervisning. Også personalressursar har vore leigd for å sikre tryggleik i undervisningssituasjonen.

Før skulestart hausten 2024 vart personalrommet i kjellaren på barneskulen, kjøkkenet ved Myldrerommet rehabilitert. Modular frå tidlegare skulekjøkkenet vart nytta til rehabilitering av kjøkkenet og resultatet vart veldig bra! Personalrommet i kjellaren vert nytta til undervisning i faget *Mat og helse* for 10.trinn. Det er generelt trangt og upraktisk, men fungerer i ein overgangsperiode.

Det er sett inn støyreducerande dør mellom ein elevgarderobe og Myldrerommet, eit svært vellukka tiltak.

Uteområdet til elevane har gradvis vorte redusert. Leikeapparat ved barneskulen har vorte fjerna då dei ikkje var trygge nok til å bruke. Ballbingen har i periodar vore stengt og vart permanent stengt for bruk desember 2024. Ungdomskulen har stort sett nytta uteplassen ved idrettsbygget, eit uteområde som ikkje er utfordrande og stimulerande. Vestibylen i idrettsbygget har vore tilgjengeleg for ungdomane i friminutta. Det er utfordrande å ikkje ha tilfredsstillande uteområde for elevane.

Handlingsprogrammet til samfunnsdelen 2020 – 2030

4.4 God oppvekst

Mål: Barnehagen, skulen og kulturskulen i Solund skal vere inkluderande og trygge arenaer der barna trivst, utviklar seg, lærer og har gode kvardagar.

Korleis

A. Alle skal vere opptatt av trivsel, meistring og læring i oppvekstsektoren, og det skal leggast vekt på godt samarbeid mellom heim og oppvekst.

Skulen har systematiserte møte med skulemiljø som fokustema internt mellom tilsette og mellom skulen og heimen.

B. Oppvekst skal vere aktiv del av lokalsamfunnet der ein styrkar verdiar som frivilligheit, deltaking, kultur og idrett.

Skulen legg til rette for at elevar

- deltek på arrangement som skjer i lokalsamfunnet, for eksempel TV-aksjonen
- deltek på ulike markeringar der det er ønskjeleg at skulemusikken deltek
- etter søknad får delta på idrettsarrangement på regions- og landsnivå

C. Sikre at skule og barnehage er med på å gje barn og unge eit positivt inntrykk av Solund gjennom deltaking i nærmiljøet og god kontakt med næringslivet.

Skulen har som del av årshjulet å besøke ulike stader i Solund og har partnerskapsavtale med del av næringslivet. Valfaget «Praktisk handverk» har hatt samarbeid med lokalt næringsliv i opplæringa i faget. Frå august 2023 har skulen kjøpt undervisningskompetanse frå Austrheim VGS. Dette som ledd i verte kjent med mogelege yrkesval som er i nærmiljøet. Evaluering er planlagt og med det håp om å få tips til korleis lokalt næringsliv kan verte meir med i samarbeidet.

Hausten 2024 vart det etablert to elevbedrifter ved skulen; *Solund skilt* og *Bakepikene*. Skulen er inne i ein prosess med å delta i prosjektet Læring i Næring, mest truleg vil dette verte iverksett frå skuleåret 2025 – 2026.

D. Vidareutvikle eit positivt og inkluderande oppvekstmiljø, der ein mellom anna nyttar sosial handlingsplan systematisk i arbeide med å fremje sosial kompetanse, psykisk og fysisk helse, samt jamnar ut sosial ulikskap.

Sosial handlingsplan vert gjort kjent for tilsette, føresette og elevar. SMART oppvekst er planlagt å verte nytta som verktøy for utvikling av sosial kompetanse innan oppvekst. I rapporteringsåret har det vore utfordrande å følgje opp arbeidet med dette verktøyet.

Hausten 2024 vart det rekruttere tilsett med sosialpedagogisk kompetanse i oppvekst som vert nytta både til elevoppfølging, rettleiingsarbeidet med føresette og kompetanseheving til tilsette.

Det ligg føre ønskje og plan for å få etablert Miljøteam på tvers av barnehage og skule. Om dette vert verkelegheit vil tida vise.

E. Sikre eit høgt fagleg nivå på læringsarbeidet og varierte undervisningsmetodar, der det vert lagt vekt på at alle skal kunne oppleve utfordringar og meistring.

Skulen lukkast ikkje med å rekruttere undervisningskompetanse i tråd med forskrifta til opplæringslova. Personalgruppa er variert og samansett med ulike erfaringar og kompetanse. I tillegg opplever vi at utfordringar i elevgruppa har endra seg og at personalgruppa ikkje har naudsynt kompetanse til å møte elevane godt nok. Skulen bruker ressursar på støttefunksjonar i elevgrupper, dele elevgrupper og forsterke vaksenttleik.

F. Samarbeid mellom barnehage og skule for å sikre god overgang for å sikre god overgang for det einskilde barnet og elevgruppa.

Plan for overgang og samanheng mellom barnehage og skule er grunnlaget for samarbeidet gjennom eitt år. Barnehage og skule nyttar i periodar dei same personalressursane for å trygge barnegruppa, for eksempel dei første vekene i starten av skuleåret.

G. Tidleg tverrfagleg samarbeid mellom føresette, skule, barnehage, PPT, skulehelsestasjonen og barnevern, der ein er uroa for den faglege og/eller den sosiale utviklinga.

Skulen er representert i ansvarsgruppe rundt elevar der dette er naudsynt. Rettleiingsteamet har månadlege møte på skulen der saker kan verte meldt opp og drøfta. Spesialpedagogisk gruppe har faste møte og drøftar saker som vert meldt inn frå kontaktlærar for elevgruppa. Tverrfagleg koordineringsteam har møte annakvar veke og drøftar felles overordna problemstillingar. Prosjektet med å ta i bruk verktøyet Betre Tidleg innsats er starta.

H. Sikre rett kompetanse, ta i bruk teknologiske moglegheiter og bruke digitale verktøy i læringsarbeid.

Personalgruppa utviklar eiga kompetanse og tek i bruk digitale verktøy i læringsarbeidet. Skulen nyttar fysiske og digitale lærebøker, iPad, PC og fysiske skrивebøker i læringsarbeidet med elevane. For å nå målet er det naudsynt med personalressurs med kompetanse og som har fokus på utvikling innan området. Skulen har digipedagog med ca. 40 % stillingsstorleik.

I. Bruke SU og SMU møta på skulen og i barnehagen aktivt som eit verktøy for å sikre barn og foreldre medverknad og oppnå intensjonen og målet om å skape ein god oppvekst for barn og unge i Solund. I tillegg til SU/SMU møte har rektor jamne møte med elevrådet og FAU-leiar.

J. Sikre godt samarbeide mellom skule og vidaregåande skule for å skape gode overgangar for ungdomane.

Ungdomskuleelevane har system på VGS-hospitering, informasjon om ulike programfag, besøk og informasjon frå VGS. Skulen har også nytta lærar-ressurs ved Austrheim VGS i undervisninga av framandspråk 2 då skulen mangla denne kompetansen sjølv samt til undervisning i fordjupingsfaget Arbeidslivsfag.

Elevar	<u>GSI pr 01.10.2024:</u> 64 elevar, fordelt med 43 elevar på barneskulen og 21 elevar på ungdomskulen. 23 elevar på SFO av 28 elevar på 1.-4.trinn 16 elevar på leksehjelp, fordelte på heile barnetrinnet 7 elevar på leirskule våren 2024 30 elevar nyttar skuleskyss
--------	---

Felles oppvekst og kultur

Innanfor ansvarsområdet ligg leiar for oppvekst- og kultursektoren, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), vaksenopplæring, skuleskyss, ressurspedagog knytt til oppvekstmiljøet i Solund og interkommunalt krisesenter. Leiar for oppvekst og kultur har det overordna administrative ansvaret for barnehage, skule, kulturskule og bibliotek. I 2024 har det vore arbeidd mykje med innføring av nytt sakshandsamings- og arkivsystem for barnehagen og skulen (Visma Flyt Sikker Sak), og innføring

av nytt kvalitetssystem. Begge systema vart tekne i bruk frå august, og det vart gjennomført opplæring av tilsette. Arbeidet med implementering av systema vil halde fram utover i 2025. for amfiet og scena i det nye bygget. Søknaden vert handsama i fylkeskommunen i september. Det har også vore arbeidd mykje med oppfølginga av plan for førebyggjande arbeid for barn og unge og innføring av BTI (betre tverrfagleg innsats). Mellom anna har ein gjennomført felles fagdagar for alle tilsette som møter barn og unge i Solund kommune. Også dette arbeidet vil ha fokus utover 2025. Noko av løna til leiar for oppvekst og kultur har vore ført mot dette prosjektet hausten 2024 og henta frå tilskotsmidlar Solund kommune har fått frå Bufdir. Det har også vore arbeidd mykje med ny skule og bibliotek. Det er mange detaljar som skal på plass i eit så stort prosjekt.

Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa gjev tilbod om norskopplæring på dagtid og på kveldstid. Tilbodet på dagtid er hovudsakleg for flyktingar, men det vert også nytta av andre. Norskurs på kveldstid vert nytta av andre med behov for norskopplæring, gjerne arbeidsinnvandrarar. Fram til mars hadde ein to lærar tilsett i tenesta, tilsvarande 1,85 årsverk. Fram mot sommaren var alle flyktingane ferdige med norskopplæringa gjennom introduksjonsprogrammet. Hausten 2024 var det difor lite norskopplæring på dagtid, ein har hatt eit tilbod for andre framandspråklege som ønskjer opplæring på dagtid. Det er krevjande å oppretthalde tenesta når elevtalet er så skiftande. Endå vanskelegare vert det no, når introduksjonsprogrammet for ukrainske flyktingar berre er seks månader.

Pedagogisk-psykologisk teneste – PPT

PPT er ein lovpålagt teneste. Solund deltek i det interkommunale samarbeidet «Ytre Sogn og - Sunnfjord PPT». Leiar for oppvekst og kultur deltek i fagrådsmøte i samarbeidet. Både barnehage og skule nyttar tenester frå det interkommunale samarbeidet, noko som gjer at oppvekst har tilgang til ulike spesialpedagogiske kompetanse. Barnehagen og skulen har faste kontaktpersonar i PPT, og desse deltek mellom anna i faste møte i rettleiingsteamet. Utgiftene til PP-tenestene vert fordelt mellom deltakarkommunane ut i frå barne- og elevtal i kommunane.

Spesialpedagog

Våren 2024 lukkast ein i å tilsetje spesialpedagog med oppstart frå skulestart. Spesialpedagogen har arbeidsoppgåver både i barnehagen og på skulen, men løna vert ført her. Det har vore svært positivt for oppvekstsektoren å få på plass ein spesialpedagogressurs.

Skuleskyss

Til dette området ligg skuleskyss for grunnskuleelevane i kommunen. Det er Skyss som har ansvaret for gjennomføringa av skuleskyss, medan kommunen betaler for alle elevane som har skuleskyss. Det er nærare 30 elevar som nyttar skuleskyss.

Ressurspedagog

Arbeidet med inkluderande oppvekstmiljø er eit viktig satsingsområde for oppvekst- og kultursektoren. Ressurspedagogen har arbeidsoppgåver både i barnehagen, på skulen og i kulturskulen. I løpet av hausten har ressurspedagogen fått oppgåver knytt til innføring av BTI 20% av løna er difor ført mot dette prosjektet og henta frå tilskotsmidlar Solund kommune har fått frå Bufdir.

Krisesenter

Det interkommunale krisesenteret som Solund er ein del av, ligg i Florø. Solund kommune har om lag kr 100.000,- i årlege utgifter knytt til dette.

Samla sett har ansvarsområdet eit mindreforbruk på om lag kr 228.000,-. Dette skuldast i hovudsak sjukerefusjonar og mindre utgifter enn venta knytt til norskopplæring på dagtid, i tillegg til at noko løn er dekkja av tilskot frå Bufdir. Tidlegare år har ein også satt av midlar til HAFS-oppvekst i balansen som har vist seg å ikkje bli aktuelle. Desse midlane vert ført tilbake i drifta i 2024 som ein inntekt på 120.000,-.

Kultur

Til dette ansvarsområdet ligg utgiftspostar knytt til ulike kulturtiltak, til dømes Bygdekinoen, Musea i Sogn og Fjordane, leige av Grendahuset for Solund skulemusikk og tilskot til instruktørar/dirigent for skulemusikken. Utgiftene på dette ansvarsområdet er stort sett faste. Dei er heller ikkje så store, men gjev viktige bidrag til eit godt kulturliv i kommunen.

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på kr 89 000. Dette skuldast utbetaling av fleire tilskot enn budsjettert, mellom anna til Lysfestivalen og til Solund ungdomslag til nye taklys i Grendahuset.

Biblioteket

Biblioteket har òg i 2024 hatt eit godt og stabilt besøk og utlån.

Biblioteket har òg i år hatt sommarjobbarar. Forutan det å katalogisere seriebøker mm. har dei òg betjent publikum.

Biblioteket hadde òg i år Sommarleskonkurranse med bra deltaking. Av mangel på lokale blei det heller ikkje i 2024 avslutningsfest for Sommarles-deltakarar, men dei får premiar undervegs.

HAFS-bibliotek-samarbeidet fekk ikkje til nokon samling i 2024 heller. Men andre samlingar som biblioteksjefen har vore på er desse:

Lesing for dei minste (Skei, 19/3)

Bibliotekdagane (Voss, 4. og 5./6)

Lesing for dei minste (Hyllestad 1/10)

Skulebibliotekkonferanse (Bergen, 30/10)

Prosjektsamling for bibliotektilsette (Norheimsund, 10/11 -24)

+ nokre digitale: Er bl.a. med i ei gruppe som heite Skulebibliotekplakaten, som har til formål å skape gode skulebibliotek. Vi har som regel eit digitalt møte 1 måndag i månaden.

Meir info i frå austevollbibliotek.no:

Samarbeidet om skulebibliotekplakaten kom ut av Bibliotekdagane 2023, med tema biblioteksamarbeid, i regi av Vestland fylkeskommune ved eining for bibliotekutvikling. Bibliotekdagane resulterte i fleire arbeidsgrupper, kvar sentrerte kring særskilte tema. Denne gruppa samlast kring eit ynskje om å forbetre skulebiblioteka i sine kommunar, og hadde mål om å jobbe fram ein skulebibliotekstandard for Vestland. I løpet av dagane i Balestrand vart arbeidsgruppa si målsetjing konsentrert ned til ein skulebibliotekplakat. Ein standard for minimumskrav for skulebibliotek, eit sett med punkt som fungerer som eit hjelpemiddel for å starte satsinga på skulebiblioteka i eigen kommune.

Gruppa gir eit godt grunnlag når vi no skal bli både skule- og folkebibliotek (kombinasjonsbibliotek).

Biblioteket har heldt seg innafor Budsjettet med god margin.

Elles har det vore (og er) rikeleg å gjere i høve flytting til eit nytt bibliotek. Vi har hatt flyttesjauar før, men denne gongen blir det meir gledeleg.

Solund kulturskule

Personale

Vårtermin		Hausttermin	
Kulturskulerektor	30 % administrasjon	Kulturskulerektor	60 % administrasjon m.m
Kulturskulerektor	30 % undervisning	Instrumentallærarar	50 %
Instrumentallærar	15 %	SoKult Media og gaming	30 %
Rockegruppeinstruktør	15 %		
Gaminglærar	20 %		

Kulturskulen leiger ut instrumentallærar i 15% til Solund skulemusikk

1 elev har fått rolle som assistent på SoKult Media gjennom ungt entreprenørskap

Faste Kursaktivitetar

SoKult Media	8 elevar
Ensemble med blåseinstrument	6 elevar
Piano/gitar	8 elevar
Rockeverkstad	6 elevar
Kreativ verkstad	8 elevar
Trommegruppa	Varierende tal

Kulturhagen

Eit samarbeid med barnehage og skulen . Kulturskulen tilbyr trommesirkel med fokus på rytme og takt gjennom leik og samspel med perkusjon og trommer.

Tiltaket har vore passivt grunna sjukdom og manglande lokalitet i samband med bygging av nytt skulebygg

Arrangement i løpet av året

UKM (mars)

UKM vart arrangert helga 22.-23. mars i Solund Grendahus. Det var eit samarbeid med ungdomskoordinator. Mange unge utøvarar fekk stå på scena, og det var fleire ulike sjangrar representert, både kunst, film, dans og musikk. Tre innslag vart sendt vidare til regionalt UKM i Førde

Lysfestival 2024 (november)

Programmering , administrasjon og arrangement.

Samarbeid med skule, barnehage, Barnas Turlag, næringsliv, skulemusikken, Solund kyrkje, Solund Ungdomslag, Solund Musikk og Teaterverkstad, Frivilligsentralen, private aktørar mfl.,

Møtearenaer

Administrasjonsmøte med leiarar i oppvekst og kultur, møtast kvar 14 dag

Plandagar med skule og barnehage

Kulturskulekonferansar, UKM, KS, kulturskulerådet

UKM-kontakt: møte med ungdommar som er kulturkontaktar ca. kvar anna månad

Eksterne samarbeid

Frå hausten 2024 søkte elevar frå rockeverkstaden på opptak i fordjupingsprogrammet på kulturskulen i Sunnfjord og kom inn. Fordjupingsprogrammet er eit tilbod til elevar som er særleg motiverte for større undervisningsmengde og meir systematisk eigeninnsats.

Fordjupingstilbodet passar for ungdommar i alderen 13-19 år, som er elev i ein kulturskule i

regionen. (Askvoll, Bremanger, Fjaler, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Solund, Stryn og Sunnfjord kommunar) Kulturskulelæraren er den som tilrår eleven å søkje.

Ansvarsområdet har eit meirforbruk på om lag kr 65.000,-, knytt til m.a. større utgifter til kjøp av tenester enn forventa og mindre refusjon frå fylkeskommunen knytt til UKM.

Ungdomsråd og ungdomssatsing

Her ligg midlar til disposisjon for ungdomsrådet, tilskot til lokalt transporttilbod for ungdom og utbetaling av verdibrev for ungdom. Lokalt transporttilbod for ungdom har blitt nytta mykje i 2024. Det er svært gledeleg, men samtidig inneber det at ein har brukt opp alle oppsparte midlar til formålet. Ein er difor avhengig av å få tildelt mykje midlar i 2025 for å oppretthalde tilbodet på same nivå som i 2024. Det har blitt utbetalt to verdibrev for ungdom i 2024. Det er det same som året før. Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr 15.000,-, grunna bruk av fond for å dekke noko av utgiftene til lokalt transporttilbod for ungdom.

Barnevern

Solund kommune er ein del av HAFS barnevernteneste, som er eit vertskommunesamarbeid der Fjaler er vertskommune. Tenesta er lokalisert i Dale. Utgiftene til tenesta vert fordelt mellom kommunane ut i frå barnetal. Deltakarkommunane er Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund. Tiltak som barnevernet set i verk vert dekkja av den enkelte kommunen. Barnevernstenesta har 10 stillingsheimlar. Tenesta har over fleire år hatt store utfordringar med å fylle desse stillingsheimlane, knytt til vakansar, sjukefråvær og permisjonar. For å avhjelpe situasjonen har ein nytta innleigde konsulentar, noko som er betydeleg dyrare enn å ha faste tilsette. Situasjonen har betra seg mykje gjennom siste halvdel av 2024. Det har mellom anna vorte tilsett ny leiar, og ein har lukkast i å tilsetje fleire med sosialfagleg kompetanse (barnevernspedagog og sosionom).

Samla sett hadde barnevernstenesta 85 aktive saker ved utgangen av 2024. Barnevernstenesta har ikkje fått meldingar og opna nye undersøkingar i Solund i 2024. Det i seg sjølv er bekymringsverdige, då dette kan tyde på ei underrapportering frå Solund. Barnevernstenesta melder elles om at ein større del av sakene enn tidlegare har høg alvorgrad. Dette er noko ein må ha fokus på i det tverrfaglege samarbeidet framover.

I løpet av 2024 har ein fått på plass att tverrfaglege møteplassar der barnevernet møter alle tenester i Solund kommune som arbeider med barn, unge og familiar. Dette er møte ein hadde fast tidlegare, men dei har ikkje vore gjennomførte på mange år, grunna kapasitetsproblem hos barnevernet. Når barnevernet no har fått på plass fleire tilsette har dei også noko meir kapasitet til førebyggjande arbeid. Mange alvorlege saker gjer likevel at kapasiteten til førebyggjande arbeid hos barnevernet framleis er noko avgrensa. Dei tverrfaglege møta er likevel sett, og det er planlagt at det skal vere tre møte i året, eitt på vinteren, eitt på våren og eitt på hausten.

Ansvarsområdet har eit mindreforbruk på kr 147.000,-. Dette skuldast færre utgifter til barnevernstiltak og til den interkommunale drifta enn budsjettet.

Helse- og omsorg

Ansvar	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik
Helsetenester	5 420 153,-	6 803 000,-	1 382 847,-
Helsestasjon- og skulehelseteneste	991 718,-	964 000,-	-27 718,-
Psykisk helse og psykolog	624 324,-	549 000,-	-75 324,-
Rus og psykiatri	302 074,-	300 000,-	-2 074,-
Psykososialt kriseteam	0,-	0,-	0,-
Pleie- og omsorg	23 472 219,-	22 297 000,-	-1 175 219,-
Avdelingsleiar Solundheimen	742 256,-	517 000,-	-225 256,-
Avdelingsleiar heimebaserte tenester	321 745,-	260 000,-	-61 745,-
Avdelingsleiar kjøkken - vaskeri mm	410 371,-	461 000,-	50 629,-
Kommunal reinhaldsteneste	2 744 449,-	2 864 000,-	119 551,-

Lækjarteneste, helsestasjon- og skulehelseteneste, fysioterapi, psykolog, rus/psykiatri (rusomsorg), Friskliv, Ergoterapi, Dagsenter, institusjons- og heimebaserte pleie- og omsorgstenester, PU teneste, kjøken, vaskeri og reinhald for heile kommunen.

Kva prega året 2024?

Året har vore prega av personalmangel, kortvarig og av lenger karakter og vakante stillingar i 2 av tenestene, reinhald og institusjon/heimeteneste. Det har også vore avvikla permisjonar i fysioterapi og ergoterapi tenestene samt slutt av leiar for psykisk helse og rus. Me har fått tilsett ny psykolog og ny leiar for rus og psykiatri haust -24. Det er også tilsett permisjonsavløysar i fysioterapeut stillinga samt ergoterapeut var tilbake i september.

I reinhaldstenesta og i institusjon/heimetenesta har fråværet vore så høgt at det i periodar har vore vanskar med å oppretthalde fagleg forsvarleg heit og reinhald på kommunale bygg.

Helsetunet er eit gammalt og slite bygg, det er haust -24 starta oppussing av den eldste delen av sjukeheimen og det vil halde fram i -25. I ca. april/mai vil det verte bytt alle vindauge i bygget, då dei lek og det er store gliper i karmene. Det medfører vanskar med å oppretthalde tilfredsstillande inne temperatur.

Me har elles hatt ulike arrangement knytt til huset. Konsert, bingo, andakt, grillfest, julelunch osv.

Lækjarteneste

Året har vore prega av skiftande legar, men samstundes så har det opplevast stabilt, då det er dei same legane som går att og vi etter kvart kjenner , og som kjenner oss og Solund.

Utfordringane ligg gjerne i inn- og utmelding av systemet, slik at elektronisk kommunikasjonen/ data ikkje alltid er optimalt dei første dagane av vikarperioden. Dei faste tilsette (lege, sjukepleiar/legesekretær) er stabile og det er lite fråvær.

Det har vore jobba jamt i 2024 med rekruttering av lege til 30 % stilling og innan utgangen av året vart det signert arbeidskontrakt med to legar til fast stilling i Solund og som tek på seg fastlege ansvar for innbyggjarane våre. Dette er legar som har vore ei tid i systemet og er begynt å verte kjent med kommunen og innbyggjarane og som gleder seg til å ta fatt som fast tilsette i kommune.

Tilbakemeldinga frå vikarlegar som er innom er at legekantoret er godt utstyrt og veldrevet. Det speglar att oppleving ein har frå dei faste tilsette og.

At elektronisk kommunikasjon og journalsystem er utfordrande gjeld framleis, det heng gjerne saman med at her er mange system som skal kommunisere med kvarandre og at løysingar ikkje alltid er optimale.

Sjukepleiar/legesekretær var på akuttkurs for legevakt tilsette gjennom ambulansenesta i 2024 for å oppretthalde kompetanse og få oppdatering i nye prosedyrar innan akutt førstehjelp.

Tenesta fekk heile 1.600.000,- i tilskot frå Helsedirektoratet til styrking av legevakttenesta i distriktskommunar. I tillegg ligg der 450.000,- avsett i balansen tidlegare å til eigenandel på ambulansetjenester. Denne avtalen gjekk ut i 2022 og desse midlane vil ikkje bli utbetalt og vert difor ført tilbake i rekneskapen som ein inntekt i 2024.

Dette er med å forklare underforbruket på ansvaret for Helsetenester i 2024. At så mykje av det positive avviket er knytt til særskilte høve gjer at kommunedirektøren vil fylgje nøye med på utviklinga på økonomisida til legekantoret i 2025.

Helsestasjon/skulehelsetenesta

Skildring av drift/ aktivitet:

Tenesta har ein 100 % stilling, leiande helsesjukepleiar. Vi har 2 legar som har det medisinsk faglege ansvaret for helsestasjon og skulehelsetenesta og som er her 3 kvar veke. 30 barn i alderen 0 – 6 år og 65 barn på 1. – 10. trinn i skulen har fått tilbod om oppfølging frå tenesta.

Vi kjøper 0,1 stilling jordmorteneste frå Kinn kommune. Dei gravide reiser til Florø for kontrollar og kan delta på foreldreførebuaende kurs der. Vi har faste samarbeidsmøta på teams. Solund tilbyr ikkje heimebesøk av jordmor. Det var berre 3 fødselar i 2024.

Kommunepsykolog og fysioterapeut er fast med i konsultasjonar på ulike alderstrinn.

Andre ansvarsområde for helsesjukepleiar:

- Smittevern / Tuberkulosearbeid / Reisevaksinerer
- Leiar for koordinerte eining. Har opplæringsansvar til koordinatarar i samarbeid med fysioterapeut og ergoterapeut.
- Koordinator i ansvarsgrupper og i Individuell plan.
- Koordinator for psykososialt kriseteam.
- Delegert rettleiingsansvar.

Fokus har vore å arbeide meir med førebyggjande, tidleg innsats og med tverrfagleg samarbeid. Vi har no oppretta tverrfagleg koordineringsteam for barn og unge i helse saman med ergoterapeut, fysioterapeut, kommunepsykolog, Frisklivssentralen og helsestasjon-/skulehelsetenesta.

Tenesta samarbeider med oppvekstsektoren om betre tverrfagleg innsats (BTI).

Vi har eit nyoppretta konsultasjonsteam om vald og seksuelle overgrep mot barn, der kommunepsykolog er leiar. Målgruppe er alle som har en bekymring for om barn eller unge kan være utsett for vald eller seksuelle overgrep kan få drøfte bekymringa og få konkrete råd om vegen vidare.

Utanlandske innflyttarar krev ekstra ressursar. Deltakarar i introduksjonsprogrammet som har barn under 18 år skal delta på kurs i foreldrettleiing. International Child Development Programme (ICDP) er eit enkelt, helsefremmande og førebyggjande program retta mot omsorgsgjevarar, og har som mål å styrke omsorga og oppveksten for barn og unge. Foreldrerettleiingsprogrammet krev at minst ein må vere sertifisert rettleiarar f.o.m juli 2024. Dette gjer at vi no kan gjennomføre ICDP foreldrerettleiing utan å leige inn ressurs frå andre kommunar.

Vi har hatt samarbeid jf. vikarordning med Hyllestad kommune i ferieavvikling.

Prosjekt:

- Tilskotsmidlar frå Bufdir «foreldrestøttande tiltak» Babysong på tvers av generasjonar i samarbeid med Solund barnehage. Vi møtast på Solundheimen til glede for dei eldre på institusjonen. I 2025 skal midlane også brukast til sertifisering av nye ICDP rettleiarar.
- Framleis arbeid med nytt journalsystem i samarbeid med SYSIKT og Nordfjordnett.

- Vi deltok 2024 på «Juleglede» frå røde kors. Mange familiar merkar at økonomien er utfordrande.
- Prosjektgruppe samhandling der u.t representerer HAFS kommunane. Eit samhandlingsprosjekt mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta. Det arrangerast samhandlingsdagar/Workshop med fokus på, «Korleis skape godt samarbeid på tvers av sjukehus og kommune om oppfølging til barn og unge med barneautisme?»

Kompetanseheving i 2024:

U.t har delteke på samling i nettverk for førebyggjande arbeid mot vald og overgrep mot barn og unge i regi av Statsforvaltaren.

Helsestasjon for ungdom. «HSU skulen» i regi av NSF

Helsesjukepleiarkongress.

Utfordringar vidare:

Det er helsesjukepleier som tek heimebesøk for jordmor i løpet av dei 3 fyrste dagane, då vi ikkje har tilsett jordmor i eigen kommune.

Tenesta vart ikkje involvert i prosessen om lokale til skulehelsetenesta i nyskulen.

Ein manglar gode møterom for småbarnstreff.

Ein manglar garderobe på arbeidsplassen.

Helsestasjonen må dele venterom med legekantoret, noko som ikkje er bra jf. smittevern.

Kommunepsykologtenesta

Kommunepsykolog frå 26.august 2024 i 100 % stilling. Tenesta var vakant frem til det.

Skildring av vanleg drift/ aktivitet:

Kommunepsykologen gir samtalar og oppfølging til innbyggjarar i alle aldersgrupper med psykiske helseplager eller mistanke om dette, samt samarbeider med andre instansar.

Psykologen har også førebyggjande oppgåver.

Tenesta var prega av at journalsystemet ikkje kom opp før i november. Det var mange tilviste ved oppstart av journalsystem, tilbake frå siste veka i august. Psykologen starta oppfølging av totalt 19 pasientar i løpet av november og desember. Desse var tilviste frå helsesjukepleiar og lege, samt nokre som tok direkte kontakt med psykolog. Frå 2025 tek ikkje psykolog inn pasientar ved direkte kontakt, men vil få tilviste frå helsesjukepleiar eller lege, i tråd med BTI modellen. Unntak gjeld dersom psykologen har born eller forelder i oppfølging, og det framkjem opplysningar som tilseier behov for oppfølging av born/søsken eller foreldrerettlegg.

Alder og kjønn blant dei tilviste i 2024:

- 0 - 18 år: 8
- 18 - 49 år: 9
- 50+ år: 2

14 kvinner og 5 menn.

Forutan klinisk oppfølging har psykologen hatt fokus på førebyggjande arbeid og samarbeid på tvers av tenester. Det har vore ulike samarbeidsmøte med andre tenester, som barnehage, skule, PPT, NAV, flyktingtenesta, barnevern, fysio/ergo og helsesjukepleiar. Psykologen har innlegg på småbarnstreff om relevante tema, samt er fast med på 18 månadars kontroll på helsestasjonen med helsesjukepleiar og får der møtt borna og foreldra. Psykologen gjekk inn som koordinator i konsultasjonsteam om vald og overgrep, som blei etablert mot slutten av året. Psykologen deltek elles fast i rettleiingsteam og psykososialt kriseteam.

Psykologen har delteke på foreldremøte på barne- og ungdomsskule, samt heldt undervisning for elevane saman med helsesjukepleiar. Sistnemnte har vore knytt til ulike tema innan psykisk, fysisk og seksuell helse.

Psykologen er fagleg leiar for rus- og psykisk helse, og rettleiar tilsett der og helsesjukepleiar. Deltek elles på tverrfagleg møte på skule, observerer i klassemiljø og vil gå i gang med rettleiing av tilsette i skule i 2025.

Kompetanseheving:

Psykologen får rettleiing frå psykologspesialist og er i spesialisering gjennom Norsk Psykologforeininga.

Kurs:

- EMDR trinn 1, som er ei evidensbasert behandlingsform for blant anna traumeproblematikk.
- Kriseteamskule del 2 og del 3.
- Deltok på samhandlingsdagane i Førde.

Mål for drifta i 2025:

Fortsette å styrke samarbeidet med andre tenester. Fokus på førebyggjande arbeid, kompetanseheving og kunnskapsutvikling, tilby temakveldar/undervisning til innbyggjarar generelt, i tillegg til barnehage, skule og foreldre.

Rus/psykiatri og friskliv

Rus/psykiatri:

Tenesta har i 2024 vore drifta av to tilsette fram til juni, då slutta leiar og det var opphald før ny tilsetjing av ny leiar 1.oktober. Leiar/miljøterapeut i om lag 50% stilling og sjukepleiar i 20% stilling. Sjukepleiar har sa opp stillinga og hadde siste arbeidsdag 23.12.24. Det planleggast ikkje med ny tilsetjing på noverande tidspunkt.

Kommunepsykolog starta 26 august og er fagleg ansvarleg for tenesta. Kommunepsykologstillinga har vore vakant sidan september 2023, og tenesta si faglege kompetanse har vore påverka av dette, heldigvis lukkast me med tilsetjing.

Tenesta er eit lågterskeltilbod med fokus på forebyggjande arbeid, langtidsoppfølging av vaksne med moderate og alvorlege vanskar innan psykisk helse og/eller rus. Ved milde til moderate vanskar tilbydast òg kortare oppfølgingsperiodar. Oppfølginga inneber mellom anna støttesamtalar, kognitiv åtferdsterapi, rettleiing i og tilrettelegging for fysisk aktivitet, sosialisering, arbeid og annan deltaking i samfunnet, samt koordinering og samarbeid på tvers av tenester.

Det er hovudvekt av brukarar med psykiske vanskar utan vanskar knytt til rusmidlar. Dei siste åra har det vore ei auke i tal unge vaksne brukarar i tenesta, og desse har i all hovudsak vore tilvist frå spesialisthelsetenesta.

Løn til støtte- og treningskontaktar, er budsjettert for på ansvar 314, men ført på ansvar 313,

Løn til sjukepleiar i 20% stilling budsjetterast og førast på sjukeheimen og ikkje på psykisk helse og rustenesta, rekneskapen reflekterer difor ikkje alle kostnader knytt til drift av tenesta.

Frisklivssentralen:

Tenesta er eit lågterskel tilbod for personar med auka risiko for å utvikle livsstilssjukdommar, eller som allereie har livsstilssjukdommar og treng hjelp til å handtere dei. Frisklivssentralen tilbyr individuell rettleiing innan fysisk aktivitet, kosthald, søvn og tobakk. Metodane som nyttast er motiverande samtalar, rettleiing og kursing.

Tilbodet "Aktiv på dagtid" har i 2024 blitt endra då ein har grunna endra ressursar fokusert på individuell oppfølging. Tidlegare har det vore eit nært samarbeid med fysioterapeut, men pga. endra behov og ressurstilgang i tenesta er dette no ikkje mogleg. Frisklivssentralen etablerte i perioden oktober-januar ein arena for fritrening for alle som har tilgang til treningssenteret måndag og torsdag ifrå 11-13. Dette har også fungert som ein sosialisering arena for brukarane av Frisklivssentralen. Det same er blitt gjort når det gjeldt lågterskel fysisk aktivitet i bassenget. Basseng aktiviteten er etter nyttår overtatt av Frivilligsentralen. Frisklivssentralen har 3 nye brukarar i perioden okt- og ut året. Fritreninga på

treningssenteret har på det jamne ca.10 brukarar både måndag og tysdag.
Bassengaktiviteten har mellom 12-16 brukarar kvar veke.

Fysioterapitenesta

Fysioterapeut har fastlønstilskot frå Helfo. Den daglege drifta i fysioterapitenesta går som normalt fyrste og siste del av året.

Frå april gjekk fysioterapeuten i permisjon og stillinga vart ubesett. Helse og omsorgsleiar tok over ansvar for hjelpemiddel og vart kontaktperson for Hjelpemiddelsentralen. Me fekk tilsett fysioterapeut i vikariat frå 1 november og tenesta vert drifta godt.

Fysioterapitenesta behandlar ca. 40 pasientar i veka frå 0-100 år med ulike behov, samstundes har ein ansvar for sjukeheimsbebuarar. Det er godt samarbeid mellom alle avdelingar.

Sjukeheim/heimetenesta/miljøteneste (PU)

Året har vore prega av personalmangel, spesielt siste halvdel av -24. Det har vore kortidsfråvær og fråvær av lengre karakter, samt 5 vakante sjukepleiarstillingar og vakante helgestillingar.

Me har måtta nytte vikarbyrå og har ved avslutning av året inne 4 stk. frå byrå, som fører til store ekstrautgifter og overskriding av budsjett. Det har også vore ein del forskyving av vakter samt overtidsbruk.

Dei tilsette har trådd til og stått på med ekstravakter og vakante vakter, både helse og omsorgsleiar og leiar for sjukeheim og heimetenester har gått vakter.

Me har utlysing etter sjukepleiar liggande konstant ute, men det har dessverre vore liten respons. Me fekk tilsett ein sjukepleiar som har oppstart 1 januar -25, samt ein helsefagarbeidar som startar i løpet av våren -25. Me har også fått besett 2 helgestillingar i løpet av -24, og 1 ny tilkallingsvikar.

Det vert arbeidd med ny turnus som forhåpentlegvis vil sikre betre sjukepleiar dekning framover.

Pasientbelegget har også auka litt samt nedgang i KAD i -24, oppdraga i heimetenesta aukar jamt:

KAD seng – 6,4%

Avdeling - 71,5%

Heimetenestene har tilsyn måndag-fredag i ytre Sula samt anna kvar veke med båttransport til øyane.

PU vert drifta som normalt med same belegg som tidlegare år. Det har vore endringar i finansieringsordninga for ressurskrevjande brukarar. Endringane i ordninga treffer 2024 på fleire måtar. I tillegg til at ordninga er lagt om har Solund kommune gått gjennom rapporteringa si grundig i samband med nytt regelverk, og gjennomgangen synar at det ikkje er grunnlag for å rapportere like høge utgifter som ein har gjort tidlegare. I tillegg vert tilskotet utbetalt etterskotsvis i mai kvart år, men på grunn av anordningsprinsippet må tilskotet førast som ein inntekt det året det gjeld, altså året før. Då ein ikkje kjenner utbetalinga når rekneskapen vert avslutta må ein gjere eit beste estimat. Endringane og gjennomgangen av ordninga gjorde at Solund kommune bomma på dette estimatet i 2023. Ein rekna med å få nesten 3.200.000,- men fekk utbetalt 2.500.000,-. Mykje av dette vart kompensert av kommunestyre i budsjettjusteringssaka, men i tillegg vert også neste års tilskot lågare enn tidlegare. Truleg om lag på same nivå som i 2024. I høve revidert budsjett sit ein att med 600.000,- i inntektssvikt knytt till ressurskrevjande brukarar. Inntektene elles er derimot gode og samla sett er inntektene for Pleie- og omsorg 200.000,- under budsjett.

Resten av overforbruket er knytt til bruk av vikarbyrå, og auke utgifter til omsorgsløn og alarmsentralen IKS.

Ergoterapitenesta/dagsenter

Solund Dagsenter har hatt kontinuerleg drift i -24. Tilbodet driftast av ein helsefagarbeidar, og ein person i varig tilrettelagt arbeid. Frå september tok ergoterapeuten over ansvaret som dagleg leiar, og har i tillegg ansvar for organisert fysisk aktivitet ein time kvar torsdag for dei besøkande. I slutten av november begynte det ein person i språkpraksis ved Solund Dagsenter, og skal bidra kvar tysdag i tre månadar.

Det er eit nytt vedtak i -24, og to stykk som nytta seg av prøvetid de siste vekene i desember – og ønsker å søke om vedtak i -25. I desember er det totalt 10 vedtak på torsdagen, og eit vedtak på tysdagen. Torsdagen er derav full, då 10 vedtak per dag er maks antall. Det vil derav kunne verte venteliste på torsdagane.

Målet har vore å ha eit varierende tilbod til brukarane, basert på individuell tilpassa aktivitetar. Ein har vore på fleire turar også innad i kommunen. Ved senteret yter ein eit tilbod til eldre heimebuande innbyggjarar som har behov for aktivisering og sosialisering, samt heimebuande innbyggjarar med ein demenssjukdom. Ein har også besøk av bebuarar frå institusjonen.

Utfordringar er lite tilrettelagte lokale med kontinuerleg støy frå ventilasjonsanlegget, ikkje tilrettelagt lokale for handarbeid som snekring mm, samt lang avstand til toalett for brukarar. Ein annan utfordring er manglande transporttilbod til og frå senteret på tysdagane, som gjer at torsdagane er mest attraktive for de heimebuande innbyggjarane.

Positivt er gode tilbakemeldingar frå dei besøkande og oppretthald av besøkande. Samt godt samarbeid med aktivitør i form av bingo ved Dagsenteret en gang i månaden, da opent for alle til å delta. De tilsette har også vært på hospitering ved et Dagsenter i Førde, som har bidratt positivt til både fagutvikling og kollegamiljø.

Investeringar i -24. Strykejern, kaffikanne og en stemmeforsterkar med to ulike mikrofonar (brukt midlar frå gåvefondet til denne).

Prosjekt -24: Vi har fortsett arbeidet med å fremme ønske om et nytt frittstående bygg (hagestove), først og fremst til bruk av besøkande ved Solund Dagsenter, men også institusjon og andre formål. Målet med prosjektet er å få meir tilrettelagte rom/lokale, med rom for ulike typer aktivitet både innan- og utandørs.

Ergoterapitenesta har ikkje vært drifta fram til september, men normal drift med 100% stilling frå september og ut året. Etter oppstart har det vært stor etterspørsel av bistand til rehabilitering i heim og ved institusjon, samt ergoterapiintervensjon relatert til aktivitetsutfordringar spesielt innanfor høyrse, syn og kognisjon, men også rørsle.

Ergoterapeuten hadde også eit innlegg under Seniorkonferansen '24 i Solund kommune med tema; Høyrse og hørsels tekniske hjelpemiddel.

Kjøkken, vaskeri og reinhald.

KJØKEN: F.o.m. august har vi levert middag til Aasen & Øvrelid, dette har fungert greitt.

Prisstigning er som sist år, ei utfordring. Spesielt fisk og fiskeprodukt er blitt mykje dyrare.

VASKERI: Drifta går som normalt, ingen store utfordringar. Ein ventar framleis på oppgradering av tørkerom

REINHOLD: I -24 har det som førre år vore svært høgt sjukefråvær, dette er mykje grunna slitasjeskader. Reinhald er fysisk tungt arbeid, spesielt på gamle bygg som til dømes kommunehuset og helsetunet.

Det er krevjande å få tak i vikarar, som igjen medfører at ein må prioritere kvar ein kan utføre reinhald. Solundheimen, skular og barnehage kjem fyrst, dei andre stadene kan det bytast om på dagar og i verste fall ikkje verte utført reinhald etter planen.

Samfunns- og næringsutvikling

Ansvar	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik
Samfunns- og næringsutvikling	3 379 933,-	3 630 000,-	250 067,-
Frivilligsentral	803 700,-	508 000,-	-295 700,-
Gjenbruket	362 395,-	357 000,-	-5 395,-
Folkehelsearbeid	196 847,-	522 000,-	325 153,-
Nav Solund	990 288,-	575 000,-	-415 288,-

Sektorens hovudmål er å levere og utvikle tenester, og drive samfunnsutvikling innanfor områda, næring, overordna planarbeid, klima, miljø og berekraft, samferdsle, mobil og fiber, folkehelse, idrett og friluftsliv, frivilligsentral, Gjenbruket, NAV tenester til beste for innbygarane.

Samfunns- og næringsutvikling

Det var tilsett ny leiar for sektoren med delvis oppstart 2. april 2024. Frå 2. halvår har leiar vært på plass 100 % og det har vore arbeida med å bli kjent med sektoren, organisasjonen, samarbeidsaktørar og samfunnet. Det er som tidlegare år helde ein del faste møte som:

- Det skjer i Solund
- Faste møte med Næringsssamskipnaden
- Reiselivsforum

Det har også vore arbeida aktivt med bygdeveksttalen, særleg fram til prosjektleiar var på plass.

Kommunal planstrategi og Planprogrammet for revisjon av samfunnsdelen vart vedteke i 2024, i tillegg til fleire ulike temaplanar.

Gjennom året har sektoren også vore styrka med ein trainee innan kommunikasjon. Det er gjort mykje bra omdømmearbeid i ulike kommunikasjonskanalar, særleg på sosiale media. Men det er også vore arbeida med trykte materiale og utarbeida ein overordna kommunikasjonsstrategi for kommunen. Stillinga har gitt ekstra driv i samfunnsdelen sitt mål om å gjere Solund synleg.

Frivilligsentralen og Gjenbruket

For nærare opplysningar om aktiviteten vert det vist til Frivilligsentralen sin eiga årsmelding som vert særskilt handsama av årsmøte (formannskapet).

Folkehelsearbeid

I tillegg til lovpålagt o.a. folkehelsearbeid er det gjennomført mykje prosjektarbeid. Då særleg delar av eit tredelt prosjekt for sosial utjamning, frå tilskotsmidlar for berekraftig samfunnsutvikling og prosjektet Ung og framtida i Solund. Ein har arbeida godt med ekstern finansiering og mindreforbruket skuldast i stor grad at eksisterande ressursar har arbeida mot prosjekt.

NAV

NAV har eit større avvik mot revidert budsjett, men mykje av det skuldast nok feilbudsjettering i samband med budsjettrevisjon. NAV Solund sitt budsjett vart redusert med 350.000,- i juni 2024 då ny partnerskapsavtale skulle gje lågare kostnader. NAV kontoret er drifta i samarbeid mellom Solund kommune og staten, og partnerskapsavtalen regulerer mellom anna kostnadsfordelinga. Partnerskapsavtalen har i 2024 gjeve lågare kostnader med om lag 20.000,- og ikkje dei 350.000,- ein låg til grunn i juni 2024.

Det skuldast fyst og fremst feilbudsjettering. Ein del av midlane som ein rekna med i juni er prosjektmidlar knytt til prosjektet; «Eit framtidsretta og førebyggjande NAV-kontor. Her har ein fått midlar frå Statsforvaltaren og har hatt prosjektleiar i 30% stilling i 2024. Prosjektet har eit hovudfokus på førebyggjande arbeid. Mykje godt prosjektarbeid er gjort med blant anna å få implementert det vi har jobba fram, i dagleg drift i 2024. Dette arbeidet vil også halde fram i 2025, som er det avsluttande året for prosjektet. Unyttta midlar til stillingsressurs og kompetanse i 2024 er overført til 2025.

Kommunedirektøren vil sjå på kva som er rett budsjettnivå for NAV i 1. halvår 2025, særleg med tanke på situasjonen når prosjektet er avslutta. Det er også verdt merke seg at 87 % auke i kostnader til sosialhjelp frå 2023 til 2024. Det er på ingen måte gittgitt at auka er permanent då Solund kommune har så pass lite utbetalt sosialhjelp, men kommunedirektøren kjem til å vie nær merksemd til både driftsbudsjett og sosialhjelpsbudsjettet til NAV i 2025.

Plan og tekniske tenester

Ansvar	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik
Tekniske tenester	2 775 706,-	2 835 666,-	59 960,-
Byggesak-plan og landbruk	984 563,-	1 099 000,-	114 437,-
Bygg og anlegg	6 732 875,-	5 980 334,-	-752 541,-
Vaktmeister	36 050,-	52 000,-	15 950,-

Kommentarar til drifta og avvik i drift i høve til budsjett

Det har vore stor aktivitet i sektoren i 2024 med mange prosjekt under arbeid samstundes. Til tider har det vore utfordringar knytt til etterslep ordinær drift/vedlikehald då driftsoperatørane har fått tildelt oppgåver innanfor ulike investeringsprosjekt som t.d. oppussing på Solundheimen og ny levegg og uteområde i barnehagen.

Kap 600 – Tekniske tenester har hatt normalt god aktivitet. Solund kommune har inngått ein 1 års leigeavtale av 0,2 årsverk brannsjef inkludert varabrannsjef frå Masfjorden og Gulen Brann og redning Det er rekruttert inn 5 nye brannkonstablar i 2024.. Det er søkt medlemskap i Vest Brann og redning. Det vert jobba med å etablere lyngbrennarlag i Solund. Dette i samsvar med konklusjon etter analyse av Solund Brann og redning utført av ekstern konsulent.

Kap 610 - Solund kommune leiger inn byggesaksbehandlar frå Masfjorden kommune inntil 10 timar i veka. Kostnad knytt til leige av saksbehandlar er noko lågare enn budsjettet Det er ein offentleg reguleringsplan under utarbeiding knytt til ny bru over Rørdalsfjorden. Vert utarbeida av Vestland Fylkeskommune og ingen gebyrinntekter til kommunen på den. Elles ingen reguleringsplanar i 2024.Landbruksforvaltning og viltforvaltning vert utført av sektoren sjølv.

Kap 620 – Bygg og anlegg. Her har vore eit kraftig overforbruk i høve til budsjett på heile kr 752 540. Det store avviket her er straumkostnad på kr 533.000 over budsjett. På Solundheimen aleine var kostnaden kr 265.000 over budsjett. Halvparten avviket knytt til straum skuldast feilbudsjettering og halvparten skuldast auka straumpris og meirforbruk. Vidare var det eit netto meirforbruk på eigedomsforvaltning på kr 336.000. Av dette var kr 89.000 forsikringar og kr 67.000 forbruksmateriell reinhald.

Kap. 630 – Vaktmeister. Ingen spesielle merknader.

Landbruk:

Tal søkjarar om produksjonstilskot i jordbruket er jamt stigande og er no 38 føretak. 36 av søkjarane har sauehald. Storparten har utegangardrift. Om lag 1/3 av sauehaldet er økologisk (Debio-godkjent).

Solund kommune har eiga landbruksforvaltning.

Samarbeidsavtalen om veterinærvakt mellom kommunane Solund, Hyllestad og Fjaler er fornya.

Produksjonstilskot i landbruket			Regionale miljømidlar (RMP)		SMIL - midlar		Dyretal pr. 31/7	
År	Tal søkjarar	Utbetalt (mill. kr)	Tal søkjarar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjar	Innvilga (mill i kr)	Mjølke-kyr	Sau over 1år
2024	38	10,2	13	0,32	6	0,12	37	2359
2023	38	10	13	0,35	4	0,1	41	2286
2022	37	7,8	10	0,18	3	0,11	40	2224
2021	36	5,2	12	0,21	8	0,12	34	2255
2020	32	4,8	15	0,28	7	0,20	35	2249
2019	33	4,9	14	0,28	9	0,30	35	2257
2018	30	4,8	11	0,19	9	0,23	38	2282
2017	32	4,8	15	0,30	3	0,16	38	1992
2016	31	4,6	13	0,30	4	0,16	41	2094
2015	25	4,4	13	0,33	16	0,34	31	1962
2014	25	4,0	15	0,64	13	0,28	21	1902

Hjorteviltforvaltning :

Jaktår	Tildelte dyr	Felte dyr	Fellings%
2024	213	119	55
2023	211	139	66
2022	211	146	69
2021	210	145	69
2020	208	143	69
2019	206	128	62
2018	205	142	69
2017	208	112	54
2016	208	136	65
2015	220	129	59
2014	216	122	56

Minstearealet for jakt pr dyr er 1000 dekar i kommunen. Det er 32 jaktvald i Solund kommune. Fellings-% har vore nokså stabil dei siste åra. I 2024 har det ikkje vore bestandsplan i Solund. Bestandsplanperioden var ute i 2023. Det er interesse blant fleire grunneigarar å få på plass ein ny bestandsplan.

Planarbeid:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Godkjende reguleringsplanar	2	0	1	7	1	0	0	0	0	0	0

Der har vore oppstartsmøte og oppfølgingsmøte for reguleringsplan for ny bru i Rørdalsfjorden i 2024. Planeigar er Vestland Fylkeskommune.

Det vart vedteken ny trafikktryggleiksplanen for perioden 2025 – 2036. Planen inneheld åtferd- og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak. Trafikktryggingsutvalet har vore delaktig. Vidare vart plan for Klima, energi og naturmangfald vedteken, men tiltaksdelen av planen skal opp til ny politisk handsaming. Kulturmiljøplan er snart ferdig og skal opp til politisk handsaming våren 2025.

Bygge- og delingssaker:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Byggesaker	58	76	62	60	57	58	67	56	46	51	60
Heilårsbustader	1	0	4	5	2	0	2	1	4	1	1
Fritidsbustader	4	2	2	1	1	0	1	0	2	1	0
Andre*	20	53	33	32	18	43	50	20	40	49	59
Deling	9	5	4	7	16	2	2	10	10	15	11
Dispensasjonar	24	16	19	15	20	13	12	25	16	20	31

Samanlikna med fleire nabokommunar er det god aktivitet og relativt mange byggesaker i kommunen sett i høve til innbyggartalet vårt. Særs mange saker er ikkje i samsvar med planverk. Halvparten av byggesakene krev dispensasjon. I mange av sakene gjeld dette naturlegvis dispensasjon frå strandsonevernet. I 2024 er det Masfjorden kommune som har handsama byggesakene i Solund kommune. Kommunen leiger inntil 10 timar byggesakshandsaming pr veke.

Kart, oppmåling og geodata:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Journalførde rekvisisjoner	9	13	19	10	10	8	8	9	9	14	11
Ferdighandsama saker	7	13	18	8	8	5	6	10	8	14	10

Beredskap:

Kommunalteknisk drift

Frå hausten 2024 er det innført vaktordning for teknisk drift i Solund kommune. Det er firedelt vakt. Vaktskifte kl. 8 måndag morgon.

Brann og redning:

Innleigd Brannsjef / varabrannsjef frå Gulen og Masfjorden Brann og Redning. Førebels avtaleperiode 01.09.2024 -31.08.2025. Har rekruttert 5 nye brannkonstablar til Solund Brann og Redning, stasjon Hardbakke. Det er utarbeida øvingsplan for heile 2025 før årsskifte. Det er søkt medlemskap i Vest Brann og Redning. Det er utført og ferdigstilt omfattande analysearbeid av Solund Brann og Redning. Analysearbeid utført av ekstern konsulent. Dette vart ferdigstilt i 2024 og presentert for kommunestyret. Det vert jobba med etablering av lyngbrennarlag/reservebrannstyrke i Solund. Alle tiltak i samsvar med analyserapport.

Internkontroll/HMT

Det er innført og tatt i bruk nytt internkontrollsystem. Rutinar og sjekklister er utarbeida og implementert for veg/vatn/avløp. Avvikshandtering vert nytta til forbetring og det er utarbeida sjekklister og rutinar. Det er ikkje registrert arbeidsulykker eller personskadar blant dei tilsette i 2024.

Prosjektleiing

Sektoren har eigen prosjektleiar som følgjer opp vedtekne investeringsprosjekt frå oppstart med anbudsprosess, følgjer opp i gjennomføringsfasen fram til prosjektet er ferdig utført og overlevert kommunen. Det er stor aktivitet med fleire parallelle pågåande prosjekt.

Overordna/kommunedirektør

Ansvar	Rekneskap 2024	Revidert budsjett	Avvik
Pensjon- og premieavvik	1 497 466,-	0,-	-1 497 466,-
Til Kommunestyre sin disposisjon	800 000,-	972 370,-	172 370,-
Til Formannskapet sin disposisjon	232 500,-	400 000,-	167 500,-
Til Ordfører sin disposisjon	24 937,-	50 000,-	25 063,-
Til Kommunedirektøren sin disposisjon	526 174,-	450 000,-	-76 174,-
Til Samfunns- og næringsutvikling	379 683,-	500 000,-	120 317,-
Bygdevekst	0,-	0,-	0,-

Pensjonskostnadane er samla i eit eige ansvar (799). Ved all lønnskøyning i kommunen vert dei ulike tenestene belaste forventa pensjonskostnadar, og midlane vert ført til ansvar 799. I tillegg vert premieavvik og amortisert premieavvik frå tidelgare år ført på ansvaret. Målet er at ansvaret skal gå i 0,-. Det er store svingingar når det gjeld pensjon og ordninga med å føre det som eige ansvar er gjort for å verne den «ordinære» drifta frå desse svingingane.

- Vi kjenner ikkje til at det ved utgangen av året ligg føre rettslege tvistar som kan medføre vesentlege forpliktingar for kommunen utover det som går fram av rekneskapen og noteopplysningane til denne.
- Alle budsjettendringar gjennom året er registrert og inkludert i regulert budsjett.
- Dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, er i samsvar med budsjettvedtak.

Etterlevingskontroll RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege budsjettavvik:

- Vi stadfestar at vi er ansvarlege for å etablere ein internkontroll som sikrar etterleving av budsjettvedtak og kontroll med eventuelle vesentlege avvik som det skal gjevast utgreiing om i årsmeldinga.
- Vi stadfestar at årsmeldinga gjev ei dekkande utgreiing for.
 - Vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet.
 - Vesentlege avvik frå premissa til kommunestyret for bruken av løyvingane.

Opplysningar som er gjevne:

- Vi har gjeve revisor:
 - Tilgang til alle opplysningar, som vi har kjennskap til, som er relevante for utarbeidinga av årsrekneskapen
 - Tilleggsopplysningar som revisor har bedt om frå oss for revisjonsføremål, og uavgrensa tilgang til personar i kommunen som det etter revisor si vurdering er nødvendig å innhente revisjonsbevis ifrå.
- Alle transaksjonar er registrert og reflektert i rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om resultatane av våre vurderingar av risikoen for at rekneskapen kan innehalde vesentleg feilinformasjon som følge av misleghald. (vi viser til eige brev frå revisor og vårt svarbrev om dette).
- Vi har gjeve revisor opplysningar om alle kjende tilfelle av manglande etterleving eller mistanke om manglande etterleving av lover og forskrifter som kan ha betydning for utarbeidinga av rekneskapen.
- Vi har gjeve revisor opplysningar om identiteten til kommunen sine nærstående partar og alle forhold til nærstående parter og transaksjonar med desse, som vi er kjende med.
- Vi har rekneskapsført eller opplyst om alle forpliktingar, både aktuelle og latente, og har i note til årsrekneskapen gjeve opplysning om kommunen sine garantiansvar, mv.
- Vi har omtalt vesentlege budsjettavvik både beløpsmessige avvik og avvik frå premissa til kommunestyret om bruken av løyvingar i årsmeldinga
- ((ta eventuelt inn andre aktuelle kulepunkt ved behov)

Eventuelle kommentarar til kulepunkta over evt visingar til kommentarar i særskilt vedlegg

Stad, dato: Hardbakke 15. april 2025

Jens-Evind Kobbeltvedt
(Kommunedirektør/rådmann)


(Økonomiansvarleg/rekneskapsjef)

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap

Forretningsadresse: Førde, Sunnfjord Rådhus, Hafstadvegen 42, 6800 Førde
Postadresse: Postboks 487, 6803 Førde - Org.nr. 923 249 478 MVA
E-post: postmottak@vestrev.no
www.vestlandrevisjon.no

Bankkonto 3705 40 64838
Dagleg leiar **Asgeir Tveit**
Mobilnr. 908 74 388
E-post: asgeir.tveit@vestrev.no

Til kommunestyret i Solund kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Kommunedirektøren

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkivkode:

Journalnr.:

Dokumentdato:

023/2025

15.04.2025

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Utsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Solund kommune, som viser eit positivt netto driftsresultat på kr. 26 544 146.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2024, løyvingsoversikter for drift og investering, økonomisk oversikt for drift, oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, samt notar til årsrekneskapen.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gir årsrekneskapen i det alt vesentlege ei dekkjande framstilling av den finansielle stillinga til kommunekassa per 31. desember 2024, og av resultatet for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i kommunelova og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Noreg og International Standards no Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Årsmeldinga og ev ytterlegare informasjon

Kommunedirektøren er ansvarleg for informasjonen i årsmeldinga og den ytterlegare informasjonen som er publisert saman med årsrekneskapen. Ytterlegare informasjon

omfattar den lovbestemte årsmeldinga og anna informasjon i kommunens årsrapport. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer verken informasjonen i årsmeldinga eller annan ytterlegare informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det vår oppgåve å lese årsmeldinga. Føremålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen av årsrekneskapen, eller om informasjonen i årsmeldinga elles tilsynelatande er vesentleg feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsmeldinga tilsynelatande er vesentleg feil. Vi uttaler oss om årsmeldinga datert 31.03.2025 og har ikkje noko å rapportere om det.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen.

Vi viser elles til avsnittet «Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik» under vår utsegn om andre lovmessige krav.

Kommunedirektøren sitt ansvar for årsrekneskapen

Kommunedirektøren er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Kommunedirektøren er også ansvarleg for slik intern kontroll han/ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser, kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar, på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift, god revisjonsskikk i Noreg og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkelege og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn risikoen for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi

- uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vi vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av kommunedirektøren, er rimelege.
 - evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir ei dekkande framstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalet og kommunedirektøren, mellom anna om det planlagde innhaldet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i intern kontroll som vi avdekker i løpet av revisjonen.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar, i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Utsegn om forklaring for vesentlege budsjettavvik

Vi har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, knytt til kommunen si forklaring for vesentlege budsjettavvik, enten det skuldast beløpsmessige avvik eller avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Konklusjon

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Kommunedirektøren sitt ansvar for å forklare budsjettavvik

Kommunedirektøren er ansvarleg for å etablere administrative rutinar som sørger for at det blir utarbeidd og sett i verk rutinar som sikrar at alle vesentlege budsjettavvik blir identifisert og forklart. Dette gjeld både beløpsmessige rammer og vedtekne premisser for bruken av løyvingane. I årsmeldinga skal kommunedirektøren forklare vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsrekneskapen, og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å sjå etter om årsmeldinga gir dekkande opplysningar om vesentlege beløpsmessige avvik frå årsbudsjettet og vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruken av løyvingane. Vi skal gje ei fråsegn om årsmeldinga på grunnlag av bevisa vi har henta inn. Vi har utført vårt attestasjonsoppdrag med moderat sikkerheit i samsvar med reglane i kommunelova og RSK 302 Forenkla etterlevingskontroll av vesentlege

budsjettavvik. Standarden krev at vi planlegg og gjennomfører oppdraget for å oppnå moderat sikkerheit for om det ligg føre dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik i årsmeldinga.

Utføring av eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit i samsvar med RSK 302, inneber å utføre handlingar for å innhente bevis for om det er avvik frå budsjettvedtak, både beløpsmessige avvik og avvik frå kommunestyret sine premissar for bruken av løyvingane, og om det i årsmeldinga er gitt dekkande opplysningar om årsakene til avvika. Revisor sitt skjøn avgjer typen, tidspunktet for og omfanget handlingar. Moderat sikkerheit har klart lågare sikkerheitsgrad enn tryggande sikkerheit, og vi gir derfor ikkje uttrykk for same nivå av sikkerheit i attestasjonen, som i konklusjon om årsrekneskapen i revisjonsmeldinga. Vi meiner at vi har innhenta tilstrekkeleg og føremålstenleg bevis som grunnlag for konklusjonen vår.

Hyllestad, 15.04.2025



Asgeir Tveit

Statsautorisert revisor/dagleg leiar

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap



Aud Marit Nyland Eide

Finansiell revisor

VESTLAND REVISJON

Kommunale Oppgåvefelleskap



Solund kommune

Kontrollutvalet

Til kommunestyret

Dato: 27.05.2025

Vår referanse: 25/769

Arkiv: FE-216

Uttale til rekneskap og årsmelding 2024

Handsaming

Grunnlag for kontrollutvalet si handsaming av rekneskap og årsmelding har vore:

- Rekneskap og årsmelding
- Revisjonsmelding
- Utgreiing og tilråding frå sekretariatet

Uttale frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner rekneskap og årsmelding.

Kommentarar


Vestland Revisjon KO har levert ei revisjonsmelding utan atterhald eller presiseringar.


Om uttalen

Etter kommunelova skal kontrollutvalet uttale seg før formannskap og kommunestyre handsamar rekneskap og årsmelding. Det er tilhøve knytt til desse to dokumenta som er det primære utgangspunktet for denne uttalen.

I tillegg til denne saka, følgjer utvalet også opp andre tilhøve knytt til økonomiforvaltninga i kommunen. Mellom anna med eigne saker om økonomistyringa, internkontrollen og påsjåansvaret overfor rekneskapsrevisor. Meir om dette finn de i årsmeldinga frå utvalet og på sekretariatet sine nettsider: www.sekom.no.


Bjørne Ravnøy
Leiar


Anita Einen
nestleiar


Hans Gåsvær


Sølvi Songstad Waage



Saksframlegg

Arkiv: K1-210
ArkivsakID: 25/426
JournalpostID: 25/1804
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 26.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
036/25	Formannskap	05.06.2025
029/25	Kommunestyre	12.06.2025

Tertialrapport nr. 1. 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2025 for Solund kommune til vitende.

05.06.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-036/25 Vedtak i:

Solund kommunestyre tek tertialrapport nr. 1 2025 for Solund kommune til vitende.

Vedlegg i saka:

27.05.2025 Tertialrapport nr 1. 2025

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova

Kva saka gjeld:

Tertailrapport for perioden januar - april 2025

Saksutgreiing:


Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vera ein avviksrapport, men den viser noko om både status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett.

Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse der dette er naudsynt, og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått for å oppnå balanse.

Vurdering:

Det vert vist til vedlagt tertialrapport for vidare kommentarar. Tertialrapporten vert fylgt opp med ein eigen budsjettjusteringssak og er ein viktig føresetnad for arbeidet med økonomiplan 2025 - 2028.

Tertialrapport nr 1. 2025



Solund kommune

Vedteke i Solund kommunestyre 12. juni 2024 i K-sak xxx/25.

Innhold

Innleiing	3
Inntekter	3
Rapporter frå drifta	5
Stab	5
Oppvekst og kultur	6
Felles oppvekst og kultur	6
Barnehagen	6
Solund barne- og ungdomsskule	7
Bibliotek	7
Barnevern	8
Helse og omsorg	9
Legkontoret	9
Ergoterapitenesta og fysioterapitenesta	9
Sjukeheim og heimeteneste	9
Kjøkken, vaskeri og reinhald	10
Samfunns- og næringsutvikling	11
Plan og tekniske tenester	11
Investering	12

Innleing

1. tertial har bydd på stor aktivitet. Kommunestyret har handsama fleire store sakar som: fem dagars skuleveke, godkjenning av Bygdevekstavtalen, kjøp av Søre Morteveka og søknad til Kystverket om midlar til felles fiskerihamn. Fleire eksisterande prosjekt har også hatt god framdrift som ny skule med bibliotek som nærar seg ferdigstilling, og det har vore gjort store løft utomhus i barnehagen og innomhus på Solund Helsetun.

15. mai 2025 la Regjeringa fram forslag om revidert nasjonalbudsjett for 2025 (RNB) og Kommuneproposisjonen 2026. For kommunane sin del er endringane fyst og fremst knytt til pensjon og effekten for Solund kommune er framleis ikkje kjent. I budsjettjusteringa nyttar kommunedirektøren usikre tal frå KS når det gjeld pensjon og legg til grunn at ordninga går i null for Solund kommune sin del. RNB skal også gjennom ein runde med forhandlingar i Stortinget, så det kan framleis kome til dels vesentlege endringar.

Kommunal deflator vert også ned justert med 0,2 % i RNB og kommunedirektøren tilrår at tilsvarende vert gjort på alle ansvar som fekk justert ramme på grunn av kommunal deflator i budsjettet.

Samstundes har det gått 4 månader av året og ein kan oppdatere anslaget på ein del inntekter og utgifter. Det vert fremja eige budsjettjusteringssak med desse endringane, samt å overføre unytta investeringsløyvingar frå tidlegare år.

Inntekter

		ØP-25	RB-25
18000	Innbyggjartilskot	-23 319	
	Utgiftsutjamning	-28 052	
	Overgangsordningar (INGAR)	-4 482	
	Særskilte fordelingar	-180	
	Distriktstilskot Sør Norge	0	
	Statsforvaltaren sitt skjønstilskot	-1 300	
	Tilleggsnummer til Statsbudsjettet	-592	
	Saldering budsjett 2025 (Stortinget)		-96
	Aukt bemanning SFO		-73
	Dekning av meirkostnader AFP		-492
	Kompensasjon reduserte skatteinntekter gruna regelendringar		-27
	Omlægging av systemet for eigenbetaling vaksinasjonsprgram vaksne		16
	Sum rammetilskot	-57 925	-672

Ser ein bort i frå endringa knytt til pensjon utgjer samla endringar knytt til rammetilskotet så langt i år til saman 180.000,-.

169.000,- av dei kom som fylgje av Stortinget sin saldering av statsbudsjettet 2024 i desember. Dei kom som frie midlar, men deler av dei var i budsjettforliket mellom SV og dåverande regjering tiltenkt barnehage og SFO. Solund kommune har allereie styrka barnehagen med frie midlar i 2024, men kommunedirektøren tilrår at styrkinga tiltenkt SFO på 73.000,- går til SFO.

Vidare mister ein 16.000,- på rammetilskotet fordi det vert omleggingar i systemet for eigenbetaling av vaksinasjonsprogram for vaksne som mellom anna medfører at FHI ikkje kjem til å fakturere kommunane for enkelte vaksinar. Denne innsparinga skal Solund kommune sjå på ansvar 310 og Kommunedirektøren tilrår at ansvaret vert redusert tilsvarande.

Kommunane gjennom rammetilskotet også kompensert for endringar knytt til skatt som gjev lågare skatteinntekter. For Solund kommune sin del utgjør det 27.000,-. Når det gjeld skatteinngangen så langt i år ligg Solund kommune per april 788.000,- over budsjett. Mykje av dette skuldast at april har vore eit usedvanleg godt skatteår med heile 596.000,- meir enn budsjettet. Månadane april, mai og juni vert påverka av skatteoppgjeret og det er mogleg den gode skattemånaden april skuldast at folk har betalt restskatten sin tidleg. Før skattetala for mai og juni er kjent (høvesvis 7. juni og 7. juli) vil difor ikkje kommunedirektøren justere skatteinntektene i budsjettet. Men her ligg det etter alt og døme ein oppside.

Utbytte frå Eviny er også kjent, og vart 585.000,- høgare enn budsjettet. SFE gav derimot eit lågare utbytte enn forventa, men då Solund kommune får utbytte frå SFE via SFH er det eit år heng på det og det får ikkje konsekvensar for 2025.

Rapporter frå drifta

Det har skjedd mykje i drifta i 1. tertial. I rapportane frå drifta fokuserer ein på det som får økonomisk konsekvens ved årsslutt. Samt ting hendingar som er knytt til bestillingane frå kommunestyret, og då særleg samfunnsdelen.

Stab

Manglande bemanning har påverka 1. tertial og framleis vert mange oppgåver skyvd på. Det gjeld særleg arbeidet med overordna ROS etter sivilbeskyttelsesloven og overordna risikovurdering etter arbeidsmiljølova. Mot slutten av tertialet vart 3 fulle stillingar lyst ut, og ein vonar å ha full bemanning frå hausten 2025.

Arbeidet med årsavslutninga har teke mykje tid i 1. tertial. For Solund kommune sin del gjekk sjølve arbeidet vesentleg betre enn i fjor, og årsrekneskap og årsmelding er levert rettidig og utan merknader. Solund kommune leverer også rekneskapstenester til Solund sokneråd og Fjordane Friluftsråd KO. Det var fyste året Fjordane Friluftsråd KO leverte sjølvstendig rekneskap og den prosessen har vore både tidkrevjande og forseinka. Mykje av utfordringane var knytt til at det var fyste gongen og kommunedirektøren reknar med prosessen går betre neste år.

Arbeidet med valgjennomføringa er også i gang. Ny vallova gjer at det vert nokre endringar i valgjennomføringa i 2025, men ein er godt i rute.

Solund kommune har ikkje busett nye flyktningar så langt i 2025, men då det kom 4 flyktningar heilt på tampen av 2024 har det framleis vore mykje å gjere i flyktningtenesta. Tenesta har mellombels vore styrka med ein fleirspråkleg ressurs gjennom tertialet.

Økonomisk er det ikkje vesentlege avvik å melde om.

Oppvekst og kultur

Felles oppvekst og kultur

I tertialet har det vore arbeid vidare med store satsingar som vart påbyrja i 2024. Det gjeld både nytt sakshandsamingssystem for barnehagen og skulen, nytt kvalitetssystem for heile kommunen og arbeidet med BTI (betre tverrfagleg innsats), eit felles prosjekt for alle tilsette som møter barn, og unge og familiar i Solund kommune. Dette arbeidet vil halde fram også utover i 2025. Ny skule og nytt bibliotek er også eit tidkrevjande arbeid, og sjølv om byggjeprosessen no nærmar seg slutten, er det framleis ein del detaljar som må på plass. Solund kommune har søkt om og fått tildelt arenautviklingsmidlar frå Vestland fylkeskommune til å innreie det nye biblioteket. Det vert ei stor glede når ein kan ta i bruk det nye bygget til skulestart i haust.

Spesialpedagogen som vart tilsett i haust har kome godt i gang med arbeidet sitt, og har vore ei god hjelp i både barnehage og skule. Vi ser at denne kompetansen gjer at ein greier å hjelpe barn og elevar på eit tidlegare tidspunkt enn tidlegare.

Norskopplæringa for framandspråklege på dagtid vart starta opp att i januar med nyankomne flyktningar. Desse er ferdige med introduksjonsprogrammet til skuleslutt i vår, men ein håpar å kunne tilby vidare opplæring utover hausten. Det er utfordrande å klare å halde drifta gåande med eit så varierende elevtal, særleg når opplæringa er finansiert med særskilte tilskot frå staten.

Ansvarsområdet går i balanse, grunna bruk av fondsmidlar knytt til BTI. Desse midlane må nyttast i løpet av året. Utan desse midlane ville ein hatt eit overforbruk på nærare 300 000. Grunnen til dette er at ein i år får mykje mindre tilskot frå staten til norskopplæring for framandspråklege.

Barnehagen

I tertialet er det gjennomført hovudopptak det er gjeve plass til 1 nytt barn. Fire tilsette har starta studie; « Korleis møte barn med utfordrande åtferd» og ein tilsett er i avslutning av studie med godkjenning som barnehagelærer.

Grepet kommunestyret gjorde i 2024 med midlar til ein ekstra stilling som fagarbeidar har hatt positive konsekvensar på personalsituasjonen. Denne stillinga vert brukt som vikar ved behov, både ved fråvær men og i høve plantid for pedagogar/fagarbeidarar, under møteverksemd etc. Tilsette i Solund barnehage melder ut frå dette at:

- Dei har fått senka skuldrane og har funne tilbake arbeidslyst og motivasjon
- Det kan gjennomføre plantid og møter utan å ha dårleg samvet for dei som er att på avdelinga
- Dei kan følgje opp enkeltbarn og barnegrupper på ein betre måte
- Arbeidsmiljøet er vorte betre!
- Ein har funne rom for kompetanseheving internt og at det tverrfaglege samarbeidet er betre

Det har også vore kjekt å sjå at opprustinga av uteområdet i barnehagen nærmar seg ferdigstilling. Skall arbeidet kronast med nye leikeapparater trengjer prosjektet tilført friske midlar og kommunedirektøren kjem tilbake til det i budsjettjusteringssaka.

Økonomisk vil eininga gå i balanse ved årsslutt.

Solund barne- og ungdomsskule

Det er 6 tilsette som reduserer del av stillinga eller avsluttar arbeidsforholdet ved skulen frå august 2025. Dette betyr at skulen mistar verdifull kompetanse og erfaring.

Dersom skulen lukkast med rekruttering av formell undervisningskompetanse våren 2025 er det grunn til å tru at driftsbudsjettet ved skulen vil ha eit underskot på kring 500.000,-. Dette grunna auka lønskostnader knytt til kompetanse og til trass for at ny personalkabal medfører ein reduksjon på om lag 3 årsverk.

Grunnskulens Informasjonssystem (GSI) pr 01.10.2025 viser at ved skulen er det 21 tilsette som utfører oppgåver i undervisningsstilling. 8 tilsette oppfyller ikkje kompetansekravet for undervisning, jf. Opplæringslova § 17-3 og forskrifta til Opplæringslova § 12-2. Grunnlaget for budsjettvedtaket for 2025 byggjer på at 1/3 av personalgruppa ikkje har løn som tilsvarer løn i tråd med krav om formell undervisningskompetanse og tilhøyrande tariff. Dersom Solund kommune lukkast med å rekruttere i tråd med kompetansekravet vil det bety auka lønskostnader. Nyutdanna lærarar har master og vert løna som lektorar. Gjennom nasjonal satsing, og krav, dei siste 10 har fleire lærarar teke vidareutdanning i tråd med kompetansekrav og dermed auka lønskostnader.

Det vert også gjort kostnadsreducerande tiltak ved å avslutte kjøp av tenester frå Austrheim VGS.

Med heilårsverknad for lønskostnadane for 2025/2026 går skulen i balanse og kommunedirektøren tilrår å mellombels styrke ramma. Om ein i framtida lykkast med å rekruttere lovpålagt kompetanse vil det medføre auka lønskostnader og eit behov for å permanent juster ramma.

Bibliotek

I tertialet har det vore jobba mykje med planlegging av innreiing av det nye biblioteket. Solund kommune har fått støtte frå Vestland fylkeskommune på kr 600 000 til dette arbeidet, der kr 100 000 var sett av til interiørarkitekt. Det har også vore arbeid mykje med rydding og kassering av gamle bøker for å vere klar til flytting i løpet av sommaren. Biblioteket har også teke i bruk eit nytt utlånssystem, då det gamle var utdatert.

I økonomiplanen er det sett av lønsmidlar til å auke stillingsressursen på biblioteket. For å få gjennomført dette må det gjerast interne justeringar på arbeidsoppgåver i staben, og det har ein ikkje kome i mål med førebels. Området går i balanse.

Barnevern

Det har tidlegare vore meldt om at barnevernstenesta har hatt store utfordringar med drifta over lang tid. Det har vore knytt til vakansar, sjukefråvær og permisjonar, og vanskar med å rekruttere. Som vist i årsmeldinga betra dette seg i løpet av andre halvdel av 2024. Situasjonen i første tertial i 2025 er såleis mykje betre enn han har vore på mange år. I tertialet er det gjennomført eit tverrfagleg møte med barnevernet og andre tenester som møter barn, unge og familiar. Politiet deltok også på dette møtet. Målet med dei tverrfaglege møta er å betre samarbeidet på tvers ved at alle tenestene får betre kjennskap til kvarandre og ved å utarbeide felles rutinar og arbeidsmåtar.

Det er ikkje meldt om økonomiske avvik frå barnevernet. Førabels går ansvarsområdet i balanse.

Helse og omsorg

Felles for alle tenestene er at det utfordrande å rekruttere og behalde tilsette. Ein arbeider med kompetanseheving på tvers og forsøker å nytte hospitering der det er mogleg. I tillegg til læringsutbytte er dette eit grep som aukar motivasjonen til dei tilsette, som igjen kan gjere at ein behaldar dei lenger.

Sjukefråværet har vore høgt i sektoren i 2024 i 1. tertial 2025. Ein har difor starta eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter. Fokuset har særleg vore førebygging og også hovudverneombod og andre einingar i kommunen har vore med i arbeidet.

Alle tenestene deler også eit bygg, og bygget i seg sjølv byr på utfordringar. Det er for varmt på sommaren og for kaldt på vinteren. Her er det satt i gang ein del innvending oppussing, og forhåpentlegvis startar også etterisolering m.m. frå hausten av.

Leasingperioden på bilane i Helse og omsorg går også ut i 2. tertial og ein har starta arbeidet med å hente inn nye priser. Prisen har her vore låst i 3 år og ein forventar ein auke i samband med ny leasingperiode.

Legekantoret

Det er normal drift og vaktplanen er dekket ut 2025 utan bruk av vikarar. Det er søkt om tilskot til styrking av legevaktenesta som tidlegare år, men ein har ikkje fått svar endå. Det er noko spenning knytt til søknaden sidan alle legane no er faste tilsette, men kommunedirektøren reknar med å få tilskot som budsjettet.

Ergoterapitenesta og fysioterapitenesta

Per i dag er begge tenestene om lag i balanse, men i 2. tertial vil ein få vakanse i ergoterapitenesta grunna foreldrepermisjon. Ein har ikkje lykkast med å skaffe vikar til ergoterapitenesta og har vald å forlengje eit eksisterande vikariat i fysioterapitenesta og overføre ein del oppgåver frå ergoterapitenesta til fysioterapitenesta i permisjonstida. Sett under eitt ser tenestene ut til å gå i balanse ved årsslutt, og kommunedirektøren kjem tilbake med eventuelle justeringar tenestene imellom til hausten.

Sjukeheim og heimeteneste

På sjukeheimen og i heimetenesta må ein ty til dyre vikarbyrå for å få turnusen til å gå opp. Mot slutten av tertialet har ein inne 4 sjukepleiarar frå byrå, og ein reknar med å måtte ta inn helsefagarbeidarar frå byrå i 2. tertial.

Til trass for byråbruk har ein fleire vakante sjukepleiar- og helsefagarbeidarstillingar og mangel på tilkallingsvikarar fører også til overtid og bruk av forskjøve vakter. Særleg på helg. Dette gjev også ein meirkostnad. Ein har også hatt ein del sjukefråvær i tenesta med 12,5 % i 1. tertial.

Byråbruken gjev nokre innsparingar mot budsjett på fastlønnspostane. Totalt sett ser det ut som om overforbruket på ansvarsområdet vert om lag 1.500.000,- ved årsslutt. Kommunedirektøren ynskjer å styrke ramma med 700.000,- i fyste omgang, og gjere opp status på ny etter 2. tertial. Då veit ein også meir om eventuelt auka skatteinntekter.

Kjøkken, vaskeri og reinhald

I 1. tertial har ein hatt eit særst høgt sjukefråvær i reinhaldstenesta på 40,2 %. Det dreier seg utelukkande om langtidsfråvær og ein har hatt 0 dagar kortidsfråvær i tertialet. Enkelte av dei som har vore sjukemeldt lenge er også på veg tilbake frå 2. tertial. Det er også verdt å merke seg at reinhaldstenesta er ei lita teneste, og at 40,2 % synar om lag 2 årsverk. Men det har vore vanskeleg å rekruttere vikarar og difor også vanskeleg å oppretthalde tenesta. Tidvis har ein måtte avlyse reinhald på utvalde bygg.

Økonomisk merker ein også dyrtid med auka matvareprisar og prisar på forbruksmateriell, men ein reknar med å gå i balanse ved årsslutt.

Samfunns- og næringsutvikling

Som omtale i årsmeldinga er ramma til NAV for låg. Leiar ved NAV-kontoret kjem også til å gå av med pensjon frå hausten av og det vert då interessant å sjå kva ressursar den statlege delen av NAV kjem til å vidareføre i Solund. Kommunedirektøren ynskjer difor å ta ein meir heilskapleg gjennomgang av rammene til NAV Solund til hausten, inkludert dei økonomiske rammene.

I tillegg til at driftsramma er for låg går det også mot overforbruk når det gjeld økonomisk sosialhjelp. Også denne budsjettposten må truleg justerast til hausten.

Plan og tekniske tenester

Eit snøfattig 1. tertial har gjeve innsparingar på vintervedlikehaldet, men det er framleis uvisst kor mykje vintervedlikehald ein treng i 3. tertial så kommunedirektøren tilrår ikkje å justere noko der per i dag.

Store deler av drifta har også vært nytta mot investeringsprosjekt. Eigne ressursar har vore nytta i prosjekt på Solundheimen og i barnehagen for å gjere prosjekta økonomisk mogleg å gjennomføre. Men kapasiteten har vore sprengt og det har skapt ein del frustrasjon og driftsoperatørane har hamna i ein uforskyldt skvis mellom større prosjekt og driftsoppgåver. Kommunedirektøren ynskjer å ta lærdom av dette og justere forventningar og kapasitet i framtida.

Investering

Det har vore stor aktivitet på investeringsida i 1. tertial, og under fylgjer nærare kommentar på fleire prosjekt som har vore arbeida med så langt i 2025.

I tillegg har ein arbeida vidare med å gjere investeringsbudsjettet meir oversiktleg for administrasjonen og politikarane. På det meste i 2024 var det 103 ulike aktive investeringsprosjektnumre i Solund kommune. Etter at unytta løyvingar frå 2024 vert overført er talet 45. Det skuldast ein del rydding der nært samanhengande prosjekter har blitt sett under eitt, men også at mykje av etterslepet på investeringsida er tatt. Framleis er det ein jobb å gjere med ryddinga for å sikre at budsjett- og økonomiplanen er det styringsdokumentet som kommunelova legg opp til at det skal være, men kommunedirektøren meiner ein dei siste par åra har kome langt i prosessen.

Solundheimen

Stor oppgradering innvendig med maling av korridorar og kontor. Nytt golvbelegg på fleire av kontora og nye dørar i korridoren. Asbestsanering i trapper. Overflate tak på spiserommet, der murpuss flassa av er tetta. Himling i korridor er senka og det er sett inn ny ledbelysing i tak.

På pasientromma er det montert baderomspanel i dusj og nye nattbordlampar er kjøpt inn og under montering.

Oppussing finansiert med midlar frå mange mindre investeringsprosjekt på Solundheimen.

Barnehagen

Uteområde i barnehagen med plenar, grusgangar, mur, buksar og trær er etablert. Det er bygd ny legveg med dels glas i mot fylkesvegen. Utstyrsbod er under oppføring. Reirdisse er montert.

Moloen i Sildevika

Byggesøknad på molo er levert og godtkjent. Overskotsmassar frå utbetringa av Gyltasvingen vart køyrd i Sildevika for bruk til vidare bygging av moloen. Det vart ikkje nok stein og det manglar framleis ein del massar for ferdigstilling. Når kommunen startar opp nye prosjekt som gjev overskotsmassar vil desse verte nytta til ferdigstilling av moloen dersom avstand ikkje er for stor.

Skiltprosjekt

Det er utarbeida eit utkast til skiltingmal for kommunale bygg og det er utarbeida eit anbudsgrunnlag for innkjøp og montering av adresseskilt. Det er sett av midlar i eige investeringsprosjekt til adresseskilt.

Det er vidare utarbeida ein oversikt over kor ein ynskjer ulike informasjonsskilt til servicetilbod og attraksjonar. Det står att å laga ein finansieringsplan for dette og prosjektrapport.

Asfaltering av kommunale vegar

Det er behov for asfaltering av fleire av dei kommunale vegane. Ikkje minst på Vaulevegen og Kråkåsvegen. Vidare er det behov for punktutbetringar på fleire av dei andre kommunale vegane. Det vart henta inn prisar på planlagt asfalteringsarbeid. Men planane vart lagt vekk når me fekk berekna pris på omlegging av vegen i Klubben. Dei om lag kr 1 600 000 som står igjen til asfaltering i 2025 tenker ein går til asfaltering i Klubben når det er klart for asfaltering der.

Vassverket

Nye pumper vart montert innomhus på vassverket i 2024. Nytt inntak, det vil sei ny leidning i vatnet med ny plassering av inntakspunkt, vart lagt ut i 1.tertial.

Det er store utbetningsbehov på leidningsnettets med omlag 60 % lekkasje. 60 % av vatnet som renn ut frå høgdebassenget kjem ikkje fram til abonnentane. Mattilsynet krev plan for lokalisering og tetting av lekkasjar. Vidare må det etablerast reservevasskjelde. Dette og meir med vert tema som vert lagt fram for politikken gjennom.



Saksframlegg

Arkiv: K2-P22
ArkivsakID: 23/222
JournalpostID: 25/1554
Sakshandsamar: Nikolai Birkeland
Stølsvik
Dato: 08.05.2025

Saknr. utval	Utval	Møtedato
037/25	Formannskap	05.06.2025
030/25	Kommunestyre	12.06.2025

Oppmodning om tilbaketrekking av søknad til post 60, Kystverket

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen trekk sin søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreia og ny søknad klar i 2026.

05.06.2025 Formannskap

Handsaming:

Representanten Andreas Færøy Gåsvær bad formannskapet vurdere om han er ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd. Formannskapet fann representanten Andreas Færøy Gåsvær ugild etter forvaltningslova § 6, 2. ledd. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte under saka.

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre syner til K-sak 016/25 og trekker søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreidd og ny søknad klar i 2026.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-037/25 Vedtak i:

Solund kommunestyre syner til K-sak 016/25 og trekker søknad til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn, men held fram arbeidet om etablering av felles fiskerihamn. Ein arbeidar med felles visjon om ferdig prosjektert løysing, som er godt utgreidd og ny søknad klar i 2026.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kva saka gjeld:

Etter innsendt søknad om støtte til felles fiskerihamn har administrasjonen arbeida med vidare planlegging og naudsynte avklaringar for etablering av felles fiskerihamn i tråd med vedtaket. Under avklaringsfasen har det komme fram ulike moment som gjev at administrasjonen legg fram si oppmodning om tilbaketrekking av søkanden til Kystverket om støtte til etablering av fiskerihamn.

Saksutgreiing:

Lokalitet

Ein har under detaljplanlegginga i lag med fiskarlaget og Sørbu DA skissert ei flytebrygge som er 57x12m,, med utliggar på 60lm og fylling frå land. Dette er ein endra føresetnad frå det som var opprinnleg inntrykk hjå administrasjonen. Anlegget er langt større enn først skissert og gjer til at ein stiller seg noko i tvil til om det er tilstrekkeleg areal på Nåra for ei eventuell framtidig utviding av anlegget. Vidare må ein også vurdere om det vil verte utfordrande med utviding av anlegget då ein nytttar midten av vågen.

Framtidig bruk

Nåra er godt utgreiia i tidlegare moglegheitsstudie og ein ser ikkje at det her er aspekt som skal setje tvil i bruken og målet med å etablere fiskerihamn her.

Solund Kommune har vedteke kjøp av Søre Morteveika, og ønskjer å utvikle næringsarelet på best mogleg vis, i vedtak om søknad er det beskrevet service-, last- og lossekai her, og det er drøfta moglegheita for eit nothus. Nothuset vil dekke om lag 1/10 av dei i alt 20 daa som kommunen kjøper. Ein må ha ei høveleg plassering på bygget, som ikkje stoggar potensialet for eventuelt nyetableringar. I ettertid av fatta vedtak ser ein at ein bør ha ei behovsanalyse for å avdekke best mogleg bruk av arealet, samt om ein skal utvide, utdjupe eller forlenge den allereie etablerte betongkaia som er ved Søre Morteveika.

Økonomi

Det har komme fram at administrasjonen og arbeidsgruppa har arbeida med forskjellige føresetnadar for bruk av flytekaier i vurderinga av prosjektøkonomien. For Nåra har det vert lagt til grunn at ein kan nytte ei kai på 60x3m for etablering av liggekai, i Søre Morteveika har ein drøfta forlenging, men ikkje utviding.

Etter drøfting med Marina Solutions AS, som er ein stor leverandør i markedet har det komme fram at dette ikkje let seg gjere som følger av mekaniske påkjenningar frå båtane som skal bruke anlegget. Innfesting er også til utfordring under same føresetnad. Det er no gjort kjent at ein må legge til grunn ei kai på 57x12m uansett lokasjon som følger av tonnasje. Denne avklaringa har medført ei vesentleg auke i prosjektets økonomi.

Kostnadsramma for ei slik kai aleine ligg til 27 600 000,- eks mva, som er langt over kommunal løyving, og såleis ikkje i tråd med vedtaket.

Vidare er anlegget i Søre Morteveika ikkje kartlagt godt nok til å seie om ein skal utvide eller forlenge eksisterande anlegg, avgjersla her vil ha påverkan på økonomien.

Vurdering:

Etter vurderingar om lokasjon, framtidig bruk og økonomi vurderer administrasjonen at det er hensiktsmessig å trekke søknaden om støtte til post 60, for så å gjennomføre eit større forarbeid før ein på ny forsøker å søke om støtte. Ein bør kartlegge framtidig behov, bruk og finne si nisje for framtidretta næringsverksemd ved Søre Morteveika.



Saksframlegg

Arkiv: K2-Q14
ArkivsakID: 24/901
JournalpostID: 25/727
Sakshandsamar: Nikolai Birkeland
Stølsvik
Dato: 06.03.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
038/25	Formannskap	05.06.2025
031/25	Kommunestyre	12.06.2025

Alternativ vegtrasè - Klubben Bustadfelt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre ber administrasjonen avslutte arbeidet med alternativ 3, og ber kommunedirektøren utgreie originalt alternativ 1 der det vert jobba vidare med eksisterande vegtrasè og ei betre løysing for avkøyring til gbnr 26/146.

Spørsmål knytt til plan og bygningsloven må utgreiast nærare og kommunedirektøren kjem tilbake med sak til kommunestyret 3. tertial 2025.

05.06.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-038/25 Vedtak i:

Solund kommunestyre ber administrasjonen avslutte arbeidet med alternativ 3, og ber kommunedirektøren utgreie originalt alternativ 1 der det vert jobba vidare med eksisterande vegtrasè og ei betre løysing for avkøyring til gbnr 26/146.

Spørsmål knytt til plan og bygningsloven må utgreiast nærare og kommunedirektøren kjem tilbake med sak til kommunestyret 3. tertial 2025.

Vedlegg i saka:

06.03.2025 026-

017_Hardbakke_Klubben_Utbedring_Veg_Del1_Alt3_Lpro_250219_Ort_A3

06.03.2025 026-
017_Hardbakke_Klubben_Utbedring_Veg_Del1_Alt3_Lpro_250219_Reg_A3
06.03.2025 026-018_Hardbakke_Klubben_Utbedring_Veg_Del1_Alt3_Tpro_250219_A3
06.03.2025 026-
012_Hardbakke_Klubben_Utbedring_Veg_Masseberekning_Del1_Alt3_250219

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Kva saka gjeld:

Utgreiing av vegtrase – Klubben Bustadfelt


Saksutgreiing:

I K-sak 008/25 fatte Solund kommunestyre fylgjande vedtak:

«Kommunestyret bed administrasjonen utgreie ny vegtrase som går over tomt 1 inkludert naudsynt rassikring og med ny avkøyrsløse til gbnr 26/146. Administrasjonen legg fram ny prosjektert vegløyseing med pristilbod før ein startar arbeidet med reguleringsendring.»

Administrasjonen har difor engasjert Sunnfjord Entreprenør AS som prosjekterande føretak for utarbeiding av alternativ vegtrase og har hyra inn geolog frå Sunnfjord Geocenter (SGC) for vurdering av rassikringstiltak, i rapporten til SGC kjem ein fram til at der ikkje er behov for ytterlegare rassikringstiltak for området, verken om ein held fram med dagens arealformål, eller om ein endra til veg. Formålet med prosjekteringa har vert å avdekke det best egna vegstrekkeet i gjennom tomt 1. Vidare med føring om utforming i tråd med aktuelt lovverk og forskrifter, samt lågast mogleg økonomisk konsekvens.

Utklippet under syner føreslått trase gjennom tomt 1. Forslaget legg opp til å starte kurva ved eksisterande parkeringsplass, vidare rettstrekke med 12% stigning til ein kurva inn igjen på eksisterande veg om lag ved etablert nettstasjon. For å oppnå eit godt køyremønster er forslaget utforma med slakare stigning i kurvene enn på rettstrekkeet, ein har også lange kurver for utvida siktlinjer. Vegen er prosjektert med fall mot sør for å handtere avrenning av overflatevatn, vatn handterast i ny grøft. Overvatn vil vidare koplast på eksisterande anlegg i veg og leiast ut i allereie etablert infrastruktur. Omlegginga vil såleis ikkje føre til endra overvasshandtering, heller ikkje auka volum i etablert nettverk. I føreslått tiltak tek ein høgde for utbetring av siktproblematikk på toppen, omlag frå profil 125 og Nord.



Figur 1: Biletet syner omlegging av vegtrase.

Forslaget bygger på minst mogleg inngrep mot tilkomsten til dei to tilstøtande naboegedommane, som allereie er utbygga. Ein tilstreba å flytte ny trase så langt sør i profil 0 (i figur 1) at ein vil starte utan inngrep og såleis ikkje forringe tilkomsten dei to tilstøtande naboane har i dag. Eksisterande vegbane skal altså ikkje påverkast av dette inngrepet. Ved omlegging av vegbana til alternativ 3 kan ein tilbakeføre vegstrekkeet som ikkje påverkast til opprinnleg stand.

For omlegging av vegbana gjennom tomt 1 vil tiltaket medføre om lag 1080m³ i overskot av

sprengstein. Overskotsmassene må transporterast ut av traseen under utføring. Det må avklarast kvar ein skal flytte desse steinmassane då kommunen per tid ikkje har noko form for deponi eller lager for overskotsmasser. Kommunedirektøren ville ha nytta eventuelle overskotsmassane til å ferdigstille moloen i Sildevika, eller eventuelt til å etablere større næringstomter utanfor feltet. Eventuell mellomlagring internt i feltet vil også medføre at overskotsmasser må køyrast ut før ein kan sende søknad om ferdigstilling på tiltaket. Dette gjeld også for eksisterande overskotsmasse ved nausttomtene.

Tiltaket medfører tilførsel av nye gatelys i feltet, med estimert 30 lm mellom kvart lys må ein legge til grunn at der etablerast tre nye lys til eit estimat på 210 000,- eks mva.

Omlegginga av vegbana har ein stipulert kostnad til kroner 2.720.000,- eks mva. Dette inkluderer tilbakeføring av innkøyringa til 26/146, men er ekskludert asfaltering av det fulle strekket.

Kostnaden er med utgangspunkt i at overskotsmasser som produserast nyttast til ferdigstilling av moloen i Sildevika, deretter mellomlagrast på lokasjon med tilsvarande avstad frå tiltaket. Etter utfylling frå tidlegare prosjekt anser ein at det skal tilførast 4-500 m³ før moloen er ferdigstilt.

Masserapport


Prosjektfil: 026_Klubben_Utbetring_Veg_Del1_Alt3.sfi
 Prosjektinfo:

NS3420	F31.10	G13.211	Dypsprengning	F51.11	I55.3	I54.30
Beskrivelse			Dypsprengning		Bærelag av knust fjell, Fk	Forsterkningslag av sprengt stein og kult inklusive avrettingslag
Massetype-ID:	1: Skjæring jord	3: Sprengning	5: Dypsprengning	6: Fylling stein	16: Bærelag	18: Forsterkningslag
Beregningstype:	Volum	Volum	Volum	Volum	Volum	Volum
Total:	52,65	742,20	495,08	147,79	32,38	75,87
Enhet:	m ³	m ³	m ³	m ³	m ³	m ³
Skaleringsfaktor:	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Total skalert:	52,65	742,20	495,08	147,79	32,38	75,87
Konverteringsfaktor:	1,10	1,50	0,50	-1,10	-1,10	-1,10
Total skalert og konvertert:	57,92	1113,30	247,54	-162,57	-35,62	-83,46
Konverteringsenhet:	m ³	m ³	m ³	m ³	m ³	m ³

1079,20

Tabell 1: Tabell syner massereknskap av inngrepet. Kalkulerte mengder er kunn for sjølve traseen.

Den aktuelle vegtraseen er planlagt med absolutt minst mogleg terrenginngrep, dette gjev at ein på deler av strekket vil få fjellskjering også mot Vest som ein konsekvens. Det synast til utklipp av profil 45 som tek føre seg tverrsnittet av terrengprofilen, i dette tilfellet vert det ei om lag 3 meter høg skjering for det prosjekterte strekket på 5 meter. I lys av dette må ein vurdere kva som er beste valet for tiltaket med hensyn til både funksjonelt, estetisk og økonomien i prosjektet. Dersom ein vel å sprengre fjellet slik at ein oppnår auka areal mot vest langs vegstrekket vil dette produsere om lag 550m³ ekstra sprengstein. Auka i arbeidsomfang og massar vil medføre ei kostnadsauke på om lag 500.000,- eks mva. Tiltaket kan gjere til at ein får ei avkøyringslomme, eventuelt kan nytte det tilgjengelege arealet til andre føremål.




Figur 2: Syner prosjektering inngrep i tverrprofil, P45. Illustrasjonen syner terrengingrep for eit 5 meter strekk.

Alternativ 3 mot vedteken reguleringsplan

Omlegging av vegbana vil medføre fråvik frå reguleringsplan og såleis krav om reguleringsendring. Ein må estimere om lag 30.000,- til dette arbeidet. Omreguleringa vil også føre til utvida saksbehandlingstid med meir.

Dersom ein ikkje løyser igangsetjing med dispensasjon frå reguleringsplan må ein såleis pårekne å utsette oppstart med utbetring av vegbana til 2026, med tentativ ferdigstillingsdato mot sommaren 2026. Ein dispensasjon med pålegg om reguleringsendring vil framskande tiltaket vesentleg.



Figur 3: Syner tiltaket igjennom vedteken reguleringsplan.

Boss- og postkassehus

2433	Veglys - utskifting til LED		396 000			
2332	Kommunale bygg - utskifting til LED		237 000			
	Molo Sildevika - ferdigstilling				500 000	
2601	Trafostasjon Hardbakke	500 000		500 000		
	Uteområde Treningscenter				300 000	
2937	Skilting kommunale bygg		104 000	50 000	100 000	
	<i>Utstyr</i>					
2602	Bil vaktmeister => Flisekutter	350 000	-185 000			
2603	Lift	600 000				
	Flisekutter			0		
2604	Frontmontert kost traktor	100 000				
	<i>Sjølvcostprosjekt</i>					
2701	Sjølvcost vatn			1 000 000	2 375 000	
2702	Sjølvcost avlaup	1 000 000				
2434	Oppgradering alle vassverk		40 000			
2122	Avlaupsanlegg Hardbakke - forprosjekt / rapport		208 000			
2435	Overtaking pumpestasjon Sildevika		108 000			
2120	Digitalisering leidningsnett		25 000			
2121	Hovudplan vassforsyning		188 000			
2334	Avlaupspumpestasjonar - automatisering og overvaking		189 000			
2216	Utskifting pumper avlaupsstasjonar		123 000			
2336	Nytt høgdebasseng Hardbakke - forprosjekt		50 000			
	KOMMUNEDIREKTØR					
2944	Ny skule m/bibl.		13 321 000			
	Ny skule m/bibl. 2025 løyving (falt ut tidlegare)		15 000 000			
	Kjøp av areal Søre Morteveka		2 000 000	2 600 000		
	Næringsbygg/nytt kommunehus		141 000			
	Kjøp Hardbakke 20		4 000 000			
	<i>Vidareutlån og eigenkapital KLP</i>					
7000	EK KLP	330 000		330 000	330 000	330 000

	Vert utsett til 2026
	Overført rest
	Overført rest
	Overført rest
	Overført rest
	Bil vart leasa, flishuggar kjøpt i staden
	Kjøpt i 2025 i staden
	Overført rest, sjølvcost vatn
	Overført rest, avlaup
	Overført rest, avlaup
	Overført rest, sjølvcost vatn/avlaup
	Overført rest, sjølvcost vatn/avlaup
	Overført rest, avlaup
	Overført rest, avlaup
	Overført rest, sjølvcost vatn
	Overført rest
	2025 løyving falt ut tidlegare
	Jf, K-sak 004/25
	Overført rest, forprosjektløyvinga
	Jf, F-sak 027/25

	Balanse	0	0	0	0	0
		ØP-25	RB-25	ØP-26	ØP-27	ØP-28
7030	Formidlings og startlån	267 000		267 000	267 000	267 000
7040	Lån til næringsutvikling	322 000		350 000	375 000	375 000
	Sum finansieringsbehov	12 387 079	45 159 000	14 956 311	5 947 000	4 312 000
	Vidareutlån (startlån)	500 000		500 000	500 000	500 000
	Ny sum finansieringsbehov	12 887 079	45 159 000	15 456 311	6 447 000	4 812 000
	Finansiering	ØP-25		ØP-26	ØP-27	ØP-28
	Bruk av lån:					
	Endring låneopptak					
	Lån - vedtak (ramme)	-1 000 000		-1 000 000	-2 375 000	0
	Låneopptak skule		-15 000 000			
	Bruk investeringsfond:					
	Ny frys og kjøp Solundheimen (bruk av fond)		-600 000			
	Sognesjøhytta	-23 142				
	Ubundne investeringsfond	-2 443 109	1 112 158			
	Bru Ytre Steinsund (fond)			-14 592		
	Utvikling Solund Prestegård			-61 079		
	Draumeplassen			-45 000		
	Bruk av tilskot:					
	Trafikktryggingstiltak	-250 000		-250 000	-250 000	-250 000
	Utviding diskolfbane (tilskot)		-45 000			
	Kulturvandring (tilskot)	-400 000				
	Tilskot til energitiltak i omsorgsbustader og sjukeheim	-3 800 000				
	Ballbinge ved Solund barne- og ungdomsskule (tilskot)		-300 000			
	Sal av fast eiendom:					
	Sal av tomtar og bustader	-388 000		-388 000	-388 000	-388 000
	Overføring frå drift:					
	Til EK KLP	-330 000		-330 000	-330 000	-330 000
	Til Formidlingslån	-120 000		-120 000	-120 000	-120 000
	Fondsmidlar til investering	-3 163 827	-30 326 158	-12 250 640	-1 962 000	-2 702 000
	Mottekne avdrag på formidlingsutlån	-147 000		-147 000	-147 000	-147 000
	Mottekne avdrag på næringslån	-322 000		-350 000	-375 000	-375 000

	Balance	0	0	0	0	0
		ØP-25	RB-25	ØP-26	ØP-27	ØP-28
	Sum finansiering	-12 387 079	-45 159 000	-14 956 311	-5 947 000	-4 312 000
	Låneopptak til vidare utlån	-500 000		-500 000	-500 000	-500 000
	Ny sum finansiering	-12 887 079	-45 159 000	-15 456 311	-6 447 000	-4 812 000

	Balanse	0	0	0	0	0
		ØP-25	RB-25	ØP-26	ØP-27	ØP-28
DISPOSISJONSFOND:						
Avsetnad auksjonsinntekter frå statleg Havbruksfond		5 000		36 600		36 600
Kompensasjon for bortfall av distriktstilskot Sør Norge (+INGAR)		-2 312		-3 304	-3 639	-3 965
Dagens bruk av fond i drift		-4 393		-4 393	-4 393	-4 393
Justert fondsbruk i drift		-3 122	133	-460	1 282	1 245
Skuleavdrag betalt i 2023		-2 196				
Ekstraordinære avdrag		-7 804	7 804	-5 000		-15 000
Avsetnad refusjon Veg Dalesund - Tangenes		200				
Bruk til nytt fiberprosjekt 2023-2025 ansvar 800		-500				
Bruk til medfinansiering Gyltesvingen ansvar 800			-530			
Bruk til tilskot til landsbruksveg			-294			
Bruk av midlar frå disposisjonsfond til investering		-3 164	-30 326	-12 251	-1 962	-2 702
Frå investering - gravplass drenering og utskifting jord						
Omdisponering: Vaske/mala Hardbakke kyrkje - ansvar 800				-1 150		
Netto avsetnader		-18 291	-23 213	10 042	-8 712	11 785



Kommunane i Vestland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Håvard Rød, 5557 2143

Revidert nasjonalbudsjett 2025 og kommuneopplegget for 2026

Statsforvaltaren gir i dette brevet eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2025 og kommuneopplegget for 2026, jf. prop. 142 S - Kommuneproposisjonen.

I brevet betyr «kommunane» primærkommunane utan at fylkeskommunane er med, og «departementet» betyr Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Endringar i det økonomiske opplegget for 2025

Skatteoverslaget for kommunane er samla justert noko ned no i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skattevekst i prosent frå innkomen skatt i 2024 til 2025 er redusert frå 10,0 prosent i statsbudsjettet til 9,7 prosent no. Dette er skatt på formue og inntekt, medrekna naturressursskatt.

Kostnadsdeflatoren for kommunane var 4,1 prosent i statsbudsjettet for 2025, fordelt mellom pårekna lønsvekst 4,5 prosent og pårekna prisvekst for kjøp av varer og tenester 3,5 prosent. Det er no rekna med lågare kostnadsvekst enn i statsbudsjettet.

Den pårekna kostnadsveksten for i år er no 3,9 prosent :

Lønsvekst	4,4 prosent (vekt 0,574)
Prisvekst kjøp av varer og tenester.	3,3 prosent (vekt 0,426)
Samla prisvekst	3,9 prosent

Dette vil gi ei innsparing for kommunane. På den andre sida er det som nemnd pårekna noko lågare skatteinntekter enn i statsbudsjettet. Netto verknaden av dette gir ein noko større inntektsramme for kommunane.

Det er på denne bakgrunnen rekna at kommunesektoren i år vil få ei styrka inntektsramme på om lag kr 0,4 mrd., samanlikna med statsbudsjettet. Dette er lågare kostnadsvekst (kr 1,1 mrd.), med fråtrekk for mindre skatt på inntekt og formue (kr 0,7 mrd.).

Reduserte skatteinntekter på kr 0,7 mrd. for kommunesektoren, er fordelt med om lag kr 330 mill. på kommunane og om lag kr 360 mill. på fylkeskommunane.



Pensjon - ny offentlig AFP

I statsbudsjettet for 2025 var det ein pårekna reduksjon i kommunesektoren sine samla pensjonskostnader med om lag kr 0,5 mrd., samanlikna med pårekna lønsvekst. I dette overslaget for pensjonskostnader var det ikkje teke omsyn til verknad av ny offentlig AFP frå 1. januar 2025, som følgje av uvisse om berekningsgrunnlaget.

Regjeringa ville difor kome att til verknader av ny offentlig AFP og kompensasjon i revidert nasjonalbudsjett for 2025.

Det er no utarbeidd oppdaterte overslag for meirkostnader til pensjon. Verknadene av ny offentlig AFP frå 1. januar 2025 er innarbeidd i kostnadsoverslag for pensjon. Utrekningane syner meirkostnader i kommunesektoren sine samla pensjonskostnader i 2025 på om lag kr 3,6 mrd., utover pårekna lønsvekst. Samanlikna med det opphavlege overslaget for pensjonskostnader i statsbudsjettet (- kr 0,5 mrd.), inneber dette ein auke i pensjonskostnadene for kommunesektoren på kr 4,1 mrd. frå opphavleg nivå i statsbudsjettet.

Det er lagt opp til at kommunane får kompensert for meirkostnaden i pensjon. Det er framlegg om ei tilleggsføring i 2025 til kommunesektoren på kr 4,1 mrd. som kompensasjon for meirkostnadene i pensjon frå nivået i statsbudsjettet, fordelt med kr 3,7 mrd. til kommunane og kr 0,4 mrd. til fylkeskommunane.

Departementet tek sikte på å sende eit oppdatert rundskriv for berekning av pensjonskostnadene i juni.

Kommuneopplegget for 2026

Generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunesektoren i intervallet frå 4,2 til 4,9 mrd. kroner frå 2025 til 2026. Av dette er kommunane sin del rekna til intervallet frå 3,2 til 3,8 mrd. kroner. Veksten er rekna frå det pårekna inntektsnivået i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2025 til 2026 vil difor kome som eit tillegg. Kostnadsdeflatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli fastsett i statsbudsjettet til hausten.

Veksten i dei frie inntektene må finansiere auka kostnader som følgje av befolkningsutviklinga, blant anna auken i dei eldre aldersgruppene. Vekst i pårekna demografikostnader for kommunesektoren i 2026 er 2,9 mrd. kroner, som er den delen av kostnadsveksten som må bli dekt av vekst i dei frie inntektene. Kommunane sin del av denne kostnadsveksten er rekna til om lag 2,1 mrd. kroner.

Det er lagt til grunn at kommunesektoren får eit auka handlingsrom i intervallet frå 1,3 til 2,0 mrd. kroner i 2026. Dette er realvekst i frie inntekter, med fråtrekk for auka demografikostnader. Dette auka handlingsrommet kan bli fordelt med 85 prosent på kommunane og 15 prosent på fylkeskommunane.

Det er ikkje lagt opp til særskilte bindingar til satsingar som veksten i dei frie inntektene i 2026 skal gi rom for.



Pensjon

Det har i kommuneopplegget vore slik at realveksten i dei frie inntektene også skulle dekke auka pensjonskostnader, utover pårekna lønsvekst. Pensjon vil frå og med 2026 inngå i den kommunale kostnadsdeflatoren. Vekst i pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst vil inngå som ein komponent i deflatoren frå 2026, i tillegg til pårekna lønsvekst og prisvekst ved kjøp av varer og tenester. Kompensasjon for auke i pensjonskostnadene utover pårekna lønsvekst, vil då bli teke omsyn til ved fastsetjing av den ordinære priskompensasjonen av dei frie inntektene i statsbudsjettet.

Realvekst i dei frie inntektene skal difor frå og med 2026 ikkje lenger dekke auka pensjonskostnader utover pårekna lønsvekst.

Departementet vil opplyse nærare om dei økonomiske føresetnadene for utrekning av pensjonskostnadene for rekneskapsåret 2026 i rundskriv til kommunane.

Skatt

Kommunal formuesskatt blir redusert med ytterlegare 1/4-del i 2026. Den kommunale formuesskatten blir difor halvert i løpet av åra 2025 og 2026. Skatteøyret for kommunane vart auka frå 10,95 prosent i 2024 til 12,75 prosent i 2025 for å gi kommunane høgare inntektsskatt. Dette gir kompensasjon for lågare formuesskatt og bortfall av utbytteskatt i 2025. Utbytteskatt til kommunane er teken heilt bort i 2025.

Det kommunale skatteøyret for 2026 vil bli fastsett i statsbudsjettet til hausten. Det blir som tidlegare lagt opp til å fastsetje skatteøyret på grunnlag av målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjere om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter. Då må skatteøyret for kommunane i 2026 ta omsyn til at større inntektsskatt må kompensere lågare formuesskatt også frå 2025 til 2026 for kommunane samla. Det vil i 2026 gi fordelingsverknader mellom kommunane.

Endringar i skatt blir ikkje tekne omsyn til av overgangsordninga INGAR, men blir for formuesskatten innført gradvis over dei to åra 2025 og 2026. Endring får difor full verknad i 2026.

Skjønstilskot

Basisramma for skjønstilskot blir fordelt mellom kommunane av statsforvaltarane. Ramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet er kr 800 mill. i 2025, av dette kr 139,1 mill. til Vestland.

Basisramma i 2026 for skjønstilskot i landet blir auka nominelt til kr 830 mill.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Naturskade

Retningslinene for at departementet skal gi skjønstilskot i samband med naturskade blir justert for 2026. Eigendel og innslagspunkt blir auka på bakgrunn av prisvekst som har vore over fleire år. Beløpa har vore nominelt uendra i fleire år.

Nye beløp for 2026: Kommunar som har hatt utgifter etter naturskade som samla er over kr 350,- per innbyggjar, kan få kompensasjon som dekker halvparten av utgiftene. Dersom utgiftene er over kr 700,- per innbyggjar, kan kommunen få kompensasjon som dekker alle utgiftene over kr 350,- per innbyggjar.



Beløp for eigendel er oppjustert frå kr 250,- per innbyggjar (t.o.m. 2025) til kr 350,- per innbyggjar frå 2026.

Beløp for innslagspunkt er oppjustert frå kr 500,- per innbyggjar (t.o.m. 2025) til kr 700,- per innbyggjar frå 2026.

Dei nemnde beløpa for eigendel og innslagspunkt vil seinare bli justert med jamne mellomrom på bakgrunn av prisvekst.

Inntektssystemet 2026

Inntektssystemet generelt

Nytt inntektssystem for kommunane er innført i 2025. Det er ikkje varsla nye endringar i inntektssystemet for 2026.

I 2025 er det innført ein ny oppdatert kostnadsnøkkel i utgiftsutjamninga (basert på faglege analysar og utviklinga i kommunane sine faktiske utgifter) og endringar i dei regionalpolitiske tilskota, t.d. distriktstilskot Sør-Noreg og småkommunetillegget. Overgangsordninga INGAR tek omsyn til desse endringane slik at verknaden kjem gradvis over nokre år.

Inntektsutjamning

Den symmetriske (ordinære) inntektsutjamninga blir auka ytterlegare frå 62 prosent i 2025 til 64 prosent i 2026. Den var 60 prosent til og med 2024. Tilleggskompensasjonen i inntektsutjamninga for skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet blir vidareført uendra på 35 prosent.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i inntektsutjamning. Opptrappinga i inntektsutjamning blir innført gradvis over dei to åra 2025 og 2026. Endring får difor full verknad i 2026.

Kompensasjon for endringar i regelverket for eigedomsskatt

Kommunane er delvis kompenserte for reduserte eigedomsskatteinntekter (over eigendel per innbyggjar) som følgje av bortfall eigedomsskatt på produksjonsutstyr og installasjonar.

Kompensasjon er gitt som særskilt fordeling i inntektssystemet. Omlegginga er gjennomført gradvis over sju år frå og med 2019 slik at endringa har fått full verknad i 2025. Samla kompensasjon for dei aktuelle kommunane i 2025 er kr 300 mill. Kommunane Øygarden, Alver, Austrheim, Gulen, Høyanger og Årdal er omfatta av ordninga i Vestland.

Ein kommune har teke spørsmålet om vidareføring av kompensasjon etter 2025 opp med oss. Det er ikkje gitt noko signal i proposisjonen om denne kompensasjonen framover. Det er m.a.o. heller ikkje varsla noko bortfall av kompensasjonen.

Ressurskrevjande tenester – toppfinansieringsordninga

Det er i proposisjonen ikkje varsla endringar i den nye ordninga for ressurskrevjande tenester – toppfinansieringsordning. Departementet vil kome med nærare opplysningar i framlegget til statsbudsjett for 2026 til hausten. Dette vil omfatte fastsetjing av innslagspunkt for utbetaling av tilskot i 2026.

Kommunale gebyr

Regjeringa har kome med framlegg til endringar i regelverket om sjølvkost. Framlegget er sendt på høyring med høyringsfrist i byrjinga av september.



Det er framlegg om lengre avskrivningstid og derav lengre nedbetalingstid på lån til sjølvkost-investeringar. Lengre nedbetalingstid vil på kort sikt bidra til lågare gebyr for innbyggjarane. Dette vil dempe den noverande samla veksten i gebyr.

Det er framlegg om å forlenge den maksimale avskrivningstida frå 40 år til 80 år for vatn- og avlaupsleidningar, og frå 20 år til 40 år for nokre anlegg innan vatn, avlaups- og renovasjons-tenestene som t.d. forbrenningsanlegg, reinseanlegg og pumpestasjonar (dei som framleis ikkje har utvida frå 20 år avskrivningstid). For kommunane vil lågare ordinære avdrag på innlån i hovudsak bli motsvart av lågare gebyrinntekter.

Over tid inneber framlegget høgare gebyr fordi avskrivningstid og nedbetalingstid på lån blir lengre, noko som vil gi større renteutgifter. På kort sikt bidreg ei slik endring til lågare gebyr (lågare minimumsavdrag), men over tid bidreg dette til større renteutgifter og derav høgare gebyr.

I sjølvkostforskrifta er det framlegg om å endre den berekningsrenta som blir brukt i grunnlaget for gebyr, frå 5-årig swaprente pluss 1/2 prosentpoeng til 3-månaders NIBOR pluss 0,6 prosentpoeng. Dette ville gitt meir samsvar mellom berekningsrenta for dei gebyra som innbyggjarane betaler til kommunen, og kommunen sine egne renteutgifter på sine innlån.

Slik rentemarknaden er no, ville ei slik endring bidrege til ein auke i berekningsrenta for gebyr og difor bidrege til høgare gebyr for innbyggjarane. Departementet vil difor utsetje denne endringa. Framlegget til endring vil bli vurdert nærare i lys av renteutviklinga.

Departementet gjer framlegg om at framføringsperioden for over- og underskot i sjølvkost-rekneskapan blir vidareført uendra på fem år. Noverande ordning varetek omsynet til ei stabil og jamn utvikling i gebyrnivået, utan å forskyve betalinga for tenestene til seinare brukarar.

I statsbudsjettet for 2025 var det framlegg om å redusere mva-satsen for vatn og avlaup frå 25 prosent til 15 prosent, med planlagt iverksetjing frå 1. mai i år. Innføringa av redusert sats blir utsett til 1. juli 2025.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Synnøve Stalheim
kommunaldirektør

Dersom det er spørsmål til innhaldet i brevet, kan kommunane ta kontakt med Håvard Rød (55572143), Marit Lunde (57643005), Edvard Høgestøl (55572045) eller Ingunn Broch Hauge (57643020) hjå Statsforvaltaren, eventuelt på e-post.



Saksframlegg

Arkiv: K1-234, K2-U64
ArkivsakID: 22/513
JournalpostID: 25/1840
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 28.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
043/25	Formannskap	05.06.2025
035/25	Kommunestyre	12.06.2025

Drøftingssak Bygdevekst handlingsplan 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

05.06.2025 Formannskap

Handsaming:

Felles framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til handlingsplan slik den ligg føre.

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-043/25 Vedtak i:

Solund kommunestyre godkjenner framlegg til handlingsplan slik den ligg føre.

Vedlegg i saka:

28.05.2025 Handlingsplan Fedje og Solund arbeidsdokument 16.05.2025

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Bygdevekstavgift mellom KDD og kommunane Solund og Fedje:

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-133070_1_A!d-2022013456!NEPkDq?pid=3

Artikkel på Solund kommune si heimeside:

<https://www.solund.kommune.no/aktuelt/avtalesignering-i-havgapet.41623.aspx>

Kva saka gjeld:

Orientering om arbeidet med handlingsplan for Bygdevekst for 2025, og drøfting av framlegg til handlingsprogrammet som ligg vedlagt.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Målet med bygdevekstprosjektet er å bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling i dei minst sentrale delar av distrikts-Norge. Tiltaka skal også ha overføringsverdi til andre distriktskommunar.

Bygdevekstprosjektet er eit utviklingsprosjekt som blant anna skal bidra til innovasjon og nytenking, og det skal vera eit supplement til kommunane sitt ordinære arbeid.

Piloten på Vestlandet har fire delmål i avtalen:

- Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet (Fedje hamn og indre hamn Hardbakke)
- Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu
- Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane
- Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid

Finansieringa av prosjektet er ein kombinasjon av driftstilskot og tiltaksmidlar. Frå 2025 er det løyvd 10 millionar kroner for piloten i Vestland i tiltaksmidlar, øyremerka konkrete prosjekt som støttar målet i avtala. Statsbudsjettet for 2026 blir først vedteke i desember 2025 og vil kunne føre til ytterlegare 9 millionar for perioden 2026 – 2028.

Handlingsplanen

Det skal utarbeidast årlege handlingsplanar for kvart delmål i avtalen og settast i gang aktivitetar og tiltak i tråd med handlingsplanane. Handlingsplanane skal godkjennast av kommunestyra, fylkeskommunen og KDD. Handlingsplanane er grunnlaget for utbetaling av midlar frå statsbudsjettet.

Handlingsplanen fungerer som grunnlag for statleg medfinansiering av avtalen, og piloten skal vere samde med samarbeidspartane om tiltaka under det enkelte delmålet. Midlane til den statlege medfinansieringa av tiltak vart løyvd frå Stortinget for 2025, men midlane kan overførast til seinare år og skal dekke heile avtaleperioden. Piloten kan prioritere ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden, slik som det er foreslått i vedlagt handlingsplan.

I tillegg til avtalepartane, er også andre partar inkludert i deler av arbeidet. Desse har status som samarbeidspartar t.d. Husbanken. Samarbeidspartane skal vera samde om tiltak og arbeidsmetodar i handlingsplanen, og skal formelt godkjenne dette. Kommunestyra og leiargruppene i kommunane, saman med ressursgruppa i prosjektet har arbeida med og godkjent avtalen. Ressursgruppa er sett saman av representantar frå kommunane, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Husbanken region vest og Distriktssenteret.

Handlingsplanen skal vedtakast i kommunestyra i dei to kommunane.

Bygdevekstprosjektet og innspel til handlingsplanen var tema i formannskapsmøte 20. mars og kommunestyret i 3. april 2025. Det var gode arbeidsøker, og resultatane frå desse er innarbeidd i handlingsplanen i den grad det har vore formålstenleg. Innspela elles vert teke med til seinare arbeid med handlingsplanen.

Framlegget til handlingsplan som er jobba med for 2025 vert tufta på fylgjande overordna strategiske mål:

1. Sikre intern rigg, forankring og involvering i avtalekommunane. Kvar kommune vil pr. delmål etablere eit kjerneteam med leiar forankra i kommunedirektøren si leiargruppe.
2. Sikre organisering og samarbeidsformer som understøtter tverrgåande prosesser. I stor grad vil dette søkjast løyst ved at ressurspersonar frå dei regionale aktørane bidrag med kompetanse og innsikt i lokale/tematiske arbeidsgrupper.
3. Sikre at handlingsplansarbeid i 2025 gjev grunnlag for oppstart av konkrete, prioriterte og omordna tiltak for perioden 2026-28.

Arbeidet med ny, konkretisert handlingsplan for 2026 starter hausten 2025.

Framlegget som ligg vedlagt saka er basert på arbeid i leiargruppa og arbeidsverkstad i kommunestyret 3. april 2025.

Framdriftsplan

Milepælar og innspelspunkt – handlingsprogram 2025

- 2. juni Siste forankringsmøte i ressursgruppa.
- 5. Juni Drøftingssak av handlingsplan 2025 i formannskapet.
- 12. Juni Vedtakssak av handlingsplan 2025 i kommunestyret. Mogelegheiter for mindre justeringar fram mot frist i samråd med dei som får fullmakt av kommunestyret til dette.
- 27. juni Siste innsendingsfrist av handlingsprogram for 2025 til KDD

Milepælar og innspelspunkt – handlingsprogram 2026

Hausten Medverknad til handlingsprogram Bygdevekst og Handlingsprogram samfunnsdel. Det er forventa at Bygdevekst og samfunnsdel vert fast post på formannskapsmøta framover.

- 27. november Vedtak av handlingsplan for Bygdevekst 2026 i formannskapet.
- 11. desember Vedtak av handlingsplan for Bygdevekst 2026 i kommunestyret.

Drøfting

Det er avgrensa mogelegheitsrom for drøfting av framlegget, fordi handlingsprogrammet i saka var tema i ressursgruppa for Bygdevekst 28. april. Det vil vere eit siste møte i denne gruppa 3. juni, slik at det kan komme endringar som vert lagt fram i formannskapet 5. juni. Det er ysnkja drøfting om:

- Er ambisjonsnivået i handlingsplanen riktig?
 - Sjå føresetnader som er lagt lenger oppe i denne saka (1-3) og tiltaka på kvart delmål i vedlegget.
- Er det riktig å prioritere delmål 1 og 2?
 - Vedlegget syner ei tydeleg prioritering av delmål 1 og 2. Dette er gjort fordi desse to delmåla er vurdert som ei to delmåla med dei største og tyngste prosessane. Sjå økonomisk prioritering i punkt 6 og 7 i vedlegget.
- Er det noko administrasjonen har gløymt?
 - Framlegget er basert på arbeid i leiargruppa, ressursgruppa og kommunestyret, det kan likevel vere moment som ikkje er kome med så langt.

Vurdering:

Arbeidsdokument pr 16.05.25
Utkast til handlingsplan
- oppfølging av
Bygdevekstavgift for Fedje og Solund

Innhald

1. Introduksjon	3
2. Rammer for handlingsplanen	3
3. Handlingsplan 2025 per delmål	4
3.0 Strategi og tilnærming	4
3.1 Delmål 1: Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet (Fedje hamn og indre hamn Hardbakke)	5
3.2 Delmål 2 Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu	9
3.3 Delmål 3 Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane	13
3.4 Delmål 4; Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar samfunnsutvikling i ei ny tid	18
4. Organisering	21
5. Lokal og regional forankring	22
6. Fordeling av budsjett for hele avtaleperioden (statlig medfinansiering)	23
7. Samlet budsjett og finansiering for 2025	24

1. Introduksjon

Kommunane Fedje og Solund har inngått avtale med staten ved Kommunal- og distriktsdepartementet og Vestland fylkeskommune om å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidretta næringsutvikling i avtalekommunane. Avtalen vart signert av partane 19.mai 2025 og skal gjelde i perioden 2025 – 2028.

Avtalen inkluderer 4 delmål:

1. Etablere/vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet (Fedje hamn og indre hamn Hardbakke)
2. Auke pilotkommunanes attraktivitet som bu stadar
3. Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane
4. Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid

Måla i bygdevekstavtalen fordrar koordinert innsats frå fleire sektorar. På nokre områder er det primært aktuelt med et pilot-stat-samarbeid, på andre er det aktuelt å samarbeide med fleire aktørar. For kvart delmål skal samarbeidspartane einast om en plan for avtaleperioden og konkrete tiltak, samt einast om å invitere andre parter inn i arbeidet. Bygdevekstavtalen er et utviklingsprosjekt som blant annet skal bidra til innovasjon og nytenking. Avtalen skal være et supplement til det ordinære arbeidet i kommunen, og tiltak skal konkretiserast i samanheng med anna innsats i avtalekommunane. KDD vil utforme en mal for sluttevaluering i dialog med avtalekommunane og namngjevne samarbeidspartar i avtalene i løpet av 2024.

2. Rammer for handlingsplanen

Partane skal i høve til avtalen og jf. brev om rammene for tilleggsbevilling og forventningar til fase 2, datert 21. november 2023, utarbeide ein handlingsplan for oppfølging av avtalen. Handlingsplanen gjer greie for tiltak og aktivitetar i avtaleperioden og finansiering av disse. Tabellen under pkt. 6 gir ein samla oversikt over fordeling av ressursar fordelt gjennom avtaleperioden. Tabellen under punkt 7 viser oversikt over finansiering av konkrete tiltak for 2025.

For kriterier til vurdering av handlingsplanen viser vi til politikarbrev sendt 27. september 2024. KDD vil sende ut informasjon om krav til rapportering. Dette vil bli formelt sett fast i forbindelse med et tilskotbrev piloten vil motta når handlingsplanen er godkjent av KDD.

Handlingsplanen skal deretter oppdaterast og godkjennast årleg. Den skal gjere greie for:

1. Nye tiltak, både der man ønsker å nytte statlege midlar og ev andre relevante tiltak som bør sjåast i samanheng
2. Endring av eksisterande tiltak, og kva som er grunnen for endringa
3. Avslutta tiltak, men ei kort vurdering av kva tiltaket har bidratt til

Handlingsplanen fungerer som grunnlag for statleg medfinansiering av avtala, og skal være omforent mellom samarbeidspartane under det enkelte delmål. Midlane til den statlege medfinansieringa av tiltak ble ytt fra Stortinget for 2024, men kan overførast til seinare år og skal dekke hele avtaleperioden. Piloten kan prioritere ulike delmål til ulik tid i løpet av avtaleperioden.

3. Handlingsplan 2025 per delmål

3.0 Strategi og tilnærming

Konkretiseringa av handlingsplanen som fylgjar under søkjar å vere realistisk i forhold til at Bygdevekst avtala nyleg er ferdigstilt, og at samarbeidspartane er i oppstart av eit samarbeid som skal strekke seg over 4 år. Sentralt for alt utviklingsarbeid, og særskilt i situasjonar med behov for tverrfagleg og -institusjonelt samarbeid er felles problemforståing. Dette gjer grunnlag for å utvikle dei riktige tiltaka. Kommunanes forståing av utfordringsbilete er difor ført inn under overskrifta «Kva er problemet – og kva vil vi oppnå?» under kvart delmål.

For 2025 ynskjer avtalekommunane at handlingsplanen vert tufta på fylgjande overordna strategiske mål:


1. Sikre intern rigg, forankring og involvering i avtalekommunane. Kvar kommune vil pr. delmål etablere eit kjerneteam med leiar forankra i kommunedirektøren si leiargruppe.
2. Sikre organisering og samarbeidsformer som understøtter tverrgående prosesser. I stor grad vil dette søkjast løyst ved at ressurspersonar frå dei regionale aktørane bidrag med kompetanse og innsikt i lokale/tematiske arbeidsgrupper.
3. Sikre at handlingsplansarbeid i 2025 gjev grunnlag for oppstart av konkrete, prioriterte og omordna tiltak for perioden 2026-28

Vi tenker oss ein felles arbeidsmetodikk – ADL-modellen- ein 3-steps modell som følgjar denne malen:

AVKLARE (1)  DEFINERE (2)  LEVERE (3)

- 1: Avklare- No-situasjon; spørje **kva har vi** (av utfordringar, ressursar, tiltak, samarbeid)?
- 2: Definere- Forbetring; Spørje **kor vil vi** (målbilete (frå-til), forbetra situasjon)
- 3: Levere- Tiltaksmeny; Spørje **kva skal vi gjere** (prioriterte tiltak)?

Visualisert ser vi for oss arbeids-/prosjektmetodikk som gir følgjene form på samarbeidet:
Figur 1 Modell for samarbeid og utvikling



3.1 Delmål 1: Etablere og vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet (Fedje hamn og indre hamn Hardbakke)

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar avtalekommunane, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Samarbeidspartane forpliktar seg til å samarbeide om å utarbeide ein handlingsplan for styrka tettstadsfunksjonalitet i avtalekommunane, og bidra til gjennomføring av handlingsplanen. Partane kan bli einige om å invitere andre aktørar inn i arbeidet, slik som Kystverket, Distriktssenteret, Skyss, Norled, Fjord 1, BKK/Eviny, utbyggjarar, næringsaktørar og Husbanken.

Samarbeidet skal føre fram til ein heilskapleg strategi for å utvikle attraktive hamnesentrum med moglegheitsstudiar for auka integrasjon i ein regional bu- og arbeidsmarknad.

Strategien skal ta opp tema som betre samferdsel, forbetra integrasjon mellom tettstad og grender, bustadbygging og auka aktivitet. I arbeidet med å styrke tettstadsfunksjonaliteten kan ein mellom anna sjå på korleis ein kan betre kan utnytte allereie bygde areal. Partane skal gjennom handlingsplanarbeidet følgje opp strategien med konkrete tiltak for å styrke det lokale arbeidet med temaa. Innsats og tiltak som påverkar arealbruk skal skje innanfor rammene av dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet.

Kva er problemet – og kva vil vi oppnå?

For øysamfunn er ein velfungerande og godt utbygd infrastruktur naudsynt både for å oppretthalde **og** vidareutvikle lokalsamfunna. Både Fedje og Solund er kommunar i distriktsklasse 6. For kommunane betyr dette at dei både scorar lågast på SSB sin sentralitetsindeks (stor avstand/vanskeleg tilgang til arbeidsplassar og tenestilbod), og høgt på KDD sin distriktsindeks (nedgang i befolkning og arbeidsplassar) (Telemarksforsking, 2018). Dels grunna geografi, og dels grunna andre forhold (sjå under) er difor både kommunar eksempel på distriktskommunar som i liten grad inngår i en større bo- og arbeidsmarknadsregion, og utgjør sin eigen (Samfunnsøkonomisk analyse, 2020). Betra infrastruktur vil mogeleggjere aktiv deltaking i regionale bu-, arbeids-, og serviceområde. No-situasjonen er i for stor grad prega av:

- Underutvikla rutetilbod med båt/ferje til og frå øysamfunna som blant anna effektivt koplar samfunna frå ein større regional pendlar arbeidsmarknad
- Behov for å tenke nytt og heilskapleg rundt anløpshamner /stoppestadar for å gje ein forbetra og forenkla reiseveg til og frå øysamfunna, og mellom stadar i regionen
- Undervikla tettstadsfunksjonalitet kor sentrale hamneområde ikkje nyttast for å underbygge øysamfunnas særpreg og behov for sentrumsutvikling

Solund og Fedje har mange felles utfordringar på dette området, og er i plan, strategi og lokalpolitikk samde om å fokusere innsats mot

- Forbetra båt/ferje tilbod med behov for nye/endra ruter/anløp, betra regularitet og beredskap
- Utvikling av sentrum/tettstad internt i kommunane som fremjar auka aktivitet, irekna planlegging som legg til rette for dette.
- Kulturell og sosial infrastruktur

Som det er tydeleg dokumentert i plangrunnlag i begge kommunar, råkar utilfredsstillande infrastruktur tilflytting generelt, og i særskild grad lokalsamfunnas attraktivitet for unge etablerarar, kvinner og næringsliv.

Korleis er prioriteringane forankra?

Behov og ynskjer er kartlagde og bredt politisk forankra i kommuneplanen sin samfunnsdel i begge kommunar. Fedje kommune har meld oppstart for revisjon av Kommuneplanen sin samfunnsdel i september 2024, og planstrategien vart handsama i same kommunestyremøte i september 2024. Solund kommune har vedteke sin kommunale planstrategi i juni 2024, og planprogrammet til samfunnsdelen vart vedteke i september 2024¹.

Innsatsområdet er sentralt også i regionale strategi og planverk knytt til blant anna satsingsområdet demografi og velferd med visjon om at «Vestland er eit fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket, og styrke regionen gjennom by – og bygdeutvikling nedfelt t.d. i

- Utviklingsplan for Vestland 2024- 2028
<https://www.vestlandfylke.no/planlegging/utviklingsplanen>
- By og stadutvikling i Vestland <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/by--og-stadutvikling/by--og-stadutvikling-i-Vestland/>

Prioriterte tiltak 2025-delmål 1

	Tiltak	Hovedansvarlig	Samarbeidsparter	Tidsramme
1.1	Sikre naudsynt kommunal kapasitet og rigg	Avtalekommunane		2025
1.2.	Utarbeide «statusrapport hamnesentrum»	Avtalekommunane	Fylkeskommune, Statsforvaltar	2025
1.3.	Synfaring og erfaringsinnhenting (hamnesentrum med særleg vekt på bustadløysingar)	Avtalekommunane ved Prosjektlear	Husbanken, Fylkeskommunen, Distriktssenteret	2025
1.4.	Arrangere oppstartseminar «Hamna vår»	Avtalekommunane	Fylkeskommune, statsforvaltar, Husbank, lag, foreiningar, lokalt næringsliv	2025
1.5.	Styrke etablerte 'episenter' i båe hamnar.	Avtalekommunane	Fedje Landhandel, NKKA, grunneigare, turistkoordinatorar	2025

¹ Tiltaket 'flytting av ekspressbåtkai indre hamn, Hardbakke' er forankra både i kommunal strategi og plan, og i samrøysta positivt vedtak i fylkesutvalet 29.10.2020

1.6.	Utarbeide «vegkart for Hamneutvikling»-ferdigstille 1.utkast	Avtalekommunane	Alle avtalepartar	2025
------	--	-----------------	-------------------	------

Utvida skildring:

Tiltak 1.1: Kommunal kapasitet og rigg

Båe kommunar vil sikre dedikerte ressursar til utvikling gjennom etablering av interne kjerneteam med leiar under kvart delmål/innsatsområde med ansvar for å leveranse og framdrift. Teama samarbeider tett med felles prosjektgruppe, og arbeidet er forankra i leiargruppene i kvar kommune for å sikre eigarskap og framdrift.

Tiltak 1.2: Statusrapport

«Hamnesentrum» er eit sakskompleks med lang historikk i båe kommunar.

Hovudmålsettinga er å få laga ein statusrapport som visar (summert og i hovudtrekk) eit no-bilete i forhold til eksisterande planar/rapportar, gjeldande reguleringshøve, historikk lokal medverknad, vedtak og/eller motsegn hjå regionale mynde, mm. Avtalekommunane etablerer ei arbeidsgruppe med representasjon frå Statsforvaltar og fylkeskommune. Kystverket involverast.

Tiltak 1.3: Synfaring og kunnskapsinnhenting

Lage oversikt over relevante tettstads- og bustadprosjekt med overføringsverdi for avtalekommunane. Gjennomføre felles synfaring(ar) med arbeidsseminar for styringsgruppe og prosjektgruppe. Ressursgruppe (Stasforvaltar, fylkeskommune, Husbanken) vert invitert med.

Tiltak 1.4: Oppstartseminar «Hamna vår»

Gjennomførast i kvar kommune. Dei regionale aktørane bidreg med fagleg innlegg. Formålet er å sikre innspel og involvering hjå lokale aktørar, samt bidra til å tydeleggjere hovudretningar for endeleg «vegkart». For kommunane vil dette også være ein del av medverknad i høve til pågåande samfunnsplanarbeid.

Tiltak 1.5: «Styrke etablerte episenter»

Båe kommunar har lokale sentralt plassert i hamna som driftar ulike funksjonar knytt til turistinformasjon/kafé/vitjingssenter/gjestehamn (Fedje Landhandleri og Taklebua). Me vil initiere eit interkommunalt samarbeid rundt desse 'episentera' for å leggje til rette for fysisk arena for læring, felles utviklingsarbeid og samarbeid gjennom å gje eit tilskot for 2025 på

kroner 50.000 til kvart episenter som skal understøtte pågåande samarbeid blant lokale aktørar og som bidreg til å vidareutvikle hamneområda.

Tiltak 1.6: Vegkart for Hamneutvikling

Ferdigstille 1.utkast til overordna plan for vidare arbeid med hamnesentrum som syner mogleghetshorisont, hovudtiltak, prioriteringar og vegen vidare.

3.2 Delmål 2 Auke pilotkommunane sin attraktivitet som ein stad å bu

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar avtalekommunane, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Husbanken. Samarbeidspartane forpliktar seg til å samarbeide om å utvikle ein handlingsplan for å utvikle lokale bustadtilbod i avtalekommunane, og bidra til gjennomføring av handlingsplanen. Partane kan bli einige om å invitere andre aktørar inn i til arbeidet, slik som Distriktssenteret, Riksantikvaren, Fortidsminneforeningen, utbyggjarar, investorar, arkitektfagleg kompetanse, mfl.

Partane skal under dette delmålet samarbeide om planlegging og gjennomføring av bustadprosjekt i avtalekommunane, og hauste erfaringar med relevans for andre distriktskommunar. I tillegg til bustadprosjekt i hamnesentrum (sjå delmål 1) skal partane under dette delmålet samarbeide om å utforske moglegheiter for transformasjon, oppgradering eller gjenbruk av eksisterande bustadmasse, fortetting, nye bustadkonsept og utnytting av eksisterande verkemiddel som bidreg til fleire eigna bustadar i kommunane. Arbeidet skal fremje gode bustadmiljø og stadkvalitetar, samarbeid mellom offentlege og private aktørar, og bidra til å styrke heilskapleg bustadplanlegging i kommunane.

Innsats under dette delmålet vil vidare innebere arbeid for auka bruk av Husbanken sine etablerte verkemiddel, samt utforsking av handlingsrommet signalisert i Bustadmeldinga (Meld. St.13 (2023-2024)).

Kva er problemet – og kva vil vi oppnå?

Dei to avtalekommunane har mange likskapar gjennom å vere øysamfunn, og både kommunar har dokumentert stor bulyst og trivsel i sine lokalsamfunn. Analysane som ligg til grunn for samfunnsplanane visar strukturelle utfordringar i begge samfunna relatert til ein dårleg fungerande bustadmarknad lokalt og manglande bustadforsyning. Dette er utfordrande for innbyggjarar, næringsliv og kommune. Av hovudutfordringar ser vi:

- Særs homogene bustadmarknader kor over 90 % av bustadmassen er eine- eller tomannsbustadar.
- Lite nybygg i kommunane som blant anna har med misleghald mellom høg kostpris ved nybygg, og låg marknadspris ved andrehands sal.
- Attraktive bustadeigedommar i nærleik til sjø blir konverterte til fritidsbustadar ved generasjonsskifte.
- Motstridande interesser knytt til sjønære område og strandsone gjer at tilrettelegging for ny bustad i nærleik til sjø er utfordrande.
- Mangelfulle tilgjengelege oversiktar lokalt over samla bustadbehov
- Forbetringspotensiale innan strategisk bruk av eksisterande bustadmasse i offentleg eige.
- Mangel på lett tilgjengeleg informasjon om etableringsmoglegheiter og fordeler med å vere busette i avtalekommunane
- Underforbruk av Husbanken sine støtteordningar

Dei overordna målsetningane på området er å auke avtalekommunane sin attraktivitet som bu stadar gjennom å utvikle god innsikt i, og oversikt over, aktuelle målgrupper, utvikle kommunen si rolle som pådrivar og samarbeidspart, og auke bustadforsyninga gjennom både gjenbruks- og nybyggprosjekt som skaper meir heterogene bustadtilbod tilpassa lokale behov. Innsats på området følgjer desse strategiske retningslinjer:

- Bustadar har livsløpsstandard og bustadkvalitetar som kvalifiserer til Husbankfinansiering
- Ligg på eit realistisk kostnadsnivå i høve til marknadsverdi.
- Tek i vare og styrkar fellesskap, aktiv involvering og sosial berekraft (bu-kvalitet)
- Nyttegjer seg av lokale fortrinn som nærleik til sjø og særeigen natur for å utvikle bustadkonsept med 'unike bu-kvalitetar'.
- Vert understøtta av målretta kommunalt planarbeid, informasjon og aktiv tilrettelegging gjennom tett samarbeid med lokalt næringsliv og regionale aktørar.

Kven kan bidra?

Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Husbanken region Vest er sentrale aktørar under dette innsatsområde. Samarbeidspartane forpliktar seg til å samarbeide med avtalekommunane om å utvikle tiltak til ein handlingsplan for nye stadlege bustadkonsept og auka busetting i avtalekommunane, og bidra til gjennomføring av handlingsplanen. Vi vil også søkje å nytte eksisterande kunnskap, som blant anna Husbanken sine forbildeprosjekt.

Korleis er delmålet forankra?

Målet om å utvikle innsatsområdet 'bustad og etablering' er nedfelt og prioritert i avtalekommunanes gjeldande kommuneplanar. I tillegg er delmålet forankra i

- Bustadmeldinga- Ein heilskapleg og aktiv bustadpolitikk for heile landet [Meld. St. 13 \(2023–2024\) - regjeringen.no](#)
- Innsatsområde er sentralt i regional strategi (sjå By og stadutvikling i Vestland <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/by--og-stadutvikling/by--og-stadutvikling-i-Vestland/>)

Prioriterte tiltak 2025- delmål 2

	Tiltak	Hovedansvarlig	Samarbeidsparter	Tidsramme
2.1.	Sikre naudsynt kommunal kapasitet og rigg	Avtalekommunane		2025
2.2.	<i>Kartlegge no-situasjon i b�e kommunar i h�ve til tilgjengelege kommunale bustadar og personellressursar p� bustadomr�det</i>	<i>Avtalekommunane</i>		<i>2025 (sluttf�rt mars)</i>
2.3.	Gjennomf�re bustadunders�king-interessent analyse og kartlegging av bustadbehov	Avtalekommunane	Husbanken region Vest Distriktssenteret	2025
2.4.	Arrangere «Open fagdag Bustad»	Avtalekommunane	Husbanken region Vest Vestland fylkeskommune Distriktssenteret Statsforvaltaren	2025
2.5.	Kompetanseaukande tiltak og gjensidig l�ring <ul style="list-style-type: none">- Virkemedelapparatet- Bransje- og grunneigar dialog	Avtalekommunane og Husbanken region Vest	Husbanken region Vest	2025
2.6.	Utarbeide «Bustadprogram» for kvar kommune (1.utkast)	Avtalekommunane	Husbanken region Vest Vestland fylkeskommune Distriktssenteret Statsforvaltaren	2025

Utvida skildring:

Tiltak 2.1: Kommunal kapasitet og rigg

Kommunane har ei sentral rolle og stort ansvar på bustadfeltet. Under dette delmålet forpliktar avtalekommunane seg til å gjennomgå og evaluere eiga organisering og ressursbruk, og arbeide målretta for å auke kompetanse og kapasitet for å betre måloppnåing innan sentrale område som planlegging, samla behovsoversikt, informasjon om og bruk av Husbankens verkemiddelapparat, vurdere interkommunale samarbeid, sikre god dialog og godt samarbeid med private interesser, og kommunen sine samla tiltak for å auke tilflytting samd vertskapsrolle for nye tilflyttarar.

Samarbeidspartane forpliktar seg til å vere sparringspartnar og bidra med kompetanse og rettleiingsstøtte i dette arbeidet.

Både kommunar har i dag få dedikerte ressurspersonar på bustadområdet. Tiltaket vert 3 delt;

- Oppretting av kjerneteam som skildra under delmål 1.1
- Styrking av innsatsområde «Bustad» gjennom engasjement av inntil 50 % ressurs i kvar kommune
- Utarbeide søknad om post 78 midlar hjå Husbanken for å utvikle ein arbeidsmodell for bustadarbeid i mindre norske kommunar med relevans for pågåande lokalt utviklingsarbeid og andre kommunar (sendt april 2025).

Solund kommune vil i tillegg for 2025 ha eit særskilt fokus på å avklare den framtidige rolle til Solund Bustadstifting.

Tiltak 2.2: Kartlegge no-situasjon

Rapporten skal gi oversikt over kommunanes organisering, praksis og ressursar på bustadfeltet inkludert oversikt over kommunalt eigde eller disponert bustadar. Formålet med tiltaket er å utarbeide ein oversikt over både ressursar og manglar på bustadområdet i form av ein rapport som kan styrke kunnskapsgrunnlaget for naudsynte strategiske prioriteringar samt avklare behov for dedikerte tilsettesressursar på området for å nå overordna delmål.

Tiltak 2.3: Bustadundersøking

Prosjektgruppa utformar og gjennomfører ein bustadundersøking blant et representativt utval innbyggjarar i avtalekommunane. Undersøkinga vil kartlegge noverande og framtidige bustadbehov i kommunane, med særleg vekt på å identifisere og beskrive kjernemålgrupper

for kommande bustadprosjekt. Formålet er å etablere et oppdatert kunnskapsgrunnlag for utvikling av framtidige bustadprosjekt i kommunane.

Samarbeidspartane bidreg i utforming av undersøkinga, og i drøfting av resultatata.

Tiltak 2.4: «Open fagdag Bustad»

Gjennomførast i kvar av avtalekommunane med bidrag frå samarbeidspartane i planlegging og gjennomføring. Tiltaket vil samle interesserte innbyggjarar, politikarar, grunneigarar, næringsliv og fagpersonar.

Tiltak 2.5: Kompetanseaukande tiltak

Kommunalt tilsette i baa kommunar har i deltatt på felles kurs i regi av Husbanken vinter 2025. I tillegg vil vi i 2025 arrangere i tett samarbeid med Husbanken region Vest 2 arbeidsverkstad på tematikkane

- Lokal bruk av verkemiddelapparatet
- Bransje- og grunneigardialog

Arbeidsseminara er felles for begge kommunar og samarbeidspartar, og vil bli gjennomført som ein casebasert undersøking av handlingsrommet i verkemiddelapparatet. Siktemålet er å finne konkrete løysingar/prinsipp for blant anna finansiering og entrepriseform for kommande bustadprosjekt. Vi vil her nyttegjere oss av erfaringar og innsikt frå piloten Rindal og Holtålen. Innsikt frå verkstadane vil også ligge til grunn for kommunale vedtak om endra låneopptak for Startlån for 2026.

Tiltak 2.6: Ferdigstille 1.utkast til «Bustadprogram» for kvar kommune

Det føreligg ikkje vedtekne bustadsosiale handlingsplanar i avtalekommunane. For å sikre forankring og framdrift vil vi, etter inspirasjon frå Heim kommune, samle innsikt og prioriteringar i et Bustadprogram. Tiltaket skal avklara eit estimert samla behov (tal bustadar og bustadtypar som skal realiserast i kommunane de kommande åra, prioriterte målgrupper og planlagt bruk og uttesting av verkemiddelapparatet og entreprisereformer.

3.3 Delmål 3 Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar avtalekommunane og Vestland fylkeskommune. Samarbeidspartane forpliktar seg til å samarbeide om å utvikle ein handlingsplan for styrka arbeidsmarknad og næringsutvikling i avtalekommunane, og bidra til gjennomføring av denne.

Partane kan bli einige om å invitere andre aktørar inn i arbeidet, slik som Distriktssenteret, Nav, Fagskulen Vestland, Solund Næringsskipnad, Industriutvikling Vest, Søsterselskapet A/S, Nordhordland Utviklingsselskap, Visit Bergen, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Fjordkysten regional og geopark, Nordhordland Biosfæreområde, Studiesenter Kysten, Klar bedrift, Framtidsfylket, Kystverket, Grøn region Vestland/ Næringsforum Vestland, SIVA, Innovasjon Norge, mfl.

Partane forpliktar seg til å arbeide for å styrke næringsutviklinga og jobbmeknaden i avtalekommunane på måtar som både tek vare på eksisterande arbeidsplassar og kompetanse, og som bidreg til å etablere nye. Partane skal under dette delmålet etablere felles kunnskapsgrunnlag og gjennomføre moglegeheitsstudiar for nærings- og ervervsutvikling i regionen, basert på avtalekommunane sine naturressursar, lokasjon og lokale konkurransefortrinn. Prioriterte områder er berekraftig reiseliv, styrking av og innovasjon innan maritime og marine næringar, ny infrastruktur for næring, desentraliserte utdanningstilbod og arbeidsplassordningar, og utvikling av kompetansearbeidsplassar som kan bidra til å rekruttere og behalde kvinner i lokalsamfunna.

Kva er problemet – og kva vil vi oppnå?

Pågåande sentraliseringstendar, for dårlege kommunikasjonar knytt til å vere del av ein større felles bu- og arbeidsmarknadsregion, ein for lite variert arbeidsmarknad lokalt med blant anna for få arbeidsplassar for kvinner og høgkompetansearbeidskraft, og eit for fragmentert næringsliv med manglar innan samlande koordinering og samarbeid er nokre av hovudutfordringane innan innsatsområde.

Som distriktskommunar i klasse 6 gjer vår geografiske plassering i randsona til større bu- og arbeidsregionar at tilgangen til stabil, kompetent arbeidskraft er ei utfordring på fleire område. I offentleg sektor er krava om kompetent og kvalitativ god tenesteyting på same nivå som for større kommunar. Samstundes har konkurransen om naudsynt kompetanse og arbeidskraft hardna til nasjonalt, og gjeld alle bransjar, og vi konkurrerer i ein marknad kor andre kommunar kan tilby sentrumsfasilitetar, transportløyningar og storleik på fagmiljø/kollegium som vi ikkje kan matche. Ein konkurranse berre basert på løn og gunstige arbeidshøve vert ikkje vurdert som berekraftig verken for lokalsamfunna, kvalitet eller kommuneøkonomien.

Undersøkingar viser at lokalsamfunna våre særleg slit med å kunne tilby robuste fagmiljø og varierte jobbar for arbeidstakarar med høgare utdanning, og arbeidsplassar som er attraktive for kvinner. Det er naudsynt å samtidig ha eit fokus på å «styrke og behalde» den

kompetansen og dei utdanningsløpa som allereie finnast i lokalsamfunnet og i arbeidsmiljøa- frå å sikre tilgjengeleg og fullgodt vidaregåande skuletilbod i vårt nærmiljø, til å sikre at medarbeidarar fortset å bli ståande i lokale jobbar lenge. Begge kommunar har allereie ordningar retta mot at lokal ungdom kjem heim etter endt utdanning. Undersøkingar viser at desse i for liten grad er kjent blant ungdom.

Overordna målsetning er å styrke næringsutviklinga og jobbmarknaden i avtalekommunane. Tradisjonar, ressursgrunnlag og pågåande strategiske satsingar for våre to øysamfunn er i stor grad samanfallande og har identifisert stort potensiale innan 4 hovudsatsingsområde:

- Behalde og styrke eksisterande arbeidsmarknad (offentleg og privat). Inkludert;
 - Å stimulere til samarbeids- og utviklingsprosjekt skule/utdanning-næringsliv-offentleg sektor
 - Utvikle arbeidstidsordningar som klarar å kombinere lokale behov for kompetanse og arbeidskraft med ynskjer hjå grupper av arbeidstakarar med ønska kompetanse
 - Legge til rette for fjernarbeid, desentraliserte arbeidsplassordningar og nye fleksible kontorfellesskap

- Utvikling innan marine og maritime næringar. Inkludert;
 - Vidareutvikle kommunen si rolle som tilretteleggjar gjennom plan
 - Utvikling av ny infrastruktur for næring på næringsområdet (fiskeri/service hamn, havbruk)
 - Scenariorapport «Øykommunane som framtidige regionale mulighetsarenaer»

- Satsingar innan kultur og naturbasert næringar. Inkludert;
 - Samarbeid rundt Besøksstrategi og utvikling av berekraftige reisemål og opplevingar
 - Utvikle desentralisert utdanning innan Berekraftig Reiseliv på Fagskulenivå med Vestland fylke som nedslagsfelt.
 - Satsingar innan 'Kulturlandskapsforvaltning som livsstil og næring'
 - Utvikle potensiala som ligg i UNESCO status for Biosfære- og Geoparkområda
 - Vidareutvikle samarbeid med Friluftsråda i regionen

Kven kan bidra?

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland. Andre særers aktuelle aktørar er Distriktssenteret, NAV, SIVA, Solund Næringsskipnad, Fedje Næringsråd, Industriutvikling Vest, Søsterselskapet A/S, Nordhordland Utviklingselskap IKS, Visit Bergen, Visit Fjordkysten og Sunnfjord, Fjordkysten regional og geopark, Studiesenter Kysten, frivillige lag og organisasjonar, mfl.

Korleis er prioriteringane forankra?

Målsetningane for arbeid innan innsatsområde er nedfelt i gjeldande kommuneplanar, og er forankre i lokale og regionale strategiar og planar som t.d.:

- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/regional-plan-for-innovasjon-og-naringsutvikling/>
- Grøn region Vestland <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/gron-vekst/gron-region-vestland/>
- Temaplan reiseliv 2023-2025 <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/reiseliv/temaplan-reiseliv/>
- Besøksforvaltning <https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/bransjar-og-omstilling/reiseliv/besoksforvaltning/>

Prioriterte tiltak 2025- delmål 3

	Tiltak	Hovedansvarlig	Samarbeidspartar	Tidsramme
3.1.	Sikre naudsynt kommunal kapasitet og rigg	Avtalekommunane		2025
3.2.	Utvikling av Besøksstrategi	Avtalekommunane	Fylkeskommunen	2025-26
3.3.	Vurdere løysingar for fleksible kontorfellesskap (behov og mogleg lokalisering)	Avtalekommunane	Fylkeskommunen/Studiesenter Kysten	2025
3.4.	Utvikle tilbod innan desentralisert reiselivsutdanning	Avtalekommunane	Fylkeskommunen ved Fagskulen Vestland og Studiesenter Kysten	2025-26
3.5.	Etablering av arbeidsgruppe for utvikling av potensiala som ligg i	Avtalekommunane	Fylkeskommunen	2025

	UNESCO status for Biosfære- og Geoparkområda			
3.6.	Tilrettelegging for ny maritim og marin næring	Avtalekommunane		2025-2028

Utvida skildring

Tiltak 3.1: Sikre naudsynt kapasitet og rigg
Som skildra under delmål 1 og 2

Tiltak 3.2: Utvikling av besøksstrategi

Ein besøksstrategi er et viktig verktøy for kommunar som ynskjer å leggje til rette for ei berekraftig forvaltning og bruk av områder kor ein ynskjer å både ta i vare natur- og kulturverdiar, bygge livskraftige lokalsamfunn og utvikle ei reiselivsnæring. Solund kommune er godt i gang med å utarbeide ein slik strategi. Fedje kommune vil avgjere behov for liknande tiltak.

Tiltak 3.3: Fleksible kontorfellesskap

Båe kommunar har behov for kontorfeklesskap til bruk for fleire formål som lokal studiestad, fjernarbeidsplassar og for ulike målgrupper med behov for midlertidig arbeidsplass i kommunane. Vi vil i 2025 utforske ulike lokaliseringsløysingar og driftsmodellar for ei slik ordning. Studiesenter Kysten har erfaring og god kompetanse på etablering av slike fellesskap og vil bli ein sentral samarbeidsaktør.

Tiltak 3.4: Utvikle tilbud innan desentralisert reiselivsutdanning

Avtalekommunane har i 2024 og 2025 jobba tett med Fagskulen Vestland, Studiesenterkysten, Visitselskapa og reiselivsaktørar for å avklare behov og utforming av ei desentralisert utdanning på Fagskulenivå som vil tilføre reiselivssatsingar i fylket naudsynt kompetanse og arbeidskraft. Prosjektet fekk i april 2025 fylkeskommunale midlar for å utvikle eit slikt tilbud. Fagskulen Vestland er prosjektleiar, med avtalekommunane, Studiesenter Kysten og reiselivsaktør tett kopla på. Prosjektet har oppstart Q3 2025, og skal ferdigstillast innan utgangen av 2026.

Tiltak 3.5: Etablering av arbeidsgruppe, UNESCO status

Vestland fylke er einaste fylke i Noreg som har etablert alle UNESCO sine ulike 'sites'. Vi ynskjer å utforske dette potensiale for regional utvikling i tett samarbeid med lokale aktørar, regionale myndigheiter og aktørar frå UH-sektoren ([UNESCO Initiatives in Vestland County | UNESCO Chair: Sustainable heritage and environmental management | UiB](#)). Ambisjonen for 2025 er å gjennom dialog avklare moglegheitene for å etablere ein samlande og samarbeidande struktur.

Tiltak 3.6: Tilrettelegging for ny maritim og marin næring

Båe kommunar har naturgitte og tradisjonsforankra fortrinn innan marine og maritime næringar. I Solund er to prosjekt under utredning- ny fiskerihamn og ny djupvannskai, begge med potensiale for å utvikle nye lokale og regionale samarbeid, ny funksjonalitet og ny

næring. Fedje kommune ynskjer å avklare lokalitet for ny oppdrettsverksemd, eit tiltak med stor betydning for kommunen.

Dei tre prosjekta har det til felles at dei er sentrale tiltak for framtidig næringsutvikling i kommunane, og at dei krevjar tett samarbeid mellom lokale og regionale aktørar for å bli realisert med størst mogleg samfunnsnytte.

3.4 Delmål 4; Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar samfunnsutvikling i ei ny tid

Samarbeidspartar under dette delmålet omfattar avtalekommunane, Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Samarbeidspartane forpliktar seg til å samarbeide om å utvikle ein handlingsplan for styrka avtalekommunane si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling, og bidra til gjennomføring av denne. Partane kan bli einige om å invitere andre aktørar inn i arbeidet, slik som Distriktssenteret, KS, DOGA, universitet og høgskular, mfl.

Partane skal samarbeide om å utforske løysingar som kan styrke deira moglegheit til betre løysing av oppgåver på området, mellom anna nye samarbeidsmodellar. Samarbeidspartane tar sikte på å utvikle ein samarbeidsmodell for forbetra og effektivt planarbeid i praksis, i mindre kommunar. Innsats og tiltak som påverkar arealbruk skal skje innanfor rammene av dei statlege planretningslinjene for arealbruk og mobilitet. Arbeidet skal synleggjere og nytte den ressursen små kommunar har i form av tett samarbeid mellom ulike fagområde og ei heilskapleg tilnærming til lokal samfunnsutvikling. Arbeidet skal vidare synleggjere korleis regionale og nasjonale aktørar kan nytte dette som ein ressurs i samhandling med kommunane.

Under dette delmålet forpliktar også avtalekommunane seg til å gå gjennom og evaluere eiga rolle, organisering og ressursbruk, og arbeide målretta for å ivareta og styrke kompetanse og kapasitet innan sentrale område som bustad, næring og samskaping med lokalsamfunna. Arbeidet skal sjåast i samheng med arbeidet under dei andre delmåla. Avtalekommunane vil særleg sjå på korleis den kapasiteten som ligg i mellom anna frivillig arbeid og kultur kan styrkast som ein ressurs i å bygge ein felles utviklingskapasitet for lokalsamfunna. Samarbeidspartane forpliktar seg til å vere sparringspartner og bidra med kompetanse og rettleiingsstøtte i dette arbeidet.

Kva er problemet – og kva vil vi oppnå?

Kommunar i distrikta har over tid har stått i store strukturelle utfordringar ofte samanfatta som «distriktsproblematikk». Dette erfarast lokal til å være ei kompleks utfordring som blant anna inneber oppgåve overfløyning over tid, aukande kompleksitet i krav i forskrift og krav til gjennomføring, og strenge krav om effektivisering som over tid har medført at mange kommunar opplever at dei er kritisk lave på personell ressursar.

Fleire rapportar viser til at dette i mange kommunar har resultert i ein «kjøpetrend» kor kommunal oppgåveløysing på fleire område blir kortsiktig løyst ved kjøp av konsulenttenester utan at kommunane då klarar å byggje erfaring og kompetanse. For mange kommunar, som blant anna for avtalekommunane, har dette medført ein situasjon kor dei har få dedikerte ressursar på sentrale innsatsområde, som t.d. plan, bustad og næringsutvikling. Det kan og synast som at mindre kommunar ikkje i stor nok grad klarar å prioritere deltaking i konkurransen om prosjektmidlar, og at dei saknar tiltak i statleg og regionalt verkemiddelapparat for oppnå naudsynt utvikling lokalt. Samla sett har dette negative effektar på kommunanes evne til oppgåveløysing, samt at fagmiljø lokalt blir små og belastande for einskild tilsette. Dette verkar igjen negativt for kommunane sine moglegheiter for å rekruttere og behald kompetanse i sin organisasjonar.

Overordna målsetningar på området er:

- Oppnå best mogleg kommunal organisering og ressursbruk rundt samfunnskritiske oppgåver
- Skape meir robuste fagmiljø
- Å vera ein tydeleg og konstruktiv samarbeidspart med avklara grensesnitt og samarbeidsflater med regionale og nasjonale aktørar
- Hauste erfaringar med tilgjengeleg verkemiddelapparat gjennom konkrete tiltak, og bidra med kunnskap om korleis mindre distriktskommunar betre kan nyttegjere seg av desse, samt komme med konkrete innspel til nye tiltak betre tilpassa lokale behov og ressursituasjon.
- Bidra til å styrke og løfte historieforteljinga og omdømme til distriktskommunane.

Prioriterte tiltak 2025- Delmål 4

	Tiltak	Hovedansvarlig	Samarbeidsparter	Tidspunkt gjennomført
4.1.	Gjennomføre prosjekt finansiert via Skjønnsmidlar « <i>Forbetra og</i>	Avtalekommunane	Statsforvaltar Fylkeskommune	2025-2026

	<i>forenkla plan i mindre kommunar»</i>		Distriktssenteret	
4.2.	Eigenevaluering- organisering ressursbruk og ynskja rolle på sentrale innsatsområde	Fedje kommune Solund kommune		2025
4.3	Oppretting av «Ungdomstilskotet - Bygdevekst»	Avtalekommunane		2025
4.4	Oppstart arbeid med «Omdømmeplan- historie fortellinga frå distrikta»	Avtalekommunane	Samarbeidspartar	2025

Utvida skildring

Tiltak 4.1

Prosjektet er utvikla i Bygdevekst regi med deltaking frå både kommunar, og fekk i mars 2025 midlar for gjennomføring. Planlagt oppstart er 2.halvdel 2025. Plan for gjennomføring: tematisk organiserte arbeidsverkstadar med deltaking frå kommunane, fylkeskommune, Statsforvaltar og Distriktssenteret. Sluttrapport med relevans og overføringsverdi for andre kommunar.

Tiltak 4.2 Eigenevaluering

Gjennom SWOT analysar klargjere no situasjon (tilgjengelege ressursar, styrkar og svakheiter oppgåveløysing, eigne målsetningar og rolleforståing) som grunnlag for dialog rundt behov for endring og/eller omprioriteringar i lys av framtidig rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling. Ein status for korleis kommunane opplever og ynskjer samarbeid med regionale aktørar innan utvikling, rettleiing og kompetansebygging inngår i leveransen.

Tiltak 4.3: Oppretting av «Ungdomstilskotet -Bygdevekst»

Vår pilot ynskjer å legge til rette for at ungdom aktivt involverast i prosjektet og lokal samfunnsutvikling. Som eit fyste tiltak vil vi opprette eit tilskot til kunstnarisk representasjon (lyd, bilde, form, anna). For 2025 er summen foreslått til kroner 20.000 pr. kommune. Kva betyr det å vekse opp i eit øysamfunn *no i dag*? Denne ordninga skal bidra til å gje svar – ikkje frå vaksne, men frå ungdom sjølve. Den skal bidra til å løfte fram staden sin eigenart, sett gjennom nye auge, høyrte i nye lydar og fortalt med nye stemmar.

Tiltak 4.4 Oppstart omdømmeplan

Distriktskommunar har i over tid vore innhylla i ein 'negative surround' av beretningar om fråflytting, store utfordringar innan bustad og næringsliv og dårleg økonomi. Som tydeleg adressert i vår søknad om bygdevekststatus inneheld historia om distriktskommunane så mykje meir. Stor verdiskaping, sterk tilhøyrse, særeigne kvalitetar innan natur og kultur og stor skaparkraft er samtidige og sentrale bestanddelar av denne historia. Men korleis styrke og tydeleggjere denne historieforteljinga om øykommunane som gode og særeigne bu- og arbeidsstadar med særleg blick på å rekruttere livsstilflyttarar? Arbeidet blir starta i 2025 ved å etablere ei arbeidsgruppe bestående av representantar frå kommunane, fylkeskommune og Distriktssenteret.


4. Organisering

Bygdevekstpiloten Fedje og Solund ved prosjektleiar har hovuddansvar for å utarbeide og følgje opp handlingsplanen. Dette skal vert utført i samarbeid med samarbeidspartar under kvart delmål. Partane einast om innhaldet i handlingsplanen, inkludert arbeidsdeling og gjennomføring av arbeidet.

For fase 2 vil piloten behalde overordna prosjektmodell brukt i fase 1 med nokre endringar tilpassa nye behov:

Figur 2 Prosjektmodell fase 2

Bygdevekststave-prosjektorganisasjon Fedje og Solund kommunar



Vi beheld overordna organisering med styringsgruppe, ressursgruppe og prosjektgruppe. Sidan fase 1 har Distriktsenteret sagt seg villig til å ha fast sete i ressursgruppa. Prosjektgruppa består av prosjektleiar (PL) 100 % finansiert via Bygdevekstmidlar, og ein prosjektmedarbeidar frå kvar av kommunane i 40 % stilling (20% eigenfinansiering, 20% prosjektmidlar). Prosjektmedarbeidar representerer kommunen i felles utviklingsarbeid, og har ansvar for intern koordinering i eigen kommune. Alle driftsmidlar (reise, møter, arbeidsverkstadar) ligg sentralt under prosjektleiar. Prosjektleiार rapporterer til styringsgruppa, og koordinerer ressursgruppa sitt arbeid.

For fase 2, og basert på erfaringar frå fase 1, vil vi opprette egne riggar i kvar kommune for delmål 1-3. Dette for å auke lokalt moment og eigarskap til tiltaka, samt at det reflekterer ein naudsynt differensiering og tilpassing til lokale høve og behov. Kvar kommune vil i 2025 få styrka sin innsats inn under delmål 2 (bustad) med midlar til å engasjere ein ressurs i inntil 50 %.

Dei kommunale kjernetema samlar naudsynt fagkompetanse internt i kvar kommune. Dei vil variere i samansetning i forhold til kor teamet er i sitt arbeid. Tema sine arbeidsprosessar vil ved behov, og som avtalt med samarbeidspartane, bli supplert med relevant fagleg kompetanse frå samarbeidspartane og/eller lokale aktørar.

5. Lokal og regional forankring

Utkast til handlingsplan er behandla i styringsgruppa, og skal endeleg handsamast her 02.juni 2025 før endeleg handsama i både kommunestyra 12 juni. Samarbeidspartane har arbeid med handlingsplanen i møta 21. februar 2025 og 25. april 2025. Det er avtala felles siste gjennomgang før godkjenning i Teams-møte 02. juni 2025. Endeleg framlegg til handlingsplan for 2025 vert oversendt KDD med kopi til Vestland fylkeskommune innan frist 27 . juni 2025. Samarbeidspartar skildra i handlingsplanen skal forankre sine respektive delmål og tiltak i den grad det er naudsynt for oppfølging av arbeidet.

6. Fordeling av budsjett for hele avtaleperioden (statlig medfinansiering)

Fordeling av budsjettmidler er foreløpig og vil bli justert for øvrige år. Igangsetting av tiltak som varer ut 2028 er avhengig av tilgang til midlar og/eller om disponeringar.

			2025	2026	2027	2028
	Delmål	Totalbudsjett				
1	Etablere/vidareutvikle hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet	1 600 000	300 000	650 000	650 000	0
2	Auke pilotkommunanes attraktivitet som bu stadar	2 200 000	650 000	1 000 000	550 000	0
3	Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane	1 200 000	200 000	500 000	500 000	0
4	Tydeleggjere og styrke kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid	500 000	50 000	350 000	100 000	0
5	Overordna prosjektleiing	4 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	0
	SUM	10 000 000	2 700 000	4 000 000	3 300 000	0

7. Samlet budsjett og finansiering for 2025

	Delmål	Totalbudsjett	Finansieringskilder					
			KDD 13.50 post 66	Kommunal egenandel	Fylkeskommunen	Statsforvalter	Offentlige tilskudsordninger	Annet
1	Hamnesentrum med tettstadsfunksjonalitet	700 000	300 000	400 000 ²				
2	Pilotkommunanes attraktivitet som bu stadar	1 050 000	650 000	400 000				
3	Styrke næringsutvikling og jobbmarknad i avtalekommunane	1 000 000	200 000	400 000				400 000 ³
4	Kommunen si rolle som tilretteleggjar for samfunnsutvikling i ei ny tid	650 000	50 000	100 000				500 000 ⁴
5	Overordna prosjektleiing Tverrgående tiltak	2 300 000	1 500 000	800 000 ⁵				
	SUM	5 700 000	2 700 000	2 100 000				900 000

² Summen dekker intern kommunal rigg i 2 kommunar for delmål 1-3. Estimert 20 % av helt årsverk- fleksibel timebruk 390t a kroner 500.

³ Midlar frå Vestland fylkeskommune 'Tilskot til forprosjekt for nye utdanningstilbod'. Prosjektet leia av Fagskulen Vestland, midlane vert fordelt mellom deltakande institusjonar. Eigeninnsats på same nivå som tilskotsmidlar.

⁴ Skjønnsmidlar for prosjektet «Forenkla og forbeta plan». Kommunal eigenandel kr 100 000

⁵ Eigeninnsats 2x 20% PG + kommunaldirektørane sin deltaking.

Det er en forutsetning at kommunene setter av egne ressurser til arbeidet, og prioriterer satsingsområdene i avtalene innenfor eget ordinært budsjett.

Utklipp

Delmål 2.2: Styrke kommunane sin kapasitet og kompetanse innan heilskapleg bustadstrategisk arbeid og busetting

Kommunane har ei sentral rolle og stort ansvar på bustadfeltet. Under dette delmålet forpliktar avtalekommunane seg til å gjennomgå og evaluere eiga organisering og ressursbruk, og arbeide målretta for å auke kompetanse og kapasitet for å betre måloppnåing innan sentrale område som planlegging, samla behovsoversikt, informasjon om og bruk av Husbankens verkemiddelapparat, vurdere interkommunale samarbeid, sikre god dialog og godt samarbeid med private interesser, og kommunen sine samla tiltak for å auke tilflytting samd vertskapsrolle for nye tilflyttarar.

Samarbeidspartane forpliktar seg til å vere sparringspartnar og bidra med kompetanse og rettleiingsstøtte i dette arbeidet.



Saksframlegg

Arkiv: K2-C54
ArkivsakID: 23/877
JournalpostID: 25/1769
Sakshandsamar: Anne Kristine Dyrdal
Dato: 22.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
044/25	Formannskap	05.06.2025
037/25	Kommunestyre	12.06.2025

Fullmakt til å signere avtaler om Utvær fyrstasjon

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Kystverket om leige av Utvær fyrstasjon.

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Vener av Utvær om samarbeid om drift av Utvær fyrstasjon.

05.06.2025 Formannskap

Handsaming:

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-044/25 Vedtak i:

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Kystverket om leige av Utvær fyrstasjon.

Solund kommunestyre gir kommunedirektøren fullmakt til å signere avtalen med Vener av Utvær om samarbeid om drift av Utvær fyrstasjon.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Skriv i f.sak 059/23: Ny leigeavtale for Utvær fyrstasjon:

https://www.solund.kommune.no/api/presentation/v2/nye-innsyn/filer/v-e8f93b5a_de8c_4fed_8410_71ae71ffb04f-120662_1_A!d-2022007448!Juu1U9?pid=3

Kva saka gjeld:

Kystverket har i lenger tid arbeida med ein ny mal for utleigeavtale av fyrstasjonar. Avtalen for Utvær fyrstasjon skal signerast før 1. juli 2025. Saka gir kommunedirektøren fullmakt til å signere leigeavtalen med Kystverket, og i tillegg framleige- og driftsavtalen med Vener av Utvær.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

I 2012 gjekk Solund kommune inn ein avtale med Kystverket om leiga av Utvær fyrstasjon. På same tid vart det gått inn ein avtale med Vener av Utvær om blant anna å drifte Utvær fyrstasjon på vegne av Solund kommune. Solund kommune har i heile perioden hatt mogelegheiter til å nytte fyrstasjonen til dei føremål som har vore aktuelle, som til dømes i skulesamanheng og til møter.

Kystverket har i lenger tid arbeida med å lage ein felles mal for utleigeavtalar for nedlagde fyrstasjonar langs heile norskekysten. Arbeidet med ny avtale er no i sluttfasen og det er planlagt ny signering før 1. juli 2025.

I gjeldande samfunnsdel står det blant anna at vi skal: «*Vise fram det kreative og skapande moderne samfunnet Solund og det kontinuerlege utviklingsarbeidet som skjer*», blant anna ved å «*Bruke lokale merkevarer som Utvær fyr, øyhopping og Lågøystolane med fleire, i marknadsføring av kommunen*».

Om avtaleframlegga

Avtalen med Kystverket er sett saman av ei rekkje dokument, blant anna dokument kring fredning, kart, dokumentasjon på forsikring, arbeidsprogram, brannvern, tilstandsdokumentasjon, med meir. Det er gjort små endringar som spissar og presiserer avtalen som Kystverket har lagt fram samanlikna med den førre. Det vil ikkje bety meir ansvar eller utgifter enn med dagens avtale, og mykje knytt til ansvar for dei enkelte oppgåvene vil ligge i arbeidsprogrammet. Arbeidsprogrammet er ein plan over vedlikehaldsoppgåvene som skal løysast det påfølgjande året. Arbeidsprogrammet vert utarbeida i samarbeid mellom i dei tre partane. Kystverket har sjølv påpeika at det er skilnad på Utvær fyrstasjon og fyrstasjonar i Oslofjorden med andre driftsformer og vesentleg større omsetning, og at dette vil gjenspegle seg i forventningane til kva som kan løysast av vedlikehaldsoppgåver.

I avtalen som skal signerast med Vener av Utvær er det også gjort små endringar i forhold til den til førre avtalen, utelukkande for å tydeleggjere denne.

Avtalane med vedlegg er utarbeida i tett dialog med Vener av Utvær, og dei har vore med på alle møte som Solund kommune har hatt med Kystverket om saka.

Vedlagt avtalane skal det blant anna ligge eit driftskonsept som seier noko om bruk, drift og vedlikehald. Driftskonseptet er utarbeida av Solund kommune og godkjent av Vener av Utvær og Kystverket. Det har vore ei intern høyring i administrasjonen om kva Solund kommune ynskjer å bruke stasjonen til, og innspela er innarbeida i driftskonseptet.

Det er behov for ein særskilt omvisningsavtale knytt til gaiding i fyrtårnet mellom Kystverket og Vener av Utvær.

Økonomi og ansvar

Vener av Utvær har ansvarsforsikring, medan Solund kommune må ha ei forsikring for skade på bygg. Solund kommune løyver Vener av Utvær eit årleg tilskot på kr. 50.000,- til administrasjon. Dette har over tid vore henta frå ansvar 804.

Kystverket har i utgangpunktet ansvar for å halde bygga i stand slik at dei er tette. Utover dette vert driftsoppgdraget løyst av Vener av Utvær. Solund kommune bidreg på mindre oppdrag som stillasopsetting. Avklaring av fordeling av arbeid skjer i arbeidsprogram som nemnt tidlegare i saka.

Vurdering:

Kommunedirektøren meiner det er viktig at Solund kommune held fram denne avtalen, både for å oppfylle målsettingar i samfunnsdelen, og for å sikre at Vener av Utvær har ein tyngre aktør med seg dersom det skulle oppstå behov for det.

Det vert foreslått at kommunedirektøren får fullmakt til å signere begge avtalane, då dokumenta ikkje er ferdig utarbeida til saksfrist.



Saksframlegg

Arkiv: K2-U03, K3-&57
ArkivsakID: 25/434
JournalpostID: 25/1832
Sakshandsamar: Amund Fuglebakk
Aglen
Dato: 28.05.2025

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
047/25	Formannskap	05.06.2025
038/25	Kommunestyre	12.06.2025

Opplysning av Solund bustadstifting

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren gå vidare med arbeidet for å oppløse Solund bustadstifting og utarbeide ein rapport etter stiftelseslova § 55 c. Kommunedirektøren skal også utgreie framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune.

05.06.2025 Formannskap

Handsaming:

Representantane Gunn Åmdal Mongstad og Andreas Færøy Gåsvær er ugild etter forvaltningslova § 6, 1. ledd, bokstav e og deltek ikkje i handsaming av saka. Vararepresentant Sigve Lerpold møtte i saka.

Representanten Øystein Olai Espeland vart samrøystes vald til møteleiar i saka.

Votering:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-047/25 Vedtak i:

Solund kommunestyre ber kommunedirektøren gå vidare med arbeidet for å oppløse Solund bustadstifting og utarbeide ein rapport etter stiftelseslova § 55 c. Kommunedirektøren skal også utgreie framtidig organisering av bustadarbeidet i Solund kommune.

Vedlegg i saka:

28.05.2025 Solund Bustadstifting vedtekter
28.05.2025 Framtidig organisering og samarbeid om bustadbygging, utleige og drift i Solund.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Stiftelseslova § 6 A

Vedtekter for Solund bustadstifting

Kva saka gjeld:

Oppløysing av Solund bustadstifting

Saksutgreiing:

26. februar 1990 i K-sak 09/90 vart Solund bustadstifting skipa av Solund kommune. Det fylgjer av vedtektene til bustadstiftinga at den "har som føremål å skaffe husvære for tidsavgrensa utleige utan eige økonomisk føremål" med målgrupper som "eldre og trygda (...) ungdom i etableringsfasen, einslege, flyktingar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og andre vanskelegstilte". Bustadstiftinga har sidan den gong jobba jamnt i tråd med føremål og vore sentral i arbeidet med å realisere bustader på Hardbakke.

Når bustadstiftinga vart skipa var Husbanken sine ordningar retta mot kommunale bustadstiftingar med særskilde gode finansieringsordningar. Desse ordningane er no for langt falt bort og samstundes er reglane i stiftelseslova ganske rigide. Solund er også ikkje større enn at det ikkje burde være naudsynt med to kommunale leigeaktørar. Dei siste åra har ein fått eit tydelegare skille mellom bustader eigd av Solund kommune og bustader eigd av Solund bustadstifting og gått bort ifrå alle formar for framleige og kompensasjon for tapte leigeutgifter, men begge nyttar ressursar på administrasjon og vedlikehald som ein truleg vil ha gevinster av å sjå under eitt. Særleg med tanke på at ein del av følgjane av stiftingsformen som årsmøte og habilitetsreglane kompliserer administrasjonen. For potensielle leigetakarar er det også meir uoversiktleg med fleire ulike aktørar.

Situasjonen er ikkje unik for Solund kommune og frå 2023 endra Stortinget stiftelseslova med eit nytt kapittel 6 A slik at kommunale bustadstiftingar kan oppløysast på nærare vilkår. Denne moglegheita fell bort 31. desember 2028. Det er kommunestyret som er gjeve mynde til å oppløyse stiftinga, men det må fyst utarbeidast ein rapport, jf. stiftelseslova § 55 c. Stiftelsestilsynet kjem til å kontrollere at formkrava i stiftelseslova kapittel 6 A er følgde.

Stiftelseslova stil fylgjande krav til rapporten i § 55 c:

"Før kommunen treffer vedtak etter § 55 b, skal kommunen utarbeide en rapport om opphevelsen. Rapporten skal minst angi

- a. hvordan kommunen planlegger å bruke eiendelene i stiftelsen*
- b. konsekvenser for stiftelsens kreditorer*
- c. konsekvenser for ansatte i stiftelsen*
- d. hvordan stiftelsens eiendeler, rettigheter og forpliktelser skal overføres til kommunen*
- e. plan for gjennomføring av opphevelsen*
- f. fordeling av stiftelsens eiendeler, rettigheter og forpliktelser dersom stiftelsen er opprettet av to eller flere kommuner, eller dersom oppretterkommunen har opphørt å eksistere.*

Som vedlegg til rapporten skal følge stiftelsens vedtekter, siste årsregnskap og eventuell årsberetning og revisjonsberetning for stiftelsen. Det samme gjelder mellombalanse for stiftelsen, dersom rapporten utarbeides mer enn seks måneder etter balansedagen for det senest fastsatte årsregnskapet.

Kommunen skal forelegge rapporten med vedlegg for styret og eventuelle ansatte i stiftelsen for uttalelse. Fristen for uttalelse etter første punktum skal være minst fire uker.

En uttalelse fra styret i stiftelsen skal inngå i saksdokumentene ved den videre behandlingen i kommunen. Det samme gjelder uttalelser fra de ansatte eller representanter for de ansatte."

Styret i Solund bustadstifting fatta fylgjande vedtak i sak 9/24:

"Styret ber Solund kommune ta stilling til korleis ein kan samordne bustadmassen til bustadstiftinga og Solund kommune. Det er viktig at Solund kommune har ein heilskapleg bustadpolitikk og ser bustadbygging og utleige i ein samanheng.

Det vil i denne prosessen vere aktuelt å vurdere oppløysing av stiftinga."

Vurdering:

Kommunedirektøren er samd med styret i Solund bustadstifting i at det er viktig at Solund kommune har ein heilskapleg bustadpolitikk og at ein samordnar den totale kommunale bustadmassen. Ein kan tenke seg fleire organiseringar av bustadarbeidet i framtida. Både i og utanfor den kommunale organisasjonen. Men held ein fram med stifting som formen mister ein moglegheiten til å gjere endringar 31. desember 2028. Kommunedirektøren tilrår difor at ein nyttar moglegheita ein no har til å gå ut av stiftelsesforma og samstundes vurdere framtidig organisering. Å halde fram med utleige som ein del av den kommunale organisasjonen er nærliggande, men det kan være grunner til å skilje det ut som eit eige selskap eller liknande. Dette bør utgreiast nærare når ein utarbeider rapporten som må til for å oppløyse Solund bustadstifting.

VEDTEKTER FOR SOLUND BUSTADSTIFTING

Vedtekne i ekstraordinær generalforsamling den 16.02.1993 med tillegg i § 14 på ordinær generalforsamling den 27.04.1993, §5 på ekstraordinær generalforsamling den 08.11. 1994. § 4 på ekstraordinær generalforsamling den 02.05. 1995 og endra i styremøte den 22.11.2005 i samsvar med Lov 2001-05-15 nr. 59 – Lov om stiftelsar. Endra i styremøte 16.02.2012.

§ 1 Namn

Stiftinga sitt namn er Solund Bustadstifting. Stiftinga har sitt forretningskontor i Solund kommune

§ 2 Formål

Solund Bustadstifting er ein sjølveigande institusjon som er oppretta av Solund kommunestyre, og har som føremål å skaffe husvære for tidsavgrensa utleige utan eige økonomisk føremål.

Husværa vert skaffa ved oppføring eller kjøp av bustadar, og vert leigd ut utan innskot eller lån frå leigetakaren. Husvære kan og skaffast ved at stiftinga deltek i/eig burettslag.

Solund Bustadstifting skaffar husvære for eldre og trygda, og ved utleige av husværa vert eldre over 60 år og funksjonshemma prioritert.

Solund Bustadstifting skaffar og utleigebustadar. I utleigehusvære vert ungdom i etableringsfasen, einslege, flyktningar med opphaldsløyve på humanitært grunnlag og andre vanskelegstilte prioriterte ved utleige av husværa.

Utleige skal prioriterast til dei grupper som er nemnt i §1, 2.ledd så lenge det kvilar husbanklån på eigedomane.

For leigeforhold gjeld særreglane som avgrensar leigaren sin disposisjonsrett over husværet etter husleigelova § 41.

Styret kan fastsetje nærmare reglar for utleige av husvære, som til dømes om det er høve til å ta opp personar i eigaren sin husstand og høve til mellombels utleige eller framleige av husværet til andre enn slike som er nemnt i andre ledd når det er særlege grunnar for det.

Utgiftene med stiftinga si verksemd vert dekkja av leigeinntektene og eventuelle tilskot frå offentlege styremakter.

§ 3 Ny Grunnkapital

Stiftinga har ein grunnkapital på kr. 200.000,-.

§ 4 Styre

Styret er det øvste organ i stiftinga og består av 5 medlemmar. Styret og varamedlemar til styret vert valt av årsmøtet, jfr. §7. Styret si funksjonstid er 4 år. 2 medlemmar stillar til val kvart andre år. Eitt styremedlem kan maksimalt sitje 3 periodar. Styret vel sjølv leiar og nestleiar. Leiar og nestleiar skal veljast kvart år.

Eitt styremedlemane vert vald mellom leigebuarane etter at leigebuarane har hatt høve til å uttale seg. Varamedlemmar vert oppnemnt på same måte og vert vald i rekkefylgje.

Eit styremedlem vert ståande inntil ny medlem er valt, sjølv om tenestetida er ute. Jmf. Og Likestillingslova.

Når særlege grunnar ligg føre, har eit styremedlem rett til å tre attende før tenestetida er ute.

Eit styremedlem må vere myndig. Styremedlem må ikkje vere i konkurskarantene etter aksjelova sine reglar. Eit styremedlem kan ikkje vere ein juridisk person. Jmf. § 27 i Stiftingslova.

Stiftinga skal ha ein dagleg leiar (forretningsfører) som vert tilsett av styre. Leiaren kan også vere ein juridisk person t.d. eit bustadbyggjelag eller rekneskapsfirma.

Leiaren skal førestå den daglege leiinga og skal fylgje dei retningslinjer og pålegg som styre gjev.

Leiaren skal syte for at rekneskapsføringa er i samsvar med lov og vedtekter og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte. Den daglege leiaren skal alltid representere stiftinga ute i saker som fell innanfor leiaren si mynde.

§5 Styret si sakshandsaming

Styret skal forvalte stiftinga og det som vedkjem stiftinga og andre lover eller føresegner som regulerer verksemda. Styret gjer vedtak i møte. Styret er vedtaksført når meir enn halvdel av styremedlemane er tilstade og alle medlemmane har fått høve til å delta i handsaminga av saka. Som styret sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har røysta for. Ved like røystetal gjeld det som leiaren har røysta for.

Styret skal føre møtebok. Møteboka skal ha sidenr.

Møteboka skal innehalde dei vedtak som styret gjer. Tid og stad, vedtak og røystetal skal gå fram av møteboka. Møteboka skal lesast opp i møte. Møteboka skal skrivast under av møteleiaren. Kopi av møteboka skal sendast styremedlemane, og møteboka skal leggjast fram for godkjenning på komande styremøte.

§6 Representasjon ute.

Styret representerar stiftinga ute og teiknar stiftinga sitt namn (firma). Styret kan ved styrevedtak delegere stiftinga sin signatur til ein eller fleire styremedlemar, åleine eller i fellesskap. Slik fullmakt kan når som helst kallast attende.

§7 *Årsmøtet*

Solund kommunestyre som oppretta Solund Bustadstifting utgjer årsmøtet. Årsmøtet kan gjere vedtak når meir enn halvdel av medlemane stillar. Årsmøte må haldast innan utgangen av juni kvart år.

Årsmøtet har mynde til.

- 1. å velje styremedlemar.*
- 2. å fastsetje styremedlemane og styreleiar si godtgjersle. Godtgjersla skal stå i høve til det arbeidet som fylgjer vervet.*
- 3. å føre tilsyn med stiftinga si verksemd.*
- 4. å gje uttale om årsrekneskap og årsmelding.*
- 5. å vedta gransking.*
- 6. å velje revisor til stiftinga.*
- 7. å vedta omgjerjing av stiftinga etter forslag frå styret.*
- 8. å gje uttale til styre.*
- 9. å velje valnemnd.*

Det skal førast protokoll over årsmøtet si sakshandsaming. Protokollen skal minst vise tid og stad, deltakarar, handsamingsmåte og årsmøtet sine vedtak. Protokollen skal skrivast under av alle medlemane som deltek i handsaminga.

§ 8 *Revisor*

Stiftinga skal ha registrert eller statsautorisert revisor.

Revisoren skal ved datert påskrift attestere årsrekneskapen. Revisoren skal stadfeste at dei attesterte verdiane er tilstades så langt dette ikkje går fram av depotoppgåver frå bank eller saldooppgåver for bankinnskot.

Elles skal revisjonen utførast i samsvar med reglane i lov av 14. mars 1964 nr. 2 om revisjon og revisorar og forskrifter gjevne i medhald av denne lova.

§ 9 *Bokføring og formueforvaltning*

Stiftinga har plikt til å sjå til at bokføring og formueforvaltning vert underlagt trygg kontroll.

Rekneskapet skal fylgje kalenderåret og skal avsluttast 31. mars i det påfylgjande året.

Gjeldande rekneskapslov vert å legge til grunn.

Stadfesta årsrekneskap m/balanse og årsmelding skal saman med revisjonsmelding sendast rekneskapsregisteret i Brønnøysund innanfor dei fristar som rekneskapsregisteret fastset.

Stiftingstilsynet er stiftinga sitt øvste kontrollorgan.

§ 10 *Stiftinga sine eignelutar*

Stiftinga sine eignelutar skal haldast skilt frå andre midlar. Verdipapir skal overlatast til forvaltning i ein bank som er godkjent etter verjemålslova § 62, 3. ledd.

Kassabeholdning skal stå i bank eller på postgiro, bortsett frå midlar som trengs til daglege utbetalingar.

§ 11 Opphøyr

Ved opphøyr av stiftinga skal midlane nyttast til stiftinga sitt føremål eller til andre nær tilgrensa føremål.

Eide, den 16. februar 2012

Sveinung Kråkås
styreleiar

Fra: Gunn Åmdal Mongstad <Gunn.Amdal.Mongstad@solund.kommune.no>

Sendt: mandag 3. mars 2025 09:32

Til: Jens-Eivind Kobbeltvedt <Jens-Eivind.Kobbeltvedt@solund.kommune.no>

Kopi: Trond Osland <osland1@hotmail.com>

Emne: Framtidig organisering og samarbeid om bustadbygging, utleige og drift i Solund.

Til

Solund kommune.

Styret i Solund bustadstifting har over lengre tid hatt drøftingar med Solund kommune gjeldande framtidig organisering av bustadutleige og drift og gjorde i sak 9/24 slik vedtak:

Styret ber Solund kommune ta stilling til korleis ein kan samordne bustadmassen til bustadstiftinga og Solund kommune. Det er viktig at Solund kommune har ein heilskapleg bustadpolitikk og ser bustadbygging og utleige i ein samanheng.

Det vil i denne prosessen vere aktuelt å vurdere oppløysing av stiftinga.

Vi ber Solund kommune førebu sak som kan handsamast i kommunestyret og årsmøtet til SBS, og ser fram til vidare dialog i saka.

Mvh

Gunn Å Mongstad
styreleiar